



VOLDA KOMMUNE

MØTEINNKALLING

Utvalg: Formannskapet
Møtestad: Voldsfjorden, Volda rådhus
Dato: 13.06.2017
Tid: 12:00

Forfall skal snarast meldast til servicekontoret/utvalsekretær på telefon 70 05 87 00 eller postmottak@volda.kommune.no, som kallar inn vara. Varamedlemer møter difor berre etter eiga innkalling.

Folkevalde, både medlemer og varamedlemer, plikter å møte jf. kommunelova § 40 nr. 1, med mindre det ligg føre gyldig forfall.

Den som ønskjer å stille spørsmål om sin habilitet i ei sak, jf. forvaltningslova § 6 og kommunelova § 40 nr. 3, skal melde dette til utvalsekretær i god tid før møtet. Dette også grunna eventuell innkalling av varamedlem, jf. forvaltningslova § 8, 3. ledd.

Møtet er ope for publikum, med kan verte lukka ved handsaming av saker som inneheld informasjon som er unnateke offentlegheit.

Saksdokumenta er lagt ut til offentlig ettersyn på Volda kommune si heimeside <https://innsyn.ssikt.no/volda/dmb> og på servicekontoret.

Volda kommune
Jørgen Amdam



SAKLISTE

Saksnr.	Sak
PS 95/17	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 96/17	Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte
OS 94/17	Informasjon om Entlab/Kimen
PS 97/17	Planid 2016004 - reguleringsplan Hytteveg - Botnen i Austefjorden - gbr 74/2, 4 m.fl.
PS 98/17	PlanID 2016006 - Detaljreguleringsplan for Sevrinhaugen/Doktorhaugen gbr 19/24 mf.l.
PS 99/17	Planid 2016005 - ROS-analyse
PS 100/17	Campusutvikling - romprogram for kulturhus og kino – sambruk
PS 101/17	Opsjon EPC tiltak Voldahallen
PS 102/17	Månadsrapport april 2017
PS 103/17	Handelskuletomta - gbr 19/937 - Godkjenning av avtale
PS 104/17	Deltakarar i «Nettverk for folkevalte» i demokratiprojektet til Sunnmøre regionråd IKS
PS 105/17	Nye vedtekter og endra organisering for Søre Sunnmøre IKT
PS 106/17	Vedtaksoppfølging - rapport frå arbeidsgruppe
PS 107/17	Orienteringssaker
OS 95/17	Orientering til Formannskapet-Forureining i tomtegrunn på Rotset
OS 96/17	Nye Volda og Hornindal kommune - tildeling av skjønsmiddel til innovasjon og utvikling

PS 95/17 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 96/17 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte

OS 94/17 Informasjon om Entlab/Kimen



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Per Heltne	Arkivsak nr.:	2016/953
		Arkivkode:	2016004

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
97/17	Formannskapet Kommunestyret	13.06.2017

PLANID 2016004 - REGULERINGSPLAN HYTTEVEG - LØFOLL, DEL AV GBR 74/2, 4 M.FL.

Administrasjonen si tilråding:

Detaljreguleringsplan for planID 2016004- Hytteveg- Løfoll, del av gnr 74/2 og 4 m.fl, slik det går fram av plankart og føresegner datert 23.05.2017, vert godkjent i samsvar med reglane i plan og bygningslova §12-12.

Vedleggsliste:

Justert plankart datert 23.05.2017.

Justerte føresegner datert 23.05.2017

Merknader ved offentlig ettersyn.

Formannskapssak 34/17, den 13.03.2017. med vedlegg.

(Planomtale, plankart, Illustrasjonsplan, reguleringsføresegner, sjekklister ROS, lengdeprofil vegar, utsnitt 3-D modell m.v)

Uprenta saksvedlegg:

Referat oppstartsmøte

Jordskiftesak

Saksopplysningar/fakta:

Det har i lang tid vore drøftingar mellom grunneigarar og hytteeigarar i området ved Løfoll, gnr 74 m.fl., korleis ei meir tidsmessig løysing for vegvedlikehald og tilkomst og parkering for etablerte hytter i området skal kunne sikrast.

Saka vart fremja med krav til handsaming for Jordskifteretten av tidlegare eigar av gnr 74/1- Rolf Botn, den 10.05.2007.

Saka har sidan dette vore til handsaming som Jordskiftesak fram til den vart avslutta den 24.11.2014. Ankefrist var sett til 15.01.2015, og ingen av partane har anka saka.

Jordskiftesaka er såleis endeleg og bindande for partane.

Det er i saka oppnemnt vegstyre og styringsgruppe for reguleringsplanarbeid.

I jordskiftesaka heiter det såleis:

" Sams tiltak:

Utarbeiding øv reguleringsplan for området vist i førebels jordskiftekart 16.06.2010. Jordskifteretten vedtek at det skal utarbeidast reguleringsplan for området vist i førebels jordskiftekart 16.06.2010.

Jordskifteretten utpeikar Edvin Løfoll, Line Homberset og Håvard Botn til styringsgruppe for utarbeiding av reguleringsplan. Styringsgruppa konstituerer seg sjølv. For gyldig vedtak krev ein at minst to i styringsgruppa stemmer for Styringsgruppa får fullmakt til å inngå avtale med arealplanleggjar for utarbeiding av reguleringsplan. Styringsgruppa skal også vere arbeidsgruppe for planarbeidet.

Planarbeidet skal vere oppstarta innan 6 månader etter at saka er rettskraftig.

Styringsgruppa skal føre rekneskap for planarbeidet og skal krevje inn tilskot frå interessentane i samsvar med fordelinga ovanfor. I samband med det har styringsgruppa - om naudsynt - fullmakt til tvangsinnndriving.

Når reguleringsarbeidet er ferdig skal spørsmål om gjennomføring av reguleringsplanen som sams tiltak etter jordskiftelova handsamast av jordskifteretten under sak nr. 1510-2014-0035.

Sak nr. 1510-2007-0011 blir avslutta i dette møtet.

Spørsmålet om sams tiltak for bygging av ny veg til fritidseigedomane i området vert overført til ny sak med saksnr. 1510-2014-0035. Denne saka vert utsett til reguleringsarbeidet er ferdig."

Styringsgruppa har engasjert plankonsulent firma P. Mulvik as til å fremje reguleringsplan ut frå tilrådinga i Jordskiftesaka, kartgrunnlag datert 16.06.2010.

Planframlegg vart etter varsla oppstart utarbeidd i samsvar med reglane i Plan og bygningslova kap. 12.

Framlegg til plan vart etter gjennomført planprosess fremja for handsaming i kommunen ved oversending den 29.11. 2016.

Volda formannskap handsama saka den 21.02.2017 som sak PS 34/17, og det vart gjort slikt vedtak: *"Framlegg til detaljreguleringsplan for planID 2016004- Hytteveg- Botnen i Austefjorden, del av gnr 74/2 og 4 m.fl, slik det går fram av planomtale, plankart og føresegner datert 28.11.2016, vert fremja og vert å legge ut til offentleg ettersyn i samsvar med reglane i plan og bygningslova §12-10, jf §12-11."*

Offentleg ettersyn vart gjennomført i perioden 15.03.2017 til 27.04.2017.

Innanfor gjeldande merknadsfrist er det motteke fylgjande innspel til saka:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, brev av 25.04.2017:

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde ingen merknader.

Møre og Romsdal fylkeskommune, brev av 26.04.2017:

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde ingen særskilte merknader.

NVE - epost den 6.04.2017:

NVE har ingen merknad til planen.

Jarle Håvik og Øystein Håvik gnr. 74/5,10, brev av 14.03.2017:

"Vi har tidlegare hatt merknader til planen for veg til hyttene på Løfolla. Det har vi gitt uttrykk for i brev til Jordskifteretten, 12/4-2012 og til Per Mulvik a/s, 18.08.16.

Innvendingane frå vår side gjeld særleg framføring av vegen til hytta på 74/7 (Bjørdal/Ose).

Vi har vanskeleg for å skjønne kvifor denne vegen må gjerast så lang. Trafikken til denne hytta

vil etter planen passere hytta på 74/8 (Åslid) og sidan 74/9 (Hamre). Langs denne strekninga er det areal som det kan bli bygd hytter på i framtida.

Vidare er vegen etter planen ført 10-12 meter langs byte på 74/5,10 (Håvik) og endar alt for nær inngangspartiet til hytta vår.

Det mest logiske må være å la vegen til hytta på 74/7 (Bjørdal/Ose) gå frå krysset ved 74/1 (Berg-Rusten) og kortaste og greiaste veg ned til hytta. Vi vil elles understreke at tilkomsten til vår hytte må vere øvst på tomta og ikkje slik planen viser.

Vonar de tek omsyn til denne merknaden i det vidare arbeidet med detaljreguleringa."


Kommentar:

Merknaden er omlag likelydande som innspel til planoppstart og som er referert og vurdert i samband med utarbeiding av endeleg planframlegg. jf. planomtale.

Den aktuelle tomta er relativt stor, (ca 1.3 da) og vert ikkje i det heile råka av sjølve vegen eller vegframføringar til nokon av dei andre hyttetomtene. Slik vegen til 74/7 er lagd vil 74/5 kunne legge veg inn på si tomt på det terrengnivå dei finn mest tenleg, også øvst på tomta om dei finn dette som beste løysing for eigen del.

Eg viser elles til at planlagt veg også skal gje utgangspunkt for vidareføring av skogsveg, og dei vurderingar som er gjort i plan og i Jordskiftehandsaming om terrengmessig tilpassing, omsyn til attverande eigedomar og tenleg tilkomst for alle hyttetomter.

Merknaden gir ikkje grunn til endringar i plan.



Rolf Botn, brev av 15.03.2017:

"Viser til forslag om å legge hytteveg inn på gnr/bnr. 74/1. Årsaka til vidareføring av vegen er dei 6 hyttetomtene som gnr/bnr74/4 har selt. Om ikkje dette var gjort, ville det ikkje vere behov for denne vegen. Når gnr/bnr 74/4 har selt hyttetomter og har flere mulegheiter til å vidareføre hyttevegen på eigen grunn, finn eg det svært urimelig at gnr/brn 74/1 skal stille matjord til dette formålet. Det må nesten gnr/bnr 74/4 ordne opp i sjølv. Det bør vere eit viktig mål å bevare mest mogleg dyrka jord for matproduksjon, noko som blir meir og meir aktuelt."

Kommentar:

Det er 74/1 som har fremja saka for jordskifte. Vurderingane av fordelar og ulemper ved planlagde løysingar for dei einskilde eigedomane er her vurdert og konkludert.

Reguleringssaka skal ikkje vere "omkamp" i høve til avgjerd i jordskiftesaka.

Det er ved planlagt vegløysing svært avgrensa med dyrka mark som vert lagt beslag på. Eg viser elles til merknad nedanfor frå ny eigar på 74/1.

Håvard Botn, brev av 15.04.2017:

"Punkt 1. Feil bruksnummer er brukt i kartet i saksframlegg. Det står bruk 74/4 på bruk 74/1 sin eigedom. Det må rettast opp. (Vist som punkt 1 i vedlegg 2)

Punkt 2. Eksisterande veg flyttast om lag 4 meter vestover, frå grensa mellom bruka 74/1 og 74/4 til sør om møteplass/ parkeringsplass, ved naustet til 76/1. (Vist som punkt 2, i vedlagt kart vedlegg 3). Ein oppnår då fylgjande: Bruk 74/1 får då vegen litt vekk frå naustområdet,

samtidig som området kan brukast til båtopptrekk, parkeringsplass og vinterlagring av flytebrygge etc. (Vist som skravert området i vedlegg 6). Vegen blir 4 meter kortare og litt rettare. Innkjørsel til bruk 74/4 blir slik den var før vegen vart omlagd kring 1990 og blir ikkje forringa.

Punkt 3. Den nye hyttevegen må trekkast så nær garasjen til bruk 74/4 som praktisk mulig, slik at området mellom garasje til bruk 74/4 og den nye vegen på bruk 74/1 sin eigedom forsvinn, eller fyllest igjen. Området er for lite til noko uansett. (Vist som punkt 3 i vedlegg 4)

Punkt 4. Vatnet frå vegaveita over bruk 74/2 må ikkje veitast inn på bruk 74/1. Då må det eventuelt leggst i rør for å unngå eit myrområde sør for vegen. (Vist som punkt 4 i vedlegg 5.)"

Kommentar:

Pkt. 1- feil gbnr i kartet. Dette skuldast ein feil i grunnkartet og vert retta opp av kommunen.



pkt. 2 - i samråd med eigar av 74/1, 74/4 og 76/1 er det utarbeidd justert planløyising i dette området som alle desse partane er samde om. Dette gir ei løysing der ny veg er vidareført som direkte lenging av eksisterande veg, og flytt lenger vekk frå naustområdet. Naustområdet og 74/4 får då avkøyring til denne vegen. jf ny planløyising.

Punkt 3. Etter som den justerte løysinga er akseptert av partane i området er avstanden til garasjen redusert så langt det er praktisk mulig. Attverande areal mellom veg og garasjetomt må planerast ut og tilpassast nivå for ny veg.

Punkt 4. Detaljar knytt til vatn frå terreng og veggrofter er ikkje detaljfastsett i reguleringsplan. Dette og omsyn til kor mykje areal som no går med frå 74/1 må nærare avklarast gjennom byggeplan for vegen og tilhøyrande avslutning i jordskiftesaka. jf slutning i jordskiftesaka der det heiter:

"Når reguleringsarbeidet er ferdig skal spørsmål om gjennomføring av reguleringsplanen som sams tiltak etter jordskiftelova handsamast av jordskifteretten under sak nr. 1510-2014-0035.

Sak nr. 1510-2007-0011 blir avslutta i dette møtet. Spørsmålet om sams tiltak for bygging av ny veg til fritidseigedomane i området vert overført til ny sak med saksnr. 1510-2014-0035. Denne saka vert utsett til reguleringsarbeidet er ferdig."



Eivind Åslid og Liv Godager, gnr.74/8,12, brev av 27.04.2017:

"Vi forstår ikkje kvifor framføringa av vegen til eigedom 74/7 skal gå forbi 74/8,12 og 74/9. Vi meiner det vil meir naturleg at vegen som går til 74/6 bør fortsette også til eigedom 74/7. Det vil også føre til mindre trafikk for oss (74/8-12 og 74/9) som har vegen så tett inn til inngangsdørene våre."

Kommentar:

Val av vegløyising for området har vore under handsaming i jordskiftesak over fleire år. Her har ulike vegtrasear og løysingar vore vurdert og partane sine interesser knytt til dei ulike alternativ har vore vurdert og søkt teke omsyn til.

Planlagt veg skal også gje utgangspunkt for vidareføring av skogsveg. Vidare er det gjort vurderingar av jordskifteretten som går på terrengmessig tilpassing, omsyn til attverande eigedomar og at vegen skal gje tenleg tilkomst for alle hyttetomter.

Eg finn å kunne gje tilslutnad til den vegløyisinga som ein her har kome fram til, og som vart utlagt til offentleg ettersyn. Den øvre vegen ligg lett og fint i terrenget og vil gje terrengmessig skånsam løysing både for eksisterande tomter og med tanke på eventuell tilkomst for attverande areal.

Ei vidareføring av den nedre vegen forbi 74/6 og 74/7 og eventuelt heilt fram til 74/5 vil gje betydeleg større terrengingrep og vert frårådd.

At partane gjennom jordskiftesaka er pålagt å fylgje opp ei slik løysing må også kunne vektleggast.

Merknaden gir ikkje grunn til endringar i plan.

For sameiget 74/6- Erik Staurset Andresen, brev av 26. 04.2017:

"På vegne av sameiget 74/6 ynskjer eg å inngi merknadar til støtte for planframlegget. Framtidsretta tilkomst til eigedomane for alle partar.

Vegtilkomsten til hytteeigedomane vil gi ei framtidsretta og varig løysning på dei parkeringsproblema som er i området. Samtidig vil vegtraseen slik den kjem fram i planframlegget leggje til rette for at også eigar av 74/1 får lagt til rette for betre parkeringsløysingar for eige naust og parkeringsrettar for nabonaust. Jordskifteretten skriv at:

"Retten finn at den beste vegløyisinga i starten vil gå over ein mindre del av dyrkaarealet til gnr. 74/1. Restarealet mellom den nye vegen og grensa mot gnr. 74/4, kan då med fordel nyttast som parkeringsareal for gnr. 76/1 ved bruk av nausttomta. Eigar av gnr. 76/1 har opplyst at han kan godta ei slik løysing. Eigar av gnr. 74/1 får då frigjort parkeringsareal i strandsona."

Det skal også nemnast at det ikkje berre er tomter utskilt frå 74/4 som vil få nytte av vegen. 74/1 har også skilt ut tomter frå eigen grunn, mellom anna 74/1/1. Denne eigedomen vil også ha nytte av vegen sjølv om størsteparten av vegen går utanfor 74/1. Det er også skilt ut ei tomt lenger ut på neset (74/15) frå 74/1. Sjølv om denne tomta etter det opplyste har vegtilkomst frå Hamre, vil det være kortare avstand frå vegløyisinga i planframlegget enn eksisterande veg frå Hamre. Det kan derfor ikkje utelukkast at også denne eigedomen i framtida vil ynskje å erverve rett til å bruke vegløyisinga. I tillegg har Jordskifteretten lagt til grunn at 74/1 vil ha nytte av vegen, derfor er det heller ikkje urimeleg at eit mindre stykke av vegen blir lagt inn på 74/1.

Hoveddelen av vegen vil, som det går fram av planframlegget, gå over andre eigedomar enn 74/1.

Jordskiftevedtaket er rettskraftig. Ingen av partane, heller ikkje eigar av 74/1 der starten på vegtraseen går over eigedomen, har anka Jordskifteretten sitt vedtak. Dersom nokon av partane hadde innvendingar til trasévalet måtte jordskiftevedtaket angripast ved anke.

Reguleringsprosessen er ikkje meint for å overprøve den enkelte parts val om ikkje å anke jordskiftevedtaket. Kommuna bør derfor leggje til grunn løysinga i jordskiftevedtaket som slår fast kva som er best trasèval.

Langvarig problem med tilkomst og parkering. Det er snart 10 år sidan saka kom inn for Jordskifteretten. Både før og etter saka for Jordskifteretten har manglande vegtilkomst og svært avgrensa parkeringstilhøve vore eit problem. Tilkomsten er særleg utfordrande med barnevogn og for personar som er dårleg til beins. Like eins er det utfordrande å frakte varer og utstyr til og frå området.

Trygging av tilkomst ved brann og akutt sjukdom. Vegtilkomst til området vil ha stor betydning ved brann eller andre alvorleg ulukker eller akutt sjukdom. Når det oppstår ein naudsituasjon er det avgjerande at naudetatane kjem raskt fram med menneskap og utstyr. Jordskifteretten har fagkompetanse. Ved vurderinga av planframlegget må det leggast til grunn at traseen utarbeidd av Jordskifteretten er gjort ut frå jordskiftefaglege vurderingar etter ei samla vurdering, og av innspel frå partane. Igjen vil eg minne om at ingen av partane har nytta ankeretten.

Avslutning. Me vonar at saka snart kan løysast ved at eigedomane får vegtilkomst. Manglanda godkjenning av planframlegget vil vidareføre eit stort parkeringsproblem og utgjere ein tryggingsrisiko ved brann, ulykker og akutt sjukdom."

Kommentar:

Merknaden tilfører ikkje saka nye moment. Merknaden gir ikkje grunn til endringar i plan, men understrekar at det no er viktig å kome til slutthandsaming av saka og at ein ikkje utan planfaglege gode grunngevingar gjer endringar som skiplar det rettsgrunnlaget som ein har kome fram til gjennom lang tids handsaming i jordskifteretten.

Ingunn og Arild Iversen, 73/4, brev av 25.04.2017:

"Syner til vedtak i formannskapet frå 21.02.17 om å legge framlegg til reguleringsplan ut til offentleg ettersyn. Som eigarar av gbr 73/4 har vi fått saka til uttale.

Planframlegget byggjer direkte på jordskiftesak og dom som omhandla tilkomstveg til hytteområdet. Vår eigedom grensar ikkje direkte til areal omfatta av planframlegget. Når vi likevel har fått planen til uttale, reknar vi med at det skuldast at vi var part i jordskiftesaka. Eksisterande veg langs sjøen som var ein del av jordskiftesaka, går gjennom vår eigedom og til det området som no vert søkt regulert. Det er ikkje urimeleg at ein i framtida vil gjere tiltak også på denne delen av tilkomstvegen der ein på same måte kan legge jordskiftesaka til grunn.

I fylgje Lov om planlegging og byggesaksbehandling § 3-2 ligg ansvaret for planlegging etter lova til kommunestyra, regionale planmynde og Kongen. Offentlege organ og private har rett til å fremje planforslag.

I forslag til reguleringsplan frå Mulvik og i den administrative saksførebuinga frå Volda kommune kan ein lese at vegtraseen er avklara gjennom gjennomført jordskiftesak og at omsynet til naboar/andre grunneigarar er avtala her.

Både i jordskiftesaka og i innspel til Mulvik går det fram at det er motstridande interesser i saka. Slik vi oppfattar dette er det kommunen som er planmynde og som administrativt og til sist politisk fritt kan ta stilling til framlegg til nye reguleringsplanar. Dette inkluderer i denne saka val av vegtrase. I det politiske ordskiftet som var referert i lokalavisa kan det sjå ut til at dette ikkje var tydeleg som grunnlag for den politiske handsaminga. Før ein går vidare i planarbeidet ber vi om ei prinsipiell juridisk vurdering av kommunen som lokalt planmynde og om jordskiftedommen er bestemmande for trasevalg og løysingar i etterfølgjande reguleringsplanarbeid. For at saka skal vere tilstrekkeleg opplyst for kommunestyret er det nødvendig at dette grunnlaget for reguleringsplanen er godt avklara."

Kommentar:

Forslag til reguleringsplan er fremja som privat planframlegg i samsvar med reglane i PBL §12-11.

Som det går fram av Jordskiftesaka er dette ei slutning som er privatrettsleg bindande for partane. Det er også gitt føringar for korleis dette vedtaket skal fylgjast opp og oppnemnt ansvarleg styringsgruppe for gjennomføring.

Ansvaret for handsaming av planer etter PBL ligg til kommunen, ved Formannskap og Kommunestyre.

Desse står fritt til å avvise eit privat planframlegg om dette ikkje er tilfredstillande fagleg eller strir mot andre interesser, som t.d. omsyn til natur og miljø, omsyn til landbruksinteresser, omsyn til kulturminne, omsyn til ålmenne interesser, overordna viktig infrastruktur m.v.

Om kommunen finn at det framlegg til vegløyising som jordskifte har lagt til grunn ikkje kan akseptert sett ut frå omsyn til slike andre interesser, eller ut frå teknisk- og planfaglege nivå, kan planframlegget avvisast. Det kan også avvisast og leggast føringar for vidare arbeid.

I dette høvet har administrasjonen gjennom fagleg vurdering funne at den løysinga som jordskifteretten har lagt fram er ei tenleg løysing for området.


Dei andre alternativa som har oppe til handsaming i jordskiftesaka, og som no også vert nemnt i partsinnspel, er også vurdert av kommunen utan at ein har funne at desse vil gje betre løysingar enn den som no er lagt til grunn.

Snarare finn ein at einskilde alternative framlegg vil vere meir uheldig, særleg sett i høve til samla terrenginngrep for området.

Samla sett har ein no, slik også jordskifte har konkludert, kome fram til ei samla god løysing for alle partar i området.

Gjennom planprosessen har det heller ikkje kome fram nye moment av planfagleg karakter som gir grunn til endra haldning til saka.

Merknaden gir ikkje grunn til endringar i plan.



Etterfylgjande høyring av justert planframlegg:

(endring ved starten på ny veg/omlegging av del av eksisterande veg):

Forslag til endra planløyising slik innlagt i framlegg til justert plan er sendt over til direkte røyrdte partar og landbrukskontoret, fylkeskommunen og fylkesmannen for uttale.

Jf. kommunen sin oversending datert 29.05.2017.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, brev av 1.06.2017

Justert etter 1. gangsoffentleg ettersyn- Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde ingen merknader.

Møre og Romsdal fylkeskommune, e-post den 30.05.2017:

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut i frå sine ansvarsområder ingen særskilte merknader til justeringa av traseen, ved avgrensa ettersyn. Vi ber elles om at ein er varsam ved opparbeiding av tiltak og meldar i frå ved eventuelle funn som kan vere av arkeologisk interesse.

Landbrukskontoret Ø/V, epost:

Syner til nytt framlegg i høve hytteveg Løfold. Framlegget vil forbruke noko meir dyrka jord frå 74/1. Syner til merknad nr 3 frå eigar av 74/1, der det vert bedt om å flytte vegen mest mogleg mot bytet mellom bnr 1 og 4 (garasjen). Dersom ein kan unngå at her vert att restareal så vil det vere klart best. Rår difor til at ein flyttar veglina mot NNV, dersom det er mogleg ut frå vegtekniske krav.

For 76/1, Hege Slåttelid/Tormod Slåttelid, e-post 31.05.2017

Vi eigara av 76/1 har ingen innvendinger mot det nye planforslaget. Vi ser det som positivt då det vil frigji plass rundt nausta. Vi har og eit ynskje om å delta i opparbeidinga av ein båtutsettingsrampe, viss / eventuelt når, det blir iverksatt.

Edvin Løfoll, e-post datert 23.05.2017:

Eigar av 74/1 har kome med framlegg til endring av starten på den nye vegen. Underteikna støttar framlegget og ser det som ei betre løysing enn det opprinnelege i saka. Det medfører i liten grad beslag av dyrka mark, men gjev 74/1 (også 76/1) langt betre tilhøve kring naust og sjøline. Det er viktig med tanke på bruken av eigedomane og gjev etter mi oppfatning ei langt meir framtidsretta løysing. For 74/4 (min teig) vil endring av vegen føre til at vegen til tunet vert om lag slik det var for ein del år sidan og vert godt tenleg for min eigedom.

Alle partar og høyringsinstansane har såleis gitt tilbakemelding om at dei ikkje har merknader til endringa. Kopi av tilbakemeldingane ligg ved saka. Endringa er såleis vurdert som positiv sett i høve til andre interesser og vert tilrådd godkjent.

Helse og miljøkonsekvensar:

Er vurdert og avklara gjennom planprosessen.

Økonomiske konsekvensar:

Ingen kjende for kommunal økonomi.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Veg fram til hyttene vil gje tryggleik for brukarane og betre løysingar knytt til akutte situasjonar som brann, sjukdom m.v.

Vurdering og konklusjon:

Planframlegget er gjennomført i samsvar med gjeldande reglar i plan og bygningslova og planinnhaldet er tilfredsstillande framstilt og illustrert.

Ut frå innspel ved offentleg ettersyn og etterfylgjande gjennomgang med aktuelle grunneigarar, har vi funne det rett å gjere mindre endringar i plan.

Som plannamn er nytta teksten " PLANID 2016004 - REGULERINGSPLAN HYTTEVEG - BOTNEN - GBR 74/2, 4 M.FL. "

Etter innspel har ein funne det rett å endre dette til " PLANID 2016004 - REGULERINGSPLAN HYTTEVEG - LØFOLL - GBR 74/2, 4 M.FL", etter som vegen i hovudsak ligg på gardane Løfoll sitt areal, og dette er også tekst-tittel nytta i Jordskiftesaka.

Eg viser elles til omtalen i høve merknad frå eigar av gbnr 74/1, ovanfor og tilhøyrande endra vegføring i startområdet frå eksisterande veg som no er lagt inn i justert plankart datert 23.05.2017.

Endringa er godt motteken av alle partar og har gitt ei betre vegløyning.

Også landbruksmynde, (jf uttale frå Fylkesmannen) har funne endringa akseptabel, sjølv om det går med noko meir dyrka mark til omlegging av eksisterande veg.

I planføresegnene er det gjort mindre oppretting av språkleg karakter.

(feil nemning for anna trafikkareal sett i høve til kart/tittelfelt, og nokre skrivefeil).

Justert planføresegner er datert 23.05.2017.

Endringane er små og av slik karakter at det ikkje gir grunn til ny utlegging av plan.

Justert plan kan såleis slutthandsamast og vert tilrådd godkjent.

Rune Sjurgard

Jørgen Vestgarden

Utskrift av endeleg vedtak:

Går etter handsaming i kommunestyret til sektor Utvikling - plan, for kunngjering av planvedtak. Jf. plan og bygningslova §12-12.

Kopi:

P. Mulvik as

Erik Staurset Andresen Kronstadveien 23 A, 5053 Bergen 74/6 erik.s.andresen@gmail.com

FORSLAGSSTILLAR:
ERIK S. ANDRESEN M.FL

PLANOMTALE:

FRAMLEGG TIL DETALJREGULERING FOR:

Hytteveg Løfold i Austefjorden gbnr.

74/2,4 m.fl – Volda

PlanID: 1519-2016004

DATO 25.05.2017



Innhold

1	SAMANDRAG.....	3
2	BAKGRUNN	3
2.1	Målet med planen	3
2.2	Forslagsstillar, plankonsulent, eigarforhold	3
2.3	Tidlegare vedtak i saka	3
2.4	Utbyggingsavtalar	3
2.5	Krav om konsekvensutgreiing	3
3	PLANPROSESSEN	3
3.1	Medverknad, varsel om oppstart ev. planprogram	3
4	PLANSTATUS OG RAMMER	5
4.1	Overordna planar	5
4.2	Gjeldande reguleringsplan	5
4.3	Tilgrensande planar	5
4.4	Temaplanar	5
4.5	Statlege planretningslinjer/rammer/føringar	5
5	SKILDRING AV PLANOMRÅDET – EKSISTERANDE TILHØVE.....	5
5.1	Lokalisering	5
5.2	Dagens arealbruk og tilstøytande arealbruk	7
5.3	Stadens karakter	7
5.4	Landskap	7
5.5	Kulturminne og kulturmiljø	8
5.6	Naturverdiar	8
5.7	Rekreasjonsverdi/-bruk, uteområde	8
5.8	Landbruk.....	8
5.9	Trafikkforhold	9
5.10	Barn sine interesser.....	9
5.11	Sosial infrastruktur.....	9
5.12	Teknisk infrastruktur	9
5.13	Grunnforhold.....	9
5.14	Støyforhold	10
5.15	Luftforureining.....	10
5.16	Risiko og sårbarheit (eksisterande situasjon)	10
6	SKILDRING AV PLANFRAMLEGGET	10
6.1	Planlagt arealbruk.....	10
6.2	Gjennomgang av aktuelle reguleringsformål.....	10
6.3	Parkering	11
6.4	Tilknytting til infrastruktur.....	11

6.5	Trafikkløysing	11
6.6	Miljøoppfølging	11
6.7	Landbruksfaglege vurderingar.....	12
6.8	Kulturminne	12
6.9	Rekkefølgjekrav.....	12
7	VERKNADER AV PLANFRAMLEGGET	12
7.1	Overordna planar.....	12
7.2	Landskap og omgjevnader	12
7.3	Staden sin karakter.....	12
7.4	Estetikk	13
7.5	Kulturminne og –miljø, ev. verneverdi	13
7.6	Tilhøvet til naturmangfaldslova.....	13
7.7	Rekreasjonsinteresser/rekreasjonsbruk/uteområde.....	13
7.8	Trafikkforhold	13
7.9	Barn sine interesser.....	13
7.10	Universell tilgjengelighet.....	13
7.11	ROS	13
7.12	Teknisk infrastruktur	13
7.13	Økonomiske konsekvensar for kommunen	13
7.14	Konsekvensar for næringsinteresser.....	14
7.15	Interessemotsetnader/konflikttema	14
7.16	Avveging av verknader	14
8	KONSEKVENsutGREIING	14
9	INNKOMNE INNSPEL	14
9.1	Innspel (samandrag med kommentar)	14
9.1.1	Statens Vegvesen (28.06.2016).....	14
9.1.2	Fylkesmannen i Møre og Romsdal (25.11.2015).....	14
9.1.3	Møre og Romsdal fylkeskommune (12.08.2016 og 13.09.2016).....	15
9.1.4	Landbrukskontoret Ørsta/Volda (23.11.2015).....	15
9.1.5	Mørenett (28.07.2016).....	15
9.1.6	Håvard Botn (14.08.2016).....	15
9.1.7	Rolf Botn (15.08.2016)	16
9.1.8	Jarle Håvik og Øystein Håvik (gbnr. 74/5, 74/10 – datert 20.08.2016 og 14.10.2016).....	16
10	AVSLUTTANDE KOMMENTAR	16

Vedlegg:

1. 2344_01 Plankart
2. 2344 Reguleringsføresegner
3. 2344 Referat frå oppstartsmøte
4. 2344 Varslingsbrev
5. 2344 Annonse
6. 2344 Sjekkliste ROS
7. 2344 Innspel/merknader til planoppstart
8. 2344_911 Illustrasjonsplan
9. 2344_201 Lengdeprofil f_SKV1 (illustrasjon)
10. 2344_202 Lengdeprofil f_SKV2 (illustrasjon)
11. 2344 Utsnitt frå 3D-modell (Illustrasjon)
12. 2344 Utsnitt frå illustrasjonsplan

1 SAMANDRAG

Per Mulvik AS fremjar på vegne av Erik S. Andresen med fleire justert framlegg til detaljreguleringsplan for hytteveg på gnr. 74 bnr.2, 4 m.fl på Løfold i Austefjorden – Volda kommune. Planframlegget er utarbeidd på bakgrunn av mellombels kart utarbeidd av Søre Sunnmøre Jordskifterett. Namnet på planen er «Hytteveg Løfold – gbnr.74/2,4 m.fl» og nasjonal arealplanid: 1519-2016004.

Framlegget er justert etter 1.gangs offentlig ettersyn.

2 BAKGRUNN

2.1 Målet med planen

Planområdet er uregulert og i kommuneplan/kommunedelplan for kystsona (PlanID: 2003001) utlagt til LNF-område. Formålet med planarbeidet er å leggje til rette for opparbeiding av enkel køyrbar hytteveg til hytter og eigedomar i samsvar med vedtak i Søre Sunnmøre Jordskifterett sak.nr.1510-2007-0011-Løfold. Det er der sett krav om utarbeiding av reguleringsplan. Bakgrunnen for saka er eit ynskje om å få bort dagens trafikk og parkering i og ved tunet på gbnr.74/4.

2.2 Forslagsstillar, plankonsulent, eigarforhold

Forslagsstillar er Erik S. Andresen m.fleire med Per Mulvik AS som plankonsulent. Tiltaket berører fleire eigedomar – jfr. naboliste.

2.3 Tidlegare vedtak i saka

Ingen.

2.4 Utbyggingsavtalar

Det vert ikkje inngått utbyggingsavtale med kommunen.

2.5 Krav om konsekvensutgreiing

Tiltaket er vurdert etter forskrifta om konsekvensutgreiing i samsvar med Pbl kap.4. I samråd med kommunen konkluderer ein med at tiltaket er utan vesentlege konsekvensar for miljø og samfunn og at det ikkje er behov for konsekvensutgreiing – jfr. referat frå oppstartsmøte.

3 PLANPROSESSEN

3.1 Medverknad, varsel om oppstart ev. planprogram

Formell saksgang i samsvar med reglane i plan- og bygningslova ivaretek kravet om medverknad gjennom lovfesta høyringar og offentlig ettersyn. Det er ikkje sett krav om utarbeiding av planprogram.

Oppstartsmøte

Det vart halde oppstartsmøte med kommunen 31.05.2016 med drøfting av m.a følgjande tema:

- Utgangspunktet som jordskifteretten har lagt for arbeidet
- Plangrense og kva denne skal omfatte
- Vegbreidde
- Planstatus
- Konsekvensutgreiing
- Feil i kommunal kartbase
- Kulturminne
- Vurderingar i høve landbruk(skog, natur – og miljø, naturmangfaldslova.
- Krav til planmaterialet.

Referat frå møtet er vedlagt.

Varsel om oppstart

Varsel om oppstart vart annonsert ved varslingsbrev datert 22.06.2016 og annonse i avisa Møre 22.06.2016 med frist for innspel/merknader 22.08.2016. Varslingsbrev er vedlagt.

Innkome innspel

Innan fristen kom det inn totalt 8 merknader. Desse er vurdert, kort oppsummert og kommentert i planomtalen. Alle innspel til planoppstart er vedlagt.

Vidare saksgang

Etter handsaming av planframlegget i kommunen og vedtak om utlegging til offentleg ettersyn, vert framlegget sendt til berørte partar for uttale normalt med ein frist på 6 veker etter utsending.

Etter høringsfristen vert framlegg til reguleringsplan evnt. justert i samsvar med innkomne innspel før endeleg kommunal handsaming. Nedanfor er ei enkel oversikt over planprosess med estimert framdrift (avheng m.a av merknader og kommunal sakshandsaming).


Planfase	Medverknad	Tid
Oppstartsmøte	Kommunen	31.05.2016
Varsel om oppstart av planarbeid, med annonse i avis, kunngjering på kommunen si nettside og varselbrev til berørte partar.		Varslingsbrev datert 22.06.2016 Kunngjeringsannonse 22.06.2016
Høringsperiode	Innspel/merknad til planoppstart,	Høringsfrist 22.08.2016
Utarbeiding av planforslag		August - november 2016
Oversending av planforslag til kommunen		November 2016
Kommunal handsaming om utlegging til offentleg ettersyn/høyring. (frist 12 veker)		Desember 2016
Offentleg ettersyn/høyring(6 veker)	Merknad til planforslag	Januar - mars 2017
Handsaming av merknader og ev. godkjenning av plan.		Mars - april 2017
Ev . endring av planforslag og nytt offentleg ettersyn.		
Godkjenning av planforslag (Kommunestyret)		Mai - juni 2017
Kunngjering av godkjent plan		Juni 2017

4 PLANSTATUS OG RAMMER

4.1 Overordna planar

Kommuneplanen sin arealdel /kommunedelplanar

Kommuneplan/kommunedelplan for kystsona (PlanID: 2003001) er gjeldande for planområdet. Gjeldande formål er LNF.



Figur 1 Utsnitt frå gjeldande kommunedelplan for kystsona

4.2 Gjeldande reguleringsplan

Planområdet er ikkje tidlegare regulert.

4.3 Tilgrensande planar

Planområdet grensar ikkje til nokon reguleringsplan.

4.4 Temaplanar

Ingen kjende temaplanar med relevans for saka.

4.5 Statlege planretningslinjer/rammer/føringar

Planarbeidet er basert på gjeldande plan- og bygningslov med forskrifter, rettleiingar samt andre aktuelle lover med forskrifter.

5 SKILDRING AV PLANOMRÅDET – EKSISTERANDE TILHØVE

5.1 Lokalisering

Lokalisering


Planområdet ligg i og ved eit etablert hyttefelt inst i Botnen mellom Follavatnet og Austefjorden. Frå Fyrde i Austefjorden følgjer ein Høydalsvegen (Fv651) og tek av på den kommunale Follavegen, Frå krysset ved gbnr.73/2 følgjer ein den private tilkomstvegen langs fjorden nordover til planområdet inst i Botnen. Denne vegen er smal og enkelt opparbeidd med grusdekke.



Figur 2 Oversiktskart med avmerkt planområde

Avgrensning og storleik på planområdet

Planområdet (svart stipla linje) utgjer om lag 3,0daa og er avgrensa som vist i kartutsnitt nedanfor. Planområdet er justert i høve 1.gangs offentleg ettersyn og inkluderer skjerings—og fyllingsutslag basert på vedlagte lengdeprofilar, normalprofilar og føreset tynt vegetasjonsdekke over fjell. Utlaga kan bli justert under utførelsen.



Figur 3 Planavgrensning – justert etter 1.gangs offentleg ettersyn.

5.2 Dagens arealbruk og tilstøytande arealbruk

Planområdet/vegen går gjennom dels dyrka mark, dels lauvskog – jfr. ortofoto nedanfor. Ein gjer merksam på at feil i kartgrunnlaget gjev inntrykk av at vegen ligg lenger vest – og dermed bandlegg meir dyrkajord – enn det som er realiteten. Kommunen er gjort merksam på feilen.



Figur 4 Ortofoto av planområde og omgjevnader (før justering etter off.ettersyn)

5.3 Stadens karakter

Struktur/estetikk/byform/eksisterande bebyggelse

Eksisterande bebyggelse består av garasje og våningshus på gbnr.74/4, elles frittliggande hytter og naust av til dels enkel standard. Om lag i austre grense av dyrkajorda renn ein bekk frå Follavatnet. Nedstrøms vegen er kvernhus og ishus restaurert/gjenoppbygt.

5.4 Landskap

Topografi og landskap

Planområdet er sørvendt der vestre del hellar mot Austefjorden. I aust dannar terrenget ein rygg med fall ned mot Follavatnet på eine sida og fjorden på den andre. Her er terrenget noko brattare og meir skogkledd. Om lag i overgangen mellom desse terrengformene renn ein liten bekk frå Follavatnet mot fjorden over til dels blankskurt fjell. Med unnatak av vestre halvdel av veglinja – som går i dyrka mark – er det eit generelt tynt jordsmonn og fjell i dagen mange stader. Austre del av området ligg i relativt tett skog (hovudsakleg lauvskog) og er noko meir kupert. Også her er det observert fjell i dagen.



Figur 5 Planområdet sett frå vest

Solforhold/lokalklima

Området er sørvendt og solrikt og etter det vi kjenner til utan lokalklimatiske tilhøve å ta særleg omsyn til.

Estetisk og kulturell verdi

Nord for planområdet ligg Follavatnet der det i tidlegare tider vart henta is til utskipping på Austefjorden. Restar av denne industrien finnast framleis i området og det gamle kvernhuset og islageret er nyrestauret.

5.5 Kulturminne og kulturmiljø

Ifølgje tilgjengelege kartbasar www.kulturminnesok.no og www.miljostatus.no er dei to kvernhusa langs bekken frå Follavatnet mot fjorden oppført i Sefrak-registret med meldeplikt ved riving/ombygging. Utover dette er det registrert to ruinar/husmurar frå før 1900 om lag i vegtraseen.

Fylkeskommunen sitt varsla krav om arkeologiske undersøkingar vart etter synfaring og prøvetaking med jordborr trekt tilbake pga svært tynt jordsmonn med berg like under.

5.6 Naturverdiar

I følgje kartbasar som www.naturbase.no er det ikkje registrert artar av forvaltningsinteresse i eller ved planområdet.

5.7 Rekreasjonsverdi/-bruk, uteområde

Planområdet ligg vakkert til mellom vatnet og fjorden i eit område som i kraft av å vere eit hyttefelt har høg verdi som rekreasjonsområde. Det går fleire stiar/ræser til hyttene i området.

5.8 Landbruk

I følgje www.naturbase.no består austre del av planområdet av skog med høg bonitet (lauvskog), medan vestre del er fulldyrka jord - jfr. utsnittet nedanfor.



Figur 6 Utsnitt fra naturbase.no

5.9 Trafikkforhold

Avkøyrslø/tilkomst til planområdet

Tilkomst frå Fyrde via Høydalsvegen (Fv651) og vidare kommunal veg Follavegen til krysset ved. gbnr.73/2. Herifrå vidare nordover via privat tilkomstveg langs fjorden. Denne vegen er svært smal (ca 2,5m) og enkelt opparbeidd med grusdekke.

Trafikkmengde

Svært liten belastning på vegen. Kun lokal trafikk til hyttene og våningshuset på gbnr.74/4.

Ulykkessituasjon og trafikktryggleik for mjuke trafikantar

Ingen kjende ulukkespunkt.

5.10 Barn sine interesser

Som hyttefelt er det opplagt at både barn og vaksne har glede av området.

5.11 Sosial infrastruktur

Om lag 3km til Fyrde sentrum.

5.12 Teknisk infrastruktur

Det går lavspennlinje i luftspenn gjennom området – jfr. kart frå Møre Nett.

5.13 Grunnforhold


Stabilitetsforhold

Oppslag i NGU sin kartbase syner at området består av morene. Ein føreset difor stabile grunnforhold. Det er også registrert mykje fjell i dagen.



Skredfare/flaumfare

NVE sine faresonekart syner at delar av planområdet ligg innanfor aktsemdområde for flaum. Aktsemdsona for snøskred og steinsprang ligg like utanfor planområdet i aust.



Figur 10 Utsnitt frå www.nve.no

5.14 Støyforhold

Ikkje relevant.

5.15 Luftforureining

Ikkje relevant.

5.16 Risiko og sårbarheit (eksisterande situasjon)

Fylkesmannen si sjekklister ved vurdering av risiko og sårbarheit er gjennomgått, signert og vedlagt. Gjennomgangen avdekte eitt punkt med trong for nærare utgreiing:

a) Er området utsett for snø-, jord-, steinskred eller større fjellskred?

Nedre del av planområdet grensar mot NVE sine aktsemdområde for flaum. Grunna tiltaket sin art er det ikkje gjennomført yttarlegare utgreiingar i høve dette.

6 SKILDRING AV PLANFRAMLEGGET

6.1 Planlagt arealbruk (justert etter off. ettersyn)

§12-5. Nr. 2 – Samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur	Areal (daa)
Køyreveggar (SKV)	1,25
Annan veggrunn – tekniske anlegg (SVT)	1,75
Sum	3,00

6.2 Gjennomgang av aktuelle reguleringsformål

Køyreveg (SKV1-SKV2)

SKV1 og SKV2 regulerast som private felles køyreveggar med høve til opparbeiding av avkøyrslar til eigedomane langs vegane, samt tilknytning for eksisterande landbruksveg. Plassering av avkøyrslar er ikkje avmerkt med symbol i plankartet då dette må skje på staden i samråd med den einskilde grunneigar. Vegar opparbeidast med enkel standard og grusdekke i 3m breidde. Fylkesmannen ønskjer ikkje bekken frå

Follavatnet lagt i kulvert under vegen, ein foreslår difor at vegen forbi dette området opparbeidast som betongdekke med nødvendig klaring under for bekket. Vedlagte lengdeprofilar samt skjering- og fyllingsutslag i plankartet er illustrasjonar basert på kommunalt grunnkart og at grunnforholda består av fjell med tynt jordlag i toppen. Vegen må tilpassast faktisk terreng og grunnforhold – det er difor høve til tilpasningar på staden for å minimere inngrepet.

Annan veggrunn – tekniske anlegg (SVT)

Nødvendig areal langs veg avsett til grøft, skjering/fylling, snøoplag etc. i tillegg kan sona nyttast til avkøyrsløp til tilstøytande eigedomar. Skjering og fylling utover regulert formål og inn på tilstøytande eigedomar tillatast. Kan bli justert i utførelsen.

6.3 Parkering

Antal, utforming og lokalisering av parkeringsplassar

Opparbeiding av parkeringsplassar på den enkelte eigedom. Plassering vurderast undervegs og i samråd med den enkelte hytteeigar.

6.4 Tilknytting til infrastruktur

Vatn og avløp

Overvatn førast til terreng via stikkrenner. Behovsretta plassering vurderast under bygging.

6.5 Trafikklysing

Køyretilkomst

Tilknyttast privat veg.


Utforming av vegar

Enkel opparbeiding med opne veggrøfter og 3m grusa køyrebane i samsvar med normalprofilar nedanfor. Forbi bekket frå Follavatnet som betongdekke over elveløp.

Normalprofil


f_SKV1 og f_SKV2

1:100



f_SKV1 (forbi bekk)

1:100



Eigdomsforhold

Vegane regulerast som private og felles for dei aktuelle eigedomane.

6.6 Miljøoppfølging

Det skal utvisast særskilt omsyn til omgjevnadane. Overskotsmasse transporterast ut av området til deponi. Jordskråningar tilsåast og terrenginngrep skal minimerast og tilordnast før det vert gjeve bruksløyve - jfr. rekkefølgekrav i føresegnene.

6.7 Landbruksfaglege vurderingar

Traseen følgjer i hovudsak Jordskifteretten sitt kart. Ein føreset at landbruksfaglege vurderingar og prioriteringar er gjort i samband med jordskiftesaka.

6.8 Kulturminne

Området ved bekkeløpet frå Follavatnet mot fjorden vert berørt som følgje av plan. NVE ønskjer ikkje at elva vert lagt i rør under vegen, det er difor lagt opp til at vegen forbi bekkens utførast som armert betongdekke med nødvendig klaring til berget slik at elva kan passere under. Ruinar i veglinja vurderast å vere utan kulturell verdi og vert fjerna. Dei er heller ikkje registrert som «meldepliktige» i Sefrak-registeret.

6.9 Rekkefølgjekrav

Før det vert søkt om ferdigattest skal området ryddast og tilstellast og jordskråningar tilsåast.

7 VERKNADER AV PLANFRAMLEGGET

7.1 Overordna planar


Området ligg som LNF-område i overordna plan. Første del av vegen går gjennom dyrkajord.

7.2 Landskap og omgevnader

Køyrevegen vert tilpassa terrenghøgden på staden og terrenginngrepa reduserast til eit minimum. Vegen får nøktern standard med smal køyrebane og grusdekke og skråningar skal så langt praktisk mogleg tilsåast. Forbi bekkens frå Follavatnet etablerast betongdekke med klaring for bekkens slik at ein unngår å sprengje i svaberget som ligg i dagen her. Veghøgden som framgår av vedlagte illustrasjonar kan justerast undervegs i utbygginga for å redusere terrenginngrepa.

Illustrasjon

Det er utarbeidd ein enkel 3D-modell av området for visualisering. Utsnitt frå denne følgjer som vedlegg.



Figur 7 Illustrasjon av planområde (før justering etter off.ettersyn)

7.3 Staden sin karakter

Området vil endre karakter frå bilfritt og veglaust område.

7.4 Estetikk

God terrengtilpassing og lav vegstandard/smål vegbreidde minimerer inngrepet og ivaretek omsynet til estetikk så godt som mogleg. Inngrepet vil likevel verte synleg. Behovet for skjering og fylling reduserast til eit minimum og skråningar bør i størst mogleg grad tilsåast. Forbi bekken frå Follavatnet leggest det opp til støypt dekke over elveløpet. I dette området er det berg i dagen (svaberg).

7.5 Kulturminne og -miljø, ev. verneverdi

Det er ikkje registrert verneverdige kulturminne innanfor sjølve planområdet, men kvernhusa nedanfor vegen er Sefrak-registrert. Utanfor plangrensa, langs bekken frå Follavatnet, ligg det att restar frå anlegget som var i bruk under is-produksjonen. Desse vert ikkje berørt av tiltaket og det skal utvisast aktsemd i samband med opparbeidinga slik at desse minna ikkje vert skadde. Dei to ruinane i vegtraseen er ikkje registrert som anna enn murar eldre enn 100 år. Desse vert fjerna.

7.6 Tilhøvet til naturmangfaldslova

Oppslag i www.naturbase.no og www.artskart.no viser at det verken i eller ved planområdet er registrert artar av forvaltningsmessig interesse. Utfrå dette konkluderer ein difor med at planlagd arealbruk ikkje kjem i konflikt med vesentlege forhold knytt til natur og miljø – jfr. naturmangfaldlova §§8-12.

7.7 Rekreasjonsinteresser/rekreasjonsbruk/uteområde

Etablering av køyreveg i dette veglause området gjev lettare tilgang til området, samstundes som kvalitetane som ligg i urørt natur vil bli noko redusert. Dette er ei avveging som ein føreset vurdert i samband med jordskiftesaka. Lav vegstandard med god terrengtilpassing og begrensa trafikkmengde saman med lettare tilgang til området kompenserer etter vår vurdering for eventuelle ulemper. Området vil bli lettare tilgjengeleg for fleire når vegen er bygt.

7.8 Trafikkforhold

Vegforhold

Vegen vert tilknytt privat veg langs fjorden like vest for garasjen på gbnr.74/4. Denne vegen har nøktern standard og er enkelt opparbeidd med grusdekke.

Trafikkauke/-reduksjon

Talet på hytter vert ikkje endra direkte som følgje av planframlegget, og trafikken til området vil såleis forbli uendra. I dag parkerer hytteeigarane ved gbnr.74/4 medan målet med planframlegget er at desse i framtida kan køyre til hyttene. Enklare tilkomst til hyttene kan gje noko auka bruk og slik sett noko trafikkauke. Sett opp mot talet på hytter (7) vil ein slik auke vere marginal.

7.9 Barn sine interesser

Den planlagde vegen gjev lettare tilkomst til hyttene t.d på sykkel og med barnevogn.

7.10 Universell tilgjengelighet

Vegen vert ikkje universelt utforma, men vil gjere hyttene lettare tilgjengeleg for alle, også rørslehemma og med barnevogn.

7.11 ROS

Er området utsett for snø-, jord-, steinskred eller større fjellskred?

Delar av planområdet ligg innanfor NVE sine aktsemdområde for flaum. Sidan det aktuelle tiltaket kun gjeld køyreveg vurderast risikoen og konsekvensane av flaum som neglisjerbar utan behov for nærare utgreiing.

7.12 Teknisk infrastruktur

Ei

Mørenett har ei lavspenning i området, og to av stolpane må truleg flyttast noko.

7.13 Økonomiske konsekvensar for kommunen

Ingen konsekvens.

7.14 Konsekvensar for næringsinteresser

Ingen konsekvens.

7.15 Interessemotsetnader/konflikttema

Fleire av innspela etter varsling handlar om vern av dyrkajord. M.a er det foreslått at starten på vegen bør leggast mellom garasjen og vedhuset på gbnr.74/4 i staden for på vestsida av garasjen slik jordskifteretten sitt kart viser. Det er også peikt på at sidan mange av hyttetomtene er utskilt frå gbnr.74/4 bør traseen leggast på denne eigedomen og ikkje på naboteigen.

7.16 Avveging av verknader

Innspelet er lagt fram for grunneigar av gbnr.74/4 som er tydeleg på at ei slik justering er uaktuelt. Av respekt for prosessen som har vore i jordskiftesaka har ein difor i samråd med oppdragsgivar basert planframlegget på same trasè som jordskifteretten, men med nokre mindre justeringar.

I samråd med eigar av gbnr.74/4 er m.a veglina trekt noko sørover mot våningshuset. Dette gjev både kortare veg og ei betre terrengtilpassing. Tilsvarende mindre justeringar er gjort i austre del av vegen

8 KONSEKVENSGREIING

Tiltaket er vurdert etter forskrifta om konsekvensutgreiing i samsvar med Pbl kap.4. Då både formål og i hovudsak avgrensing er i samsvar med overordna plan og elles utan vesentlege konsekvensar for miljø og samfunn er det ikkje behov for konsekvensutgreiing. Referat frå oppstartsmøte er vedlagt.

9 INNKOMNE INNSPEL

I tillegg til vedtaket i Samfunnsutvalet kom det inn 8 innspel etter varsel om oppstart. Desse er vedlagt og kommenterte utdrag følgjer nedanfor:

9.1 Innspel (samandrag med kommentar)

9.1.1 Statens Vegvesen (28.06.2016)

Ingen merknader.

9.1.2 Fylkesmannen i Møre og Romsdal (25.11.2015)

Innspel:

- 1) Viser til at planområdet ligg innanfor 100-metersbeltet både m.o.t sjø- og vassdrag, og at det såleis må takast særleg omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre interesser. Vegen bør difor ikkje dimensjonerast større enn høgst nødvendig. Det må leggast vinn på å redusere naturinngrepet og også rydde og stelle til att når vegen er etablert.
- 2) Kryssing av bekken må ikkje øydelegge for det frie elveløpet og ein bør unngå å legge bekken i rør.
- 3) Tiltaket må handsamast etter naturmangfaldlova.
- 4) Vegen må leggast slik at ein så langt råd unngår å legge beslag på dyrkajord.

Kommentar:

- 1) Vegen er dimensjonert med nøktern standard: 3m grusdekke + 1,5m regulert sideareal (grøft, skjering og fylling). Det er vidare lagt vinn på at vegen i størst mogleg grad følgjer terrenget – jfr. lengdeprofilar - så langt mogleg med maksimal stigning 1:8. Tilstelling etter inngrepet er teke inn som ein del av føresegnene som rekkefølgekrav.
- 2) Forbi bekken er det lagt til grunn at ein unngår bruk av rør/stikkrenne men i staden etablerer betongdekke med opning under for bekken.
- 3) Tiltaket er vurdert i høve naturmangfaldlova.
- 4) Vegtraseen er noko innkorta og tilpassa terrenget i høve kartet frå Jordskifteretten – m.a for å

redusere inngrepet i dyrkajorda. Ein legg elles til grunn at Jordskifteretten har gjort ei fagleg vurdering av bruken av dyrka mark opp mot øvrige omsyn i saka.

9.1.3 Møre og Romsdal fylkeskommune (12.08.2016 og 13.09.2016)

Innspel:

I samband med varslinga kom det krav om arkeologisk registrering, men etter synfaring og prøver med jordborr vart kravet trekt (jfr. brev datert 13.09.2016). Det viste seg at jordsmonnet er tynt med berg like under og delvis i dagen. Ein trekkjer difor kravet, men ber om at ein er varsam under opparbeidinga og melder frå om evt. funn. Ber også om at det vert teke bilete frå opparbeidinga av hyttevegen.

Kommentar:

Vert teke til vitande og innarbeidd i føresegnene.

9.1.4 Landbrukskontoret Ørsta/Volda (23.11.2015)

Innspel:

Sak: PlanID 2016006 - Detaljreguleringsplan for Sevrinhaugen/Doktorhaugen gbr 19/24 mf.l.

<i>Arkivsak nr.</i>	<i>Løpenr.</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/Sakshandsamar</i>	<i>Dato</i>
2016/1096	14758/2016	2016006	SVK/SONHAV	20.12.2016

**MELDING OM POLITISK VEDTAK - PLANID 2016006.
DETALJREGULERINGSPLAN FOR SEVRINHAUGEN/DOKTERHAUGEN, GNR.
19, GNR. 24 MFL. HANDSAMING ETTER OFFENTLEG ETTERSYN**

Vi melder med dette frå at kommunestyret den 15.12.2016, hadde føre ovannemnde som sak PS 177/16, der det vart gjort slikt vedtak:

Saka vert utsett.

Sakutgreiinga følgjer vedlagt.

Volda kommune, servicekontoret

Sonja Håvik
konsulent

Kopi til:
Berit Sandvik Skeide - sakshandsamar

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Berit Sandvik Skeide	Arkivsak nr.:	2016/1096
		Arkivkode:	2016006

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
227/16	Formannskapet	29.11.2016
177/16	Kommunestyret	15.12.2016

PLANID 2016006. DETALJREGULERINGSPLAN FOR SEVRINHAUGEN/DOKTERHAUGEN, GNR. 19, BNR. 24 MFL. HANDSAMING ETTER OFFENTLEG ETTERSYN

Handsaming:

Dan Helge Bjørneset fekk permisjon og vara Odd Martin Velsvik tok sete.

Sølvi Dimmen reiste spørsmål om habilitet, ho er mor til ein mogleg framtidig brukar av bustadane. Jf. fvl. § 6, 2.ledd. Ho tok ikkje del i handsaminga og røystinga over spørsmål om habilitet.

Per Svein Krøvel reiste spørsmål om habilitet, han er far til ein mogleg framtidig brukar av bustadane. Jf. fvl. § 6, 2.ledd. Han tok ikkje del i handsaminga og røystinga over spørsmål om habilitet.

Røysting habilitet:

Sølvi Dimmen vart kjent habil med 23 røyster, to røysta imot.

Per Svein Krøvel vart samrøystes kjent habil.

Sølvi Dimmen og Per Svein Krøvel tok sete.

Helge Standal, MDG, kom med slikt framlegg:

1. Kommunestyret godkjenner ikkje reguleringsplan for gnr. 19, bnr. 24 mfl. datert 21.11.2016.

2. Kommunestyret ber rådmannen om å utarbeide reguleringsplan for Doktorhaugen som friområde.

3. Kommunestyret ber om ei synfaring, og orientering om organisering av butenesta for utviklingshemma, noverande og framtidig behov for bustader, og sentrale føringar for bustadbygging for desse.

Gunnar Strøm reiste spørsmål om habiliteten til Sølvi Dimmen og Per Svein Krøvel, jf. grunngjevinga ovanfor. Dei tok ikkje del i handsaminga og røystinga over spørsmål om habilitet.

Røysting habilitet:

Sølvi Dimmen vart samrøystes kjent inhabil.
Per Svein Krøvel vart samrøystes kjent inhabil.

Erlend Krumsvik kom med framlegg om å utsette saka.

Røysting (25 røysteføre):

Utsettingsframlegget fekk 24 røyster og vart vedteke. Ein røysta imot.

Vedtak i kommunestyret - 15.12.2016

Saka vert utsett.

Sølvi Dimmen og Per Svein Krøvel tok sete.

Handsaming:

Sølvi Dimmen reiste spørsmål om habilitet, ho er mor til ein mogleg framtidig brukar av bustadane. Jf. fvl. § 6. 2. ledd. Ho tok ikkje del i handsaminga og røystinga over spørsmål om habilitet.

Røysting habilitet:

Sølvi Dimmen vart kjend inhabil med seks røyster, to røysta imot (Dan Helge Bjørneset og Odd Harald Sundal).

Sakshandsamar Berit Sandvik Skeide orienterte om saka.

Odd Harald Sundal kom med slikt framlegg:

Nytt punkt 2 – *Kommunestyret vil kome tilbake til formål og utforming av bygg på Doktorhaugen ved eventuelle seinare behov for tilrettelagde bustader.*

Nytt punkt 3 – *Kommunestyret vil ta omsyn til høyringssvara i saka, og ber administrasjonen snarleg be tilbydarar av sentrale tomter om å gi tilbod på utbygging av 5 bustader for utviklingshemma i privat eller offentleg regi.*

Odd Harald Sundal trekte framlegget sitt.

Odd Harald Sundal kom med nytt framlegg:

Kommunestyret vil kome attende med eiga sak for utbygging av området.

Røysting (8 røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen, med tillegget frå Odd Harald Sundal, vart samrøystes vedteken.

Tilråding i formannskapet - 29.11.2016 til kommunestyret:

1. *Kommunestyret godkjenner i medhald av plan- og bygningslova, § 12-12, detalj-reguleringsplan for Sevrinhaugen/Dokterhaugen, gnr. 19, bnr. 24 mfl., med tilhøyrande reguleringsføresegner, sist datert 21.11.2016.*

Dette er eit enkeltvedtak, som kan påklagast, jf. plan- og bygningslova, § 1-9 og Forvaltningslova kapittel VI innan tre veker frå kunngjering.

2. *Kommunestyret vil kome attende med eiga sak før utbygging av området.*

Sølvi Dimmen tok sete.

Administrasjonen si tilråding:

Kommunestyret godkjenner i medhald av plan- og bygningslova, § 12-12, detalj-reguleringsplan for Sevrinhaugen/Dokterhaugen, gnr. 19, bnr. 24 mfl., med tilhøyrande reguleringsføresegner, sist datert 21.11.2016.

Dette er eit enkeltvedtak, som kan påklagast, jf. plan- og bygningslova, § 1-9 og Forvaltningslova kapittel VI innan tre veker frå kunngjering.

Vedlegg:

1. Reguleringsplankart, datert 5.9.2016.
2. Reguleringsføresegner, sist datert 21.11.2016.
3. Planomtale, sist datert 21.11.2016.
4. ROS-analyse, datert 5.9.2016.
5. Søknad om rammeløyve (byggesaka).
6. Merknad frå Kommunalt råd for funksjonshemma, datert 24.10.2016.
7. Merknad frå NFU Ørsta Volda lokallag, datert 3.11.2016.
8. Merknad frå LLP, avd. Søre Sunnmøre, datert 10.11.2016.
9. Merknad frå Bjørn Sævik, datert 14.11.2016.
10. Brev frå Bjørn Sævik, registrert 5.1.2016.
11. Uttale frå Møre og Romsdal fylkeskommune, datert 11.11.2016.
12. Uttale frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal, datert 15.11.2016.
13. Sak til formannskapet 20.9.2016, f-sak 155/16.

Bakgrunn:

Volda kommune har overordna behov for å leggje til rette for utbygging av tenester for høgare omsorgsnivå nær sentralbasen ved Omsorgssenteret. Dokterhaugen er ei tomt eigd av kommunen og ligg nær til dei øvrige omsorgstenestene.

Volda kommune har behov for nye bustader for personar med utviklingshemming. Bygging av bustadane er fastlagt gjennom Omsorgsplanen 2014-2017, og ligg inne i gjeldande økonomiplan. Planframlegget legg til rette for at det kan byggjast inntil 5 bustader.

Gjennom ei vurdering av moglege tomter, er det konkludert med at det er ønskjeleg med ei samlokalisering av bustadane. Lokaliseringa på Dokterhaugen er gunstig med tanke på å utnytte felles ressursar for bemanning på Fjordsynområdet, og lokalisering i forhold til Volda sentrum.

Føremål med planarbeidet er å leggje til rette for bygging av fem bueiningar for menneske med psykisk funksjonshemming på gnr. 19, bnr. 24.

Saksopplysningar:

Planprosess

Det vart halde oppstartsmøte på Volda rådhus 28.6.2016. På møtet drøfta ein avgrensing av planområdet, konsekvensutgreiing, ROS mm. Føresetnader for det vidare arbeidet var også tema. Planarbeidet blei varsla igangsett ved annonse i avisa Møre 2.7.2016, og informasjon på kommunen si heimeside. Høyringsinstansane, grunneigarar og naboar vart varsla med eige brev, datert 29.6.2016. Frist for å kome med innspel til planarbeidet var sett til 22.8.2016. Det kom inn 6 innspel i samband med varsel om oppstart av planarbeidet.

Formannskapet vedtok i møte 20.9.2016 (f-sak 155/16), å leggje forslag til detaljreguleringsplan ut til offentleg ettersyn. Frist for å kome med innspel til planforslaget var sett til 16.11.2016.

Felles plan og byggesak

Kommunen har tidlegare lagt til rette for felles plan- og byggesak i samsvar med plan- og bygningslova, § 1-7 (jf. § 12-15 og § 21-4). På grunn av uvisse knytt til utforming av forprosjektet, er det ikkje lenger føremålstenleg med felles plan- og byggesak.

Merknader i samband med offentlig ettersyn

I samband med offentlig ettersyn kom det inn 6 merknader til planforslaget.

Kommunalt råd for funksjonshemma (datert 24.10.2016), stiller spørsmål ved om det er vurdert andre tomter for lokalisering av bustadene. Dei viser til kommunale tomter på Bratteberg og Rotset (Bømarka). Rådet gir klart uttrykk for at dei meiner det er uheldig med fortetting av bustader på Sevrinhaugen/Dokterhaugen. Ei utbygging som skissert vil kunne gi eit institusjonsprega bumiljø. Rådet hevdar leiligheitene er små og lite eigna for rullestolbrukarar.

Kommentar:

Eigedomsavdelinga har i samarbeid med omsorgsavdelinga vurdert fleire lokalitetar med omsyn til plassering av omsorgsbustadane, deriblant ei kommunal tomt på Bratteberg. Alternativa vart lagt fram for dei pårørande, som gjekk for Dokterhaugen. Dokterhaugen er sentrumsnært med kort veg til offentlig kommunikasjon.

Det er også kort veg til butikkar og andre sentrumsfunksjonar. Dei pårørande la vekt at området framstår som eit trygt nabolag, med kort veg til offentlege døgntjenester. Brukarane av bustadane har ikkje bil, og det vil vere positivt for dei å ha kort veg til funksjonar i sentrum.

Nemnde tomteareal på Rotset (Bømarka) er i kommunedelplan for Volda sentrum, lagt ut som utvidingsareal til Bømarka barnehage.

Tomta på Bømarka ligg vesentleg lenger vekk frå sentrum. Det er også lenger avstand til offentlege døgntjenester. Arealet på Bømarka er i privat eige og ikkje regulert til bustadføremål. Kommunen held fast ved at ein i alle høve har behov for å sikre areal for utbygging av omsorgsbustader ved Sevrinhaugen/Dokterhaugen.

Kommunen bør vurdere om ein i kommuneplanssamanheng skal sikre seg arealet ved Bømarka.

Råd for funksjonshemma har vore involvert i prosessen. I tillegg har det vore fleire møte (individuelle og felles) med pårørande til dei som har søkt om kommunal bustad. Partane har også fått tilsendt teikningar av prosjektet med moglegheit for tilbakemelding.

Planmynde har utarbeidd forslag til detaljreguleringsplan etter tinging frå Eigeidomsavdelinga. Ein forutset at prosjektet tilfredsstillar krav til universell utforming.

Norsk Forbund for Utviklingshemmede (NFU) Ørsta Volda lokallag, datert 3.11.2016, meiner det er uheldig at Volda kommune planlegg ytterlegare fortetting av omsorgsbustader. Dei viser til at det er i strid med nasjonale føringar. Samstundes oppfordrar lokallaget kommunen til å tenkje langsiktig. Laget slår fast at det vil vere behov for meir sentrumsnære areal for bustader til menneske med nedsett funksjonsevne i framtida. Laget oppfordrar kommunen til å vurdere alternativ lokalisering for prosjektet. NFU stiller spørsmål ved om kommunen har kvalitetssikra planløysinga for bustadane. Gnr. 19, bnr. 24, bør etter NFU si vurdering liggje som grøntareal for dei som bur i området.

Kommentar:

Det vert vist til kommentar til merknadene ovanfor. Det er behov for areal til sentrumsnære omsorgsbustader i dag. Difor er det viktig å få på plass detaljreguleringsplan som mogleggjer bygging av slike bustader.

Landsforeningen for pårørende innen psykisk helse, (LLP), datert 10.11.2016, meiner det er uheldig å fortette ytterlegare i området ved Sevrinhaugen/Dokterhaugen. Dei viser til at det er i strid med nasjonale føringar. LLP hevdar dei prosjekterte bustadane er små og at dei neppe oppfyller krava til areal for bruk av t.d. rullestol (jf. universell utforming). LLP meiner gnr. 19, bnr. 24 bør nyttast til aktivitets- og friluftstad for større trivsel for dagens bebuarar. Avslutningsvis oppmodar LLP Volda kommune å gå i dialog med tomteeigar/ev. utbyggjar, og byggje dei nye bustadane på Bømarka.

Kommentar:

Det vert vist til kommentar til merknad frå kommunalt råd for funksjonshemma ovanfor. Hove & Co på vegne av Bjørn Sævik, datert 14.11.2016, viser innleiingsvis til klagen hans på Volda kommune sitt rammeløyve (juni 2016) og merknader i samband med oppstart av reguleringsplanarbeidet (august 2016). Hove held fast ved klagen på rammeløyve og merknadene datert 24. august 2016.

Hove viser til kommunen si saksutgreiing ved utlegging til offentleg ettersyn (sak 155/16), der kommunen la til grunn at kommuneplanen sin arealdel, vedteken 18.6.2009, gjeld framom reguleringsplan for Fjordsynområdet (godkjent 30.3.2000). Hove hevdar at dette er stikk motsatt konklusjon i forhold til det ein annan klient av han formidla som syn/konklusjon frå Volda kommune si side, ein annan stad i kommunen, det plantilhøvet er tilsvarande.

Hove held fram og held fast ved at framlegget til reguleringsplan råkar eit friområde/fellesareal underlagt RPR FOR-1995-09-20-4146, jf. for eksempel pkt. 5d og 5b, samt merknader datert 24. august. Det vert også vist til Rundskriv T-1513. Hove meiner arealet er uerstatteleg og at det ikkje kan fjernast utan at det vert kompensert med fullverdig erstatningsareal. Hove slår fast at det ikkje er vist erstatningsareal og at kommuneplanen sin arealedel er underlagt same rettsreglar som reguleringsplan.

Hove meiner eigedommen til Sævik vil miste sollys (ettermiddagsol) på sentral uteplass mot vest. Vidare vil utsikten frå hovudvindaug i huset bli sterkt redusert, og utsikten frå stovevindaug vil bli bakveggen på bodene i prosjektet. Hove informerer om at Sævik sin veletablerte uteplass, vert liggjande heilt inntil omsorgsbustadane sin uteplass. Hove meiner det er uheldig, og at planar skal løyse konflikter og ikkje skape konflikter.

Hove informerer om at det går ein fjellrygg i bytet mot bnr. 25, som det må sprengast i. Sævik lurar på korleis dette er tenkt gjort utan at fjellet på nabotomta i aust vil sprekke. Sævik er uroa for at det vil verte vanskeleg å plante vegetasjon som skjerm mot nabotomta, på grunn av for lite rotfeste for vestleg vind.

Sævik meiner skisserte utbygging på Sevrinhaugen/Dokterhaugen, vil føre til eit konsentrert og stort institusjonsområde, som vil vere mindre tenleg for brukarane.

Hove slår fast at avstand frå nabogrense (bnr. 25) er langt under 4 meter. Hove hevdar det ikkje er grunnlag for slik avstand og at det ikkje vert akseptert. Sævik sin advokat påpeikar vidare at skisserte omsorgsbustader ikkje er i samsvar med § 2.1 a i forslag til reguleringsføresegner for området. Sævik meiner bygningane bryt med byggeskikken i området.

Advokat Hove viser til Bjørn Sævik sitt brev til Volda kommune 31. desember 2015, og ber om at det vert ein del av merknaden frå Sævik.

Kommentarar:

Kommunen har ingen kommentar til Hove sin påstand om forskjellshandsaming, då vi ikkje konkret kjenner til saka Hove viser til. Volda kommune held fast på vurderinga som vart gjort i saksutgreiinga til formannskapet i sak 155/16.

For ordens skuld tek vi med vurderinga frå saka ved utlegging til offentleg ettersyn.

Sitat frå sak 155/16:

«Planområdet er i kommunedelplan for Volda sentrum (godkjent 18.6.2009) lagt ut til offentleg bygning (O5) og bustad.»



Utsnitt frå kommunedelplan for Volda sentrum

I reguleringsplan for Fjordsynområdet (godkjent 30.3.2000) er området lagt ut til byggeområde, eldre-, omsorgsbustader (OB2) og offentleg friområde.



Utsnitt fra reguleringsplan for Fjordsynområdet

Det er kommuneplanen sin arealdel som gjeld for gnr. 19, bnr. 24. Noko som inneber at gnr. 19, bnr. 24 er lagt ut til bustadføremål. Det er difor ikkje formelt sett krav om erstatningsareal for friområde».

Til grunn for vurderinga låg at dersom det er motstrid mellom formål i planar, er det sist vedtekne plan som gjeld. Gnr. 19, bnr. 24 er lagt ut til bustadføremål og ikkje friområde. Det er difor ikkje formelt sett krav om erstatningsareal no. Eventuelt krav om erstatningsareal skulle vore framstilt i samband med omdisponering av arealet frå friområde til bustad i samband med kommunedelplan for Volda kommune i 2009.

I nærområdet er det fleire areal til leik/friområde. Øyra barnehage og Engeset barnehage like ved, er mykje nytta areal til leik og opphald for dei som bur i nærområdet, og for andre som sykklar/går/køyrer til desse områda. Det er elles kort veg til park og leikeareal ved Samfunnshuset, Rådhuset og til ballplassane ved vidaregåande skule og høgskulen/Øyra skule.

Det er i reguleringsplanforslaget lagt til rette for oppføring av bygningar med mønehøgde inntil 5 meter og gesimshøgde inntil 3 meter. Grad av utnytting er sett til 40 % BYA. Det er snakk om relativt låge bygningar samanlikna med dei generelle reglane i plan- og bygningslova sin § 29-4, der det er lagt til rette for oppføring av bygg med maksimum gesimshøgde 9 meter og maksimum mønehøgde 8 meter. Det er også vesentleg lågare enn vanleg møne- og gesimshøgde i dagens reguleringsplanar for bustadområde.

Tap av sol, utsikt og avstand til uteplass er etter kommunen si vurdering ikkje meir enn det ein i dag normalt finn i bustadfelt i tettbygd strøk. Kommunen kan ikkje sjå at naboen vert påført ulemper som overskrir kva ein kan forvente ved fortetting i sentrum av Volda.

Volda kommune føreset at grunnarbeidet på gnr. 19, bnr. 24, vil bli gjennomført på ein forsvarleg måte.

Når det gjeld avstand til nabogrense, vert det vert vist til plan- og bygningslova sin § 29-4, sitat:

«Hvis ikke annet er bestemt i plan etter kapittel 11 eller 12, skal byggverk ha en avstand fra nabogrense som angitt i forskrift eller som minst svarer til byggverkets halve høyde og ikke under 4 meter».

Plan- og bygningslova slår fast at reguleringsplan kan fastlegge kortare avstand til nabogrense.

Paragraf § 2.1 i forslag til reguleringsføresegner har slik ordlyd, sitat:

«§ 2.1 Fellesføresegner

a) Bygningar skal plasserast innanfor byggegrensene vist i plankartet. Plankart og føresegner er bindande for plassering og utforming av bygningar og vegsystem. Ved handsaming av søknad om byggjeløyve skal kommunen sjå til at bygningane får god form og materialbruk. Det skal ikkje nyttast reflekterande materialar eller skjemmande fargar på bygg/anlegg. Ved søknad om byggeløyve skal det ligge føre teikningar eller anna visualisering som viser bustadbygg si plassering i terrenget og i høve til kringliggjande bygningar.»

Etter kommunen si vurdering, er forprosjektet til bustadane godt i samsvar med forslag til reguleringsføresegner for området. Bustadane har saltak og ein materialbruk som ikkje skil seg frå kringliggjande bustader. I følgje teikningane knytt til forprosjektet, er det ikkje reflekterande materialar eller skjemmande fargar på bygningane. Det ligg føre teikningar, snitt og 3D illustrasjon som viser bygningane si plassering i terrenget og i høve til kringliggjande bygningar.

I fasadene på skisserte prosjekt er det vist to typar kledning, ei liggjande trekvit kledning på veggjar med vindauge og dører og mørk kledning på sideveggane, dei utstikkande skiljeveggane mellom bueningane og som rekkverk på balkongane.

Taket er mørkt, slik at det går i eitt med den svarte trekledninga. Fasaden på felleshuset er også i svart trekledning, medan utebodene har den trekvite kledninga. Denne trekvite kledninga går også igjen i blomsterkassene ute på tunet. Etter kommunen si vurdering vil prosjektet ikkje skilje seg vesentleg ut frå kringliggjande busetnad.

Når det gjeld byggeskikk, ser ein at det er bustader frå ulike tidsrom med ulike uttrykk i området. Sevrinhaugen bufelleskap har valmtak. Det har også bustaden på gnr. 19, bnr. 25. Elles er det halvvalmtak og vanleg saltak på bustadane i området.

Momenta framført i brev av desember 2015, er etter kommunen si vurdering presentert og kommentert tidlegare i denne saka, og vert såleis ikkje nærare kommentert her. Brevet er lagt ved for ordens skuld.

Møre og Romsdal fylkeskommune (MRF), datert 11.11.2016, rår til at felles utomhus opphaldsareal blir sikra opparbeidd gjennom rekkjefølgjeføresegner. MRF informerer om at kulturavdelinga har gjennomført arkeologisk registrering i området. Det vart ikkje gjort funn av automatisk freda kulturminne.

Kommentar:

Opparbeiding av felles utomhusareal vert sikra ved at reguleringsføresegnene får følgjande tilføyning: «§ 3.1. Felles utomhus opphaldsareal. Felles utomhus opphaldsareal for o_BKB2 skal opparbeidast samstundes med oppføring av omsorgsbustadene.»

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, datert 15.11.2016, har ingen merknader til planforslaget.

Vurdering:

Barn og unge

Forholdet til barn og unge er vurdert og ein kan ikkje sjå at område som i dag vert nytta av barn og unge kjem dårlegare ut i forslag til plan enn ved dagens situasjon. I nærområdet er det fleire areal til lek/friområde. Øyra barnehage og Engeset barnehage like ved er mykje nytta areal til lek og opphald for dei som bur i nærområdet, og for andre som sykklar/går/køyrer til desse områda. Det er elles kort veg til park og leikeareal ved Samfunnshuset, Rådhuset og til ballplassane ved vidaregåande skule og høgskulen/Øyra skule.

Naturmangfald

I samband med utarbeiding av plan er det gjennomført ein sjekk i Naturbasen til Miljødirektoratet og Artsdatabanken. Det er ikkje registrert artar eller naturtypar i planområdet. Etter kommunen si vurdering medfører ikkje planframlegget negative konsekvensar i høve til naturverdiar/naturmangfald.

ROS

Det er gjennomført ei generell ROS-analyse. Ein kjenner ikkje til at det er særskilte moment som medfører risiko eller sårbarheit.

Konklusjon:

Volda kommune har lagt til grunn at det er kommunedelplan for Volda sentrum, godkjent 18.6. 2009 som gjeld for området. Det inneber at gnr. 19, bnr. 24 er lagt ut til bustadforemål.

Eigedomsavdelinga har i samarbeid med omsorgsavdelinga vurdert fleire lokalitetar med omsyn til plassering av omsorgsbustadene. Etter samråd med potensielle brukargrupper, vart Sevrinhaugen/Dokterhaugen valt som lokalitet. Råd for funksjonshemma har vore involvert i prosessen. Det har og vore, både felles og individuelle møte med dei pårørande til dei som har søkt om kommunal bustad.

I ettertid har det blitt stilt spørsmål ved om kommunen har vurdert fleire alternativ til lokalisering av omsorgsbustadene, og om skisserte bustader er universelt utforma. Som det går fram av saksutgreiinga ovanfor, har kommunen vurdert alternativ til lokalisering. Kommunen har valt Sevrinhaugen/Dokterhaugen, med bakgrunn i at det er ønskjeleg med ei samlokalisering av bustader. Lokaliseringa er gunstig i høve til utnytting av felles ressursar for bemanning på Fjordsynområdet. Med omsyn til at brukarane ikkje disponerer bil, er det ein fordel at det er kort veg Volda sentrum.

Kommunen legg til grunn at omsorgsbustadane tilfredsstillar krav i høve til universell utforming. Volda kommune har stor trong for sentrumsnære omsorgsbustader. Forslag til detaljreguleringsplan legg til rette for ei god og kostnadseffektiv utnytting av arealet på gnr. 19, bnr. 24.

Denne saka omhandlar regulering der ein fastset arealformålet og rammevilkåra for seinare utbygging. For kommunen er det overordna viktig at dette sentrale området ved sentralbasen for omsorgstenestene i kommunen vert sikra til omsorgsformål. Prosessen med pårørande til brukarane i den konkrete saka om bustader til vaksne funksjonshemma må gå vidare i samband med byggjesaka, der ein endeleg må lande om brukarane skal ha bustader på denne tomta, samt kva endelege løysingar som vert å velje.

Tilråding:

Rådmannen rår i medhald av plan- og bygningslova, § 12-12, til at kommunestyret godkjenner detaljreguleringsplan for Sevrinhaugen/Dokterhaugen, gnr. 19, bnr. 24 mfl. med tilhørende reguleringsføresegner.

Rune Sjurgard
Rådmann

Jørgen Vestgarden
utviklingssjef

Utskrift av endeleg vedtak:

- Eigedom ved Jeanette Brandal / Kjell Magne Rindal.
- Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde.
- Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde.

Klageinstans:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde.



Volda kommune
Stormyra 2
6100 VOLDA

VOLDA KOMMUNE	
Saksnr. 2016/1096	Av. Litv
Løpnr.	Shs. Beste
17 AUG 2014	
Ansvar. Flanid	
Klassering P:	
Klassering S:	

Volda kommune
Detaljregulering - reguleringsplan Severinhaugen / Dokterhaugen gnr19
bnr24 m.fl
Offentleg ettersyn

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde ingen merknader.

Med helsing

Jon Ivar Eikeland (e.f.)
fagsjef - plansamordning

Kari Bjørnøy
seniorrådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Kopi:

Statens vegvesen Region midt	Postboks 2525	6404	MOLDE
Møre og Romsdal fylkeskommune	Fylkeshuset	6404	Molde

DETALJREGULERINGSPLAN FOR SEVRINHAUGEN/DOKTERHAUGEN, GNR. 19, BNR. 24 MFL. I VOLDA KOMMUNE

Sjekkliste for vurdering av risiko og sårbarheit i saker etter plan- og bygningslova

Emne		Er det knytt uakseptabel risiko til følgjande forhold?	Nei	Ja
Naturgjevne forhold	a	Er området utsett for snø-, jord-, steinskred eller større fjellskred?	X	
	b	Er det fare for flodbølgjer som følgje av fjellskred i vatn/sjø?	X	
	c	Er det fare for utgliding av området (ustabile grunnforhold)?	X	
	d	Er området utsett for flaum eller flaumskred, også når ein tek omsyn til auka nedbør som følgje moglege av klimaendringar?	X	
	e	Er skogbrann/lyngbrann i området til fare for bustader/hus?	X	
	f	Er området sårbart for ekstremvêr/stormflo – medrekna ev. havnivåstiging?	X	
	g	Treng det takast særskilte omsyn til radon?	X	
	i	Anna (spesifiser)?		
Omgivnad	a	Er det regulerte vassmagasin med spesiell fare for usikker is i nærleiken?	X	
	b	Er det terrengformasjonar som utgjer spesiell fare (stup etc.)?	X	
	c	Vil tiltaket kunne føre til overfløyming i lågareliggande område?	X	
	d	Anna (spesifiser)?		
Verksemdsrisiko	a	Omfattar tiltaket spesielt farlege anlegg?	X	
	b	Kan utilsikta/ukontrollerte hendingar i nærliggande verksemdar utgjere risiko?	X	
Brann/ulykkesberedskap	a	Har området mangelfull sløkkjevassforsyning (mengde og trykk)?	X	
	b	Har området problematiske tilkomstruter for utrykkingskjøretøy?	X	
Infrastruktur	a	Er det kjende ulykkespunkt på transportnettet i området?	X	
	b	Kan utilsikta/ukontrollerte hendingar på nærliggande transportårar inkl. sjø- og luftfart utgjere risiko?	X	
	c	Er det transport av farleg gods til/gjennom området?	X	
Kraftforsyning	a	Er området påverka av magnetfelt frå høgspenlinjer?	X	
	b	Er det spesiell klatrefare i høgspenmaster?	X	
	c	Vil tiltaket endre (styrke/svekke) forsyningstryggleiken i området?	X	
Vassforsyning	a	Er det mangelfull vassforsyning i området?	X	
	b	Ligg tiltaket i eller nær nedslagsfeltet for drikkevatt, og kan dette utgjere ein risiko for vassforsyninga?	X	
Sårbare objekt	a	Medfører bortfall av følgjande tenester spesielle ulemper for området: - elektrisitet ? - teletenester? - vassforsyning? - renovasjon/spillvatn?	X	
	b	Er det spesielle brannobjekt i området?	X	
	c	Er det omsorgs- eller oppvekstinstitusjonar i området?		X
Er området påverka/forureina frå tidlegare bruk	a	Gruver: opne sjakter, steintippar etc.?	X	
	b	Militære anlegg: fjellanlegg, piggrådsperringar etc.?	X	
	c	Industriverksemd som t.d. avfallsdeponering?	X	
	d	Anna (spesifiser)?		
Ulovleg verksemd	a	Er tiltaket i seg sjølv eit sabotasje-/terrormål?	X	
	b	Finst det potensielle sabotasje-/terrormål i nærleiken?	X	

Sjekklista er gjennomgått den 5.9.2016 av Berit Sandvik Skeide



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Heidi Istad

Arkivsak nr.: 2016/963

Arkivkode: 2016005

Utvalsaksnr

Utval

Møtedato

99/17

Formannskapet

13.06.2017

PLANID 2016005 - ROS-ANALYSE

Administrasjonen si tilråding:

ROS-analysen stettar krav som vart sett i planprogrammet og gir god oversikt over aktuelle fare- og risikotilhøve innafør kommunen sitt areal. ROS-analysen skal leggest til grunn for det vidare arbeidet med kommuneplanen sin arealdel, og gi direkte føringar for arealplankartet og føresegnene til planen. ROS-analysen skal implementerast i konsekvensanalysen og skal inngå som vurderingsgrunnlag for nye utbyggingsområde og forslag om endra arealbruk i denne.

Vedleggsliste:

ROS-analyse m/vedlegg

Uprenta saksvedlegg:

Planprogram for arealdelen 2018 – 2030.

Samandrag av saka:

I samsvar med plan- og bygningslova § 4-3 og krav i fastsett planprogram vert det lagt fram ROS-analyse for Arealdelen 2018 – 2030. Ein rår til at ROS-analysen med vedlegg blir lagt til grunn for det vidare arbeidet med arealdelen.

Saksopplysningar/fakta:

Plan- og bygningslova §4-3 sett krav om risiko- og sårbarheitsanalyse som viser alle tilhøve kring risiko- og sårbarheit som er avgjerande for om arealet er egna til utbyggingsformål, og eventuelle endringar i slike forhold som følgje av dei tiltak planen legg til rette for. Område med avdekt fare, risiko, eller som er sårbare skal merkast av i planen som omsynssone jf. Pbl. §§11-8 og 12-6. I planen skal det vedtakast føresegner om utbygginga i omsynssonen, med dette også forbod, som er nødvendig for å avverje skade og tap.

I fastsett planprogram for arealdelen er det sett krav til ROS-analyse når det gjeld metode og farekategoriar som skal utgreiast. Etter framdriftsplanen i planprogrammet skulle ROS-analyse fastsettast i april. Dette delprosjektet er dermed noko på etterskot i forhold til tidsplanen, men vil ikkje nødvendigvis ha konsekvensar for framdrifta for det komplette planforslaget.

ROS-analysen gir eit godt grunnlag for å kunne oppfylle alle måla under hovudtema «Samfunnstryggleik» i kommuneplanen sin samfunnsdel.

Helse og miljøkonsekvensar:

ROS-analysen gir ei grundig oversikt over risikosituasjonen i kommunen og gir føringar for korleis ein kan utvikle tryggare lokalsamfunn.

Økonomiske konsekvensar:

ROS-analysen synleggjer at bebygde område i kommunen er utsett for risiko som gjer det nødvendig med nærare kartlegging av fare og behov for eventuelle tiltak, før det kan gjevast løyve til tiltak etter plan- og bygningslova. Til vanleg er det tiltakshavar som må finansiere slik kartlegging og etablering av tiltak, men i bebygde område kan det vere aktuelt at kommunen gjennomfører slik kartlegging og etablerer nødvendige tiltak. Dette vil kunne ha økonomiske konsekvensar for kommunen.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Gjennom ROS-analysen med vedlagte temakart får ein god oversikt over kvar i kommunen ein har utfordringar når det gjeld dei utvalde farekategoriane.

Vurdering og konklusjon:

Det er lagt fram ROS-analyse, som stettar krav sett i planprogrammet. På bakgrunn av innspel frå Møre og Romsdal fylkeskommune om at kartbasert ROS-analyse bør vedtakast tidleg i planprosessen har ein no lagt fram ROS-analysen for handsaming i formannskapet.

ROS-analysen er ein gjennomgang av fare- og risikotilhøve som er aktuelle innfor kommunen sitt areal. Alle farekategoriar, som var lista opp i planprogrammet, er gått gjennom i ROS-analysen. Det er vist utsnitt av kart frå ulike fagetatar og det er i tillegg utarbeidd eigne temakart for å synleggjere ROS-situasjonen i kommunen.

ROS-analysen er basert på eksisterande kunnskap frå ulike nasjonale fagetatar(NVE, NGU, DSB, Miljødirektoratet, Statens vegvesen, Riksantikvaren) og lokale kjelder som Volda brannvern. Det er også nytta informasjon henta frå kommunen sin heilskaplege ROS-analyse frå 2015.

Det er utarbeidd 3 temakart som ligg som vedlegg til ROS-analysen:

- TEMAKART A. Naturfare
- TEMAKART B. Sårbare objekt 1
- TEMAKART C. Sårbare objekt 2
- TEMAKART D. Verksemdsbasert risiko

I desse temakarta er det henta datasett frå fleire fagetatar i tillegg til at det er etablert eigne datasett. Etter opplysningar frå Volda brannvern er det etablert eit datasett med busettingar utan tilgang på slokkevatn. På grunnlag av opplysningar om inntakspunkt for vassverk frå Teknisk sektor er det etablert eit datasett med nedslagsfelt for dei kommunale vassverka. Datasettet bør supplerast med opplysningar om nedslagsfelt for private vassverk. Ved hjelp av enkel buffer-analyse er det etablert eit datasett med sikringssoner kring alle bekkar og elvar i kommunen. Utgangspunktet for sikringssonene er råd frå NVE om at det langs bekkar

og mindre elvar vert sett ei byggegrense på 20 meter og 50-100 meter for større vassdrag. Temakarta gir ei god oversikt over ROS-situasjonen i kommunen og vil vere utgangspunkt for fastsetting av omsynsoner.

Gjennom ROS-analysen får ein avdekt område som skal merkast av med omsynssone i arealdelen sitt plankart. Omsynssonene er ikkje eit byggjeforbod, men ei sone der ein må ta spesielle omsyn, eller der ein må vurdere ulike farar før eventuell utbygging. Det er fleire typar omsynssoner, men dei sentrale i ROS-samanheng er sikrings- og faresonar. Område som inngår i aktsemdsone for skred og flaum er eksempel på faresone, medan område(nedslagsfelt) rundt drikkevatt er eksempel på sikringssone. Omsynssonene skal visast i plankartet, og det skal visast kva føresegnar som skal ivareta det omsynet som sonen viser. Etablering av omsynssone er eit viktig grep for å ivareta ROS-omsyn. Dersom det er ønskeleg å redusere omfanget av omsynssoner må faren som ligg til grunn for omsynssonen kartleggast og utgreiast vidare. Til dømes vil eit fareområde for flaum eller skred kunne bli redusert, dersom ein gjennomfører kartlegging av flaum- eller skredfaren, og resultatet av denne viser at den reelle faresonen for skred har mindre utstrekning enn aktsemdssonen som ligg til grunn for omsynssona. Slik kartlegging vil ha økonomiske konsekvensar og medføre endring av framdriftsplanen for arbeidet med arealdelen.

Med utgangspunkt i temakarta er det gjennomført ROS-vurdering av alle innspel om nye utbyggingsområde og forslag til endring av arealbruksformål. Denne ROS-vurderinga ligg som vedlegg til ROS-analysen. Med grunnlag i gjennomførte behovsanalysar, kartleggingar og utgreiingar vil administrasjonen komme med forslag til endra arealbruk som også skal vurderast i forhold til risiko og sårbarheit. Denne ROS-gjennomgangen vil bli tatt inn som vedlegg til ROS-analysen ved handsaming av det komplette forslag til ny arealdel.

ROS-vurderinga av alle innspel om nye utbyggingsområde og endra arealbruk viser at fleire av innspela i større eller mindre grad er i konflikt med ein eller fleire farekategoriar. For innspel som er markert med røde felt vil ein, utan nærare kartlegging, måtte konkludere med at det er sannsyn for uakseptable hendingar og vil derfor i mindre grad vere aktuelle å imøtekomme i det vidare planarbeidet. I tilfelle der tiltaket vil ha stor samfunnsnytte og det ikkje er betre alternative lokaliseringar, vil ein med fastsetting av krav om kartlegging og avbøtande tiltak likevel kunne imøtekomme innspelet. Slik vurdering vil bli gjort som del av konsekvensanalysen.

ROS-analysen stettar krav som vart sett i planprogrammet og gir ei god oversikt over aktuelle fare- og risikotilhøve innafor kommunen sitt areal. ROS-analysen bør derfor leggest til grunn for det vidare arbeidet med kommuneplanen sin arealdel og gi direkte føringar for arealplankartet og føresegnene til planen. ROS-analysen skal implementerast i konsekvensanalysen og skal inngå som vurderingsgrunnlag for nye utbyggingsområde i denne.

Rune Sjørgard
Rådmann

Jørgen Vestgarden
utviklingssjef

Utskrift av endeleg vedtak:
Utvikling

Klageinstans:
Ikkje klagerett



ROS-ANALYSE

AREALDELEN 2018 - 2030

Kommuneplan for Volda kommune

Utkast pr.: 07.06.2017



1 INNHALD

	INNHALD	s. 2
1	INNLEIING OG BAKGRUNN	s. 3
1.1	Bakgrunn	s. 3
1.2	Mål for ROS-analysen	s. 3
1.3	Metode og datakjelder	s. 3
1.4	Analyseobjektet	s. 3
2	KARTLEGGING AV MULEGE HENDINGAR OG ÅRSAKER	s. 4
2.1	Tema i ROS-analysen	s. 4
3	NATURFARAR	s. 5
3.1	Skred	s. 5
3.2	Flaum og erosjon	s. 5
3.3	Overvatn	s. 6
3.4	Stormflo, havnivåstigning og flodbølge	s. 6
3.5	Skog og grasbrann	s. 7
3.6	Ustabile grunntilhøve	s. 7
3.7	Storm/orkan	s. 7
4	MENNESKE- OG VERSEMDBASERTE FARAR	s. 8
4.1	Handtering av farleg stoff	s. 8
4.2	Storbrann	s. 8
4.3	Forureining	s. 8
4.4	Ulukker med transportmdlar	s. 9
4.5	Sårbare objekt	s. 9
4.6	Tilgjenge for naudetatar	s. 10
4.7	Elektromagnetiske felt	s. 11
4.8	Terror og sabotasje	s. 11
5	VURDERING AV RISIKO OG SÅRBARHEIT	s. 12
6	TILTAK OG OPPFØLGING I AREALDELEN	s. 13

VEDLEGG:

1. TEMAKART A. Naturfare
2. TEMAKART B. Sårbare objekt 1
3. TEMAKART C. Sårbare objekt 2
4. TEMAKART D. Verksemdsrisiko
5. ROS-vurdering av forslag til nye utbyggingsområde.

Foto framside: H. Istad

Foto bakside:

1 INNLEIING OG BAKGRUNN

1.1 Bakgrunn

Samfunnstryggleik er eit overordna mål i arealplanlegginga. Det skal derfor gjennomførast risiko- og sårbarheitsanalyse ved alle planar for utbygging. Kommuneplanen sin arealdel legg til rette for utbygging og det skal derfor gjennomførast ei risiko- og sårbarheitsanalyse som viser alle forhold som påverkar om areal er eigna til utbyggingsføre mål og om eventuelle endringar i slike forhold som følge av planlagt utbygging. Det vart utarbeidd heilskapleg ROS-analyse for kommunen i 2013, som seinare vart revidert i 2015. Denne heilskaplege ROS-analysen vil ligge til grunn for ROS-analysen på oversiktsnivå for arealdelen til kommuneplanen.

1.2 Mål for ROS-analysen

ROS-analysen er ein oversiktsanalyse og ei grov kartlegging av mulege faremoment for å unngå større skadar på liv, helse, miljø og materielle verdiar. Kartlegginga skal nyttast som eit grunnlag for vurdering av nye utbyggingsområde i konsekvensutgreiinga. Dersom det i ROS-analysen blir oppdaga område med fare, risiko eller sårbarheit skal dette merkast i planen som omsynssone, jf. §§ 11-8 og 12-6. Til omsynssona skal kommunen vedta vilkår om utbygging som er naudsynt for å hindre skade eller tap. Målet med ROS-analysen er å medverke til eit best mogleg avgjerslegrunnlag for å unngå uheldige utbyggingar.

1.3 Metode og datakjelder

ROS-analysen er eit vedlegg til konsekvensanalysen for Arealdelen. er det tatt utgangspunkt i Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB) sin rettleiar "Samfunnsikkerhet i kommunens arealplanlegging" frå 2017. Arbeidet med ROS-analysen vil derfor ta utgangspunkt i følgjande fasar:

1. Beskriving av planområdet (Kap 2 og 3)
2. Identifisere mulege uønska hendingar Kap 3-4, Temakart A-...)
3. Vurdere risiko og sårbarheit (Kap 5 og vedlegg 1)
4. Identifisere tiltak for å redusere risiko og sårbarheit (Kap 6)
5. Dokumentere analysen og korleis den påverkar planforslaget (KU)

ROS-analysen vil inngå som vedlegg til Konsekvensutgreiinga, der samfunnstryggleik, risiko- og sårbarheit er eit eige utgreiingstema. I Konsekvensutgreiinga vil ein gå gjennom alle forslag til nye utbyggingsformål og endra arealbruksformål. Det vil bli nytta eit analyseskjema for kvart forslag, der ROS-analysen vil ligge til grunn for vurdering av risiko når det gjeld samfunnstryggleik, risiko- og sårbarheit.

1.3 Analyseobjektet

ROS-analysen omfatter Volda kommune sitt totale areal.



2 KARTLEGGING AV MULEGE HENDINGAR OG ÅRSAKER

2.1 Tema i ROS-analysen

Hensikta med kartlegginga er å vurdere om farane vil ha konsekvensar for eksisterande og framtidig arealbruk. Kartlegging av hendingar og potensiell fare må derfor vere knytt til eit areal. I planprogrammet vart følgjande faretema valt ut:

Naturfarar	Datakjelder og kunnskapsgrunnlag
Skred	Heilskapleg ROS 2015, Kart over aktsemdsområde for snøskred og steinsprang, jord- og flaumskred frå Norges vassdrags- og energidirektorat(NVE): http://skredatlas.nve.no/html5Viewer/?viewer=nveatlas
Flaum	Heilskapleg ROS 2015, Kart over aktsemdsområde for flaum frå NVE: http://skredatlas.nve.no/html5Viewer/?viewer=nveatlas
Overvatn	http://www.senorge.no/index.html?p=klima
Stormflod, flodbølge, havnivåstigning	Heilskapleg ROS 2015, Rettleiar DSB: Havnivåstigning og stormflo – samfunnssikkerhet i kommunal planlegging, 2016
Skog og grasbrann	Heilskapleg ROS 2015, vurdering av lokalt brannvesen
Ustabile grunnforhold	Heilskapleg ROS 2015, Lausmassekart http://geo.ngu.no/kart/arealis_mobil/
Storm/orkan	Heilskapleg ROS 2015,
Menneske og verksemdsbaserte farar	Datakjelder og kunnskapsgrunnlag
Handtering av farlege stoff	Heilskapleg ROS 2015, vurdering av lokalt brannvesen
Storbrann	Heilskapleg ROS 2015, vurdering av lokalt brannvesen
Forureining	Heilskapleg ROS 2015,
Ulukker med transportmidlar	Heilskapleg ROS 2015, vurdering av lokalt brannvesen
Sårbare objekt	Heilskapleg ROS 2015, Naturbase, Riksantikvar, vurdering av lokalt brannvesen
Tilgjenge for naudetatar	Heilskapleg ROS 2015, vurdering av lokalt brannvesen
Elektromagnetiske felt	Heilskapleg ROS 2015, NVE
Terror og sabotasje	Heilskapleg ROS 2015

3 NATURFARAR

3.1 Skred


Store delar av kommunen er utsett for potensiell skredfare, dette gjeld både fare for steinsprang, snøskred, jord- og flaumskred. I tillegg er det nokre ustabile fjellområde som kan vere utsett for potensielle bergskred. Dei historiske data viser at vi kan ha fleire av desse typene skredhendingar årleg. Større fjellskred og skredgenererte flodbølgjer er det mindre risiko for. Klimaendringar gir grunn til å vere meir på vakt mot skredhendingar. Aktesemdskart for snø- og steinskrud(NGI) og aktesemdskart for jord- og flaumskred viser at det i store delar av kommunen er potensiell skredfare både i bebygde og ubebygde område og langs viktige vegstrekningar. Desse områda må inngå i omsynsone i arealdelen, med krav om kartlegging av skredfare i samband med reguleringsplanlegging. For å redusere omfanget av omsynsonen knytt til fare for skred må det gjennomførast faresonekartlegging. Den beste måten å førebygge skader på er å unngå framtidig busetnad i potensielt skredfarlege område.

Temakart A Naturfarar viser område med skredfare. Temakart ligg som vedlegg.


3.2 Flaum og erosjon

Det er ikkje utarbeidd flaumfarekart for vassdrag i Volda kommune. NVE sine aktesemdskart for flaum er eit kart på oversiktsnivå som viser kva areal som potensielt kan vere utsett for flaumfare. Kartet er ikkje detaljert, men gir ein indikasjon på kvar flaumfaren bør vurderast nærare. Dette er knytt til vatn, elvar, bekkar og stormflo/havnivåstigning. I ei 20 m brei sone på kvar side av bekkar og 50 – 100 m sone langs elvar kan ein ikkje utan nærare kartlegging utelukke fare for flaum og erosjon. Desse sonene er derfor vist som omsynssone med fare for flaum i arealdelen. I denne sona må flaumfaren kartleggast i samband med reguleringsplan og utbygging. Den beste måten å førebygge skader på er å unngå framtidig busetnad i potensielt flaumutsette område.


Temakart A Naturfarar viser område med aktesemdsone for flaum og omsynsone med fare for flaum og erosjon langs bekkar og elvar. Temakart ligg som vedlegg.



Skredhendingar. Kjelde: NVE.



Aktesemdsområde snø- og steinskrud. Kjelde: NGI
Aktesemdsområde jord- og flaumskred. Kjelde: NVE



Aktesemdsområde flaum. Kjelde: NVE.

3.3 Overvatn

Indre strøk av Sunnmøre er det området i Møre og Romsdal med mest nedbør jf. normalnedbør 1971-2000 og med dette eit område med tilsvarende stor avrenning. Ut frå prognosar om eit våtare og villare klima må ein rekne med meir nedbør og større grad av avrenning. Gjennomsnittleg årsnedbør i Volda er 2105 mm. Nedbøren er venta å auke med cirka 15% i Møre og Romsdal, 5% meir om vinteren og våren, 20% meir om sommaren og 15% meir om hausten. Det er venta at periodar med kraftig nedbør aukar vesentlig både i intensitet og frekvens.

Høg vassføring og stor avrenning av overflatevatn påverkar overflatemateriale (jord, stein, sand osv.). Høgt vasstrykk kan vere ein direkte årsak til utløyning av steinsprang og jordskred. Dessutan er flaumskred (jordmasser som bevege seg som veske) avhengig av eit relativt høgt veskeinnhald. Koplinga mellom elvar og omliggande skråningar er også viktig då vassmengdene kan erodere og undergrave skråningar og på den måten føre til skred og høg sedimentinput i elva. Det er derfor viktig å finne gode løysingar for drenering av vatn då dette kan føre til at ein unngår skredhendingar.

Ivaretaking og vidareutvikling av blågrønne løysingar, vurdere krav om fordrøyningsanlegg og sikre opne elvar og bekkar og unngå å legge naturlege vassveggar i røyr og kulvertar kan vere gode grep i arealdelen.



3.4 Stormflo, havnivåstiging og flodbølge

Stormflod er den kombinerte effekten av høgaste astronomiske tidevatn (skjer regelmessig kvart 19.år) og meteorologiske høve (lågtrykk og pålandsvind) som bidreg med opp til 1meter havnivåstiging i tillegg til den astronomiske påverknaden. I DSB sin rapport "Havnivåstiging og stormflo" (2016) er det laga prognosar for havnivå og maksimal vasstand i høve til kote 0 for landareal ved stormflo. Data for Volda tar utgangpunkt i målingar frå Ålesund. Havnivået for perioden 2081 – 2100 er rekna å vere 74 cm høgare enn havnivået i perioden 1981-2000. Dette førar til auka klimarelatert risiko langs sjø. Under visast høgde frå stormflo med ulike returnivå for Volda.

År/periode	1996 - 2014	2081 - 2100
20 års stormflo	164cm	238cm + klimapåslag
200 års stormflo	182cm	256cm+ klimapåslag
1000 års stormflo	192cm	266cm+ klimapåslag



Tabell 1. Samandrag som viser venta endringar for Møre og Romsdal frå 1971-2000 til 2071-2100 i klima, hydrologiske forhold og naturfarar som kan ha verknad for samfunnstryggleiken.

Klimaprofil Møre og Romsdal Kjelde: Norsk Klimaservicesenter

3.5 Skog og grasbrann


Volda har store skogsområde som inneheld variert blandingsskog og planta granfelt, ofte i ulendt terreng. Kommunen har relativt store nedbørmengder, vått klima og sjeldan lengre tørkeperiodar. I følgje brannvernet er det ikkje områder som har særskilt stor risiko for skogbrann. Nokre skogsområde ligg likevel tett inntil bustadområde og vil ved ein eventuell stor skogsbrann kunne vere ein viss risiko for spreiding til busetnad. Det same gjeld for nokre hytteområde. Ein ser heller ikkje at det er særskilt stor risiko for spreiding av skogbrann frå kommunar som grensar mot Volda. Det er sidan 2000 ikkje registrert skogbrannar i Volda og kun eit fåtal mindre gras- og lynnbrannar.

3.6 Ustabile grunnforhold

Store delar av grunnforholda i kommunen er morenemateriale, skredmateriale og bart fjell med tynt dekke. Ein finn og innslag av blokkhav, elve- og bekkeavsetning og avsmeltingsmorene. Morenemateriale er plukka opp, transportert og avsett av isbrear. Vanlegvis eit hardt og samanpakka material. Morenemateriale er relativt stabile massar som byggegrunn. Større områder i kommunen har morenemateriale som grunn. Skredmateriale er avsetningar som er laga av skred frå bratte fjellsider. Dette er fruktbart jordsmonn. Fleire av dalføra i kommunen har skred materiale som grunnforhold. Elve- og bekkeavsetning er materiale som er avsett av elvar og bekkar. Sand og grus dominerer og er relativt stabile massar. Deler av kommunen ligger under marin grense, der det er førekomstar av marine strandavsetningar som kan innehalde kvikkleire. Skred i kvikkleire kan ha store konsekvensar. I mange av desse områda er det gjort mange terrenginggrep utan at det er registrert kvikkleire. Med bakgrunn i dette er det lite sannsynlig at det er risiko for kvikkleire i kommunen, men førekomsten kan ikkje heilt utelukkast. Det er slik sett fortsatt potensiell fare for ustabil grunn og grunnforhold i område med marine avsetningar må undersøkast nærare i samband med reguleringsplan eller utbygging.

3.7 Storm/orkan

Klimaendringar gjer sitt til meir ekstremvêr og større skadeomfang på menneske og eigedom. Ekstremvêr som sterk vind vil skje med auka hyppigheit. Vind gjer frå tid til anna skade på bygningar, infrastruktur og skog i kommunen. Særleg har nedfall av skog medført bortfall av straum og stengde vegar. Av alle typar naturskader er det storm som medfører flest skadar og størst erstatningsbeløp. Både nyttårsorkanen i 1992 og orkanen "Dagmar" 1. juledag 2011 har gitt store skadar og utfall av nødvendig infrastruktur i store delar av kommunen. Gjeldande lover og forskrifter sikrar at nye bygningar skal tole ekstremvind.



Lausmasser. Kjelde: NGU.




Dagmar 2011. Foto: Alice Rotevatn/Volda kommune.

4 MENNESKE OG VERKSEMDSBASERTE FARAR

4.1 Handtering av farleg stoff

DSB (Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap) held oversikt over alle objekt som lagrar farleg stoff (gass/ brannfarleg væske). Volda brannvern går tilsyn på desse objekta. I Volda kommune er det ikkje slike permanente lager, men midlertidige lager knytt til veganlegg og liknande. Det er under etablering eit eksplosivlager på Bjørkedalen. Det er ikkje registrert lager av kjemikaliar som er så store at det er søknads- eller meldepliktig. Dei små mengdene som kan vere lagra, utan at det er kjent, utgjer ein så liten risiko at det er lite truleg at ein vil oppleve ei storulukke med utslepp eller lekkasje. Det er i følgje DSB registrert 2 uhell med transport av farleg gods i perioden 2002 – 2011.



Transport av farleg gods 2012. Kjelde: DSB

4.2 Storbrann

I Volda sentrum er det eldre, tett trehusbusetnad med stor smittefare ved brann. Brannvernet har utarbeidd innsatsplanar for dette området med ekstra stor førsteinnsats for å hindre spreining. Brannvesenet har oversikt over alle særskilte brannobjekt i kommunen, såkalla § 13-objekt. Dei skal besøkast ein gang årlig der ein kontrollerer at branntryggleiken er ivareteken. Tunnelane som er ein del av Eiksundsambandet (rv 653), Kvisvsvegen (E39) og Rotset-tunnelen m fl høyrer inn under § 13-objekta.

Det er under etablering eit eksplosivlager som er underlagt Storulukkeforskrifta. Det må etablerast sikringssone rundt slik verksemd.


4.3 Forureining

I Miljødirektoratet si oversikt over grunnforureining er det registrert to lokalitetar med mistanke om forureina grunn i kommunen. Den gamle avfallsplassen i Alida og Dalsfjord treimpregnering på Dravlaus. Elles er det ein del ureinsa utslepp rundt om i kommunen.

Statens vegvesen har kartlagt støy knytt til hovudveggar. Støysonekartet viser at ein del bustadhus ligg innanfor gul eller rød støysone.

Store husdyrgjødsellager, pressafthandtering frå siloar, feil lagring av rundballar og mangelfullt avløp frå mjølkerom kan vere potensielle punktutslepp. Arealavrenning vil kunne skje ved feil bruk av gjødsel. I samband med klimaendringar og auka nedbør vil gjødselspreiing, erosjon og utvasking av terreng vere eit aukande problem for vassdraga. Dette kan vere med på å påverke fjordsystema og særleg då inste del av Austefjorden og Kilspollen.

Forureining frå oppdrettsanlegg kan vere ei miljøbelastning. Anlegga i kommunen ligg no i hovudsak lengst ute i fjorden, med gode forhold for vassgjennomstrøyming- og gode produksjonstilhøve. Størst risiko er truleg knytt til rømming, sjølv om det siste åra er satsa tungt på betra forankringsløysingar, type merdar/materialar i anlegga og betra produksjonsformer som er med på å minimerer denne risikoen.



Forureining Kjelde: Miljøstatus.

4.4 Ulukker med transportmidlar

Kommunen har Trafikktryggingplan under arbeid. Det er vegnettet i Volda sentrum som er mest utsett for trafikkulykker med personskade. Dødsulykkene som har skjedd i Volda kommune har alle skjedd utanfor tettbygd strom på overordna vegnett. Halvparten av alle ulukker har skjedd på Rv 651/E39 og E39. Illustrasjonen under viser alle trafikkulykker dei siste 5 åra. Dette er ulykker med minst eit køyretøy(også sykkel) innblanda.



Registrerte trafikkulukker dei siste 5 åra. Kjelde: NVDB.

4.5 Sårbare objekt

Offentlege bygg

Offentlege bygg vert sett på som sårbare objekt i enkelte kritiske situasjonar. Omsorgs- og oppvekstinstitusjonar er bygningar med personar som er hjelpetrengande i ein krisesituasjon. Kommunen har 1 omsorgssenter og 2 bemanna sjukeheimar, fleire omsorgsbustader og legesenter. Volda kommune har 13 barnehagar og 10 skular, 3 av skulane er kombinerte barne- og ungdomsskular. Andre viktige offentlege bygg som ligg i Volda er sjukehus, høgskule, vidaregåande skule og sorenskrivarkontor. Volda sjukehus har i tillegg ein samfunnsviktig funksjon i ein krisesituasjon. Vidare har kommunen brannstasjon, rådhus, samfunnshus og idrettshall og 4 kyrkjer i kommunen.

El forsyning

Forsyningslinene som går gjennom heile kommunen er sårbar. Svikt i El- forsyninga over lenger tid vil ha konsekvensar for busetnaden, private og offentlege tenestar. For institusjonar, verksemdar og næringsliv vil brot i straumforsyninga kunne medføre ein fare for tap av liv, helse og store materielle verdiar. Slike samfunnsviktige tenestar har ofte naudaggregat.

Vegnettet

Hendingar som medfører stenging av tunnelar, vegar eller ferjesamband vil gje store utfordringar. Dei fleste stadane vil det vere mogleg å få til omkøyringsruter, men konsekvensane vert vesentleg lenger køyreveg for mange.

Nokre vegar i kommunen er rasutsett, særskilt vinterhalvåret, og medfører store utfordringar ved stenging. Vegen rundt Dalsfjorden kan ofte vere stengd av ras eller rasfare, men sjeldan over mange dagar. Om vegen er stengd på begge sider av ei bygd, er einaste transportmoglegheita båt eller helikopter. Andre stader som er utsett for rasstengd veg er Osdalen. Der er einaste alternativet vegen over Heggjadalen til Eid, dersom denne er open. Geislida er også oftast rasstengd i delar av vinterhalvåret, men det har avgrensa konsekvensar så lenge ferja Volda – Folkestad går som normalt og vegen mellom Fyrde og Volda er open.

Drikkevassforsyning

Volda kommune har 10 kommunale vassverk som forsyner tilsamen ca. 8500 personar. Resten av innbyggjarane i kommunen vert forsynt gjennom private vassverk og enkeltforsyningar. Nedbørfelt for drikkevasskjeldene skal beskyttast for å hindre forureining og fare for vassforsyninga. Det er lagt omsynssone rundt drikkevasskjeldene i plankartet. Kommunen har ikkje ROS-analyse for vassforsyninga, men det er utarbeidd beredskapsplanar for nokre av dei kommunale vassverka.

Avløpsinstallasjonar

Svikt i avløpsinstallasjonar kan få store konsekvensar for busetnaden i kommunen, miljøet og for materielle verdiar. Drift og utbygging av kommunale avløpsanlegg skjer i samsvar med kommunedelplan for vatn og avløp (kloakkrammeplanen). Nye byggetiltak må anten knytast til eksisterande kommunalt nett eller søkje om separat utsløppsløyve.



Natur

I Volda kommune er det oppretta to naturvernområde; Vindfarholmen og eit område på Berkneset.

Eit av dei prioriterte områda i Fylkesdelplan for inngrepsfrie naturområde ligg i Volda og er omtala som Fjellområdet sør for Austefjorden. Der er det omtala slik: "Inngrepsfri sone 1 og 2. Sterkt kupert fjellområde, mest av alt over skogsgrensa. Fleire brear og mange fiskevatn. Tradisjonelt viktig hjorteområde og mykje småvilt. Regionalt friluftsområde (Søre Sunnmøre og Nordfjordsregionen) med innfallsport m.a. frå Høydal og Grøndalsvatnet. Grenser til område i Eid kommune (S&Fj.)."

Inngrepsfrie naturområde er ein avgrensa ressurs som kommunen må ta stilling til i planprosessar og ved handsaming av enkeltsaker.

Ut over dette ligg det også føre omfattande registreringar av viktige naturtypar, artar og viktige kulturlandskap. Når det gjeld artar så omfattar dette både leveområde, beiteområde, trekkveggar og yngle-/hekkeområde. I tillegg ligg det føre registreringar av spesielt sårbare artar som ikkje er gjort offentleg tilgjengelege.

Kulturminne og kulturmiljø

Det er registrert 2600 bygg i SEFRAK-registeret. Dette er hovudsakeleg bygningar frå før 1900, men i Volda kommune er det også registrert bygg heilt fram til 1950-talet.

I Volda er det fem freda bygningar og miljø. Dette er: Stabbur på Eikrem, gardstun på Egset (hovudbygning), uthus på Hundsnæs (sengjabud), røykomnstove i Velsvik og kyrkjestad i Volda (Halkjelsvik) frå mellomalderen. I tillegg kjem alle automatisk freda kulturminne, som gravhaugar og liknande funnstader som er registrert i Riksantikvarens si database. I kommunen finn ein to trekyrkjer og to steinkyrkjer. Dette er Austefjord kyrkje (1766/1879), Dalsfjord kyrkje (1910), Volda kyrkje (stein -1932) og Kilsfjord kyrkje (betong – 1974). Av desse er Austefjord og Volda kyrkje listeført, og har rett på ekstra vern i saker som gjeld dei.

I kommunen har ein også fleire miljø med verneverdige bygg, dei mest markante er: Nedre Rotset - Garvarbuda, Volda Prestegard, Riste-tunet, Gamlegymnaset, Halkjelsvik - tettstad og gatemiljø, Årsetøya, Kårstadbygget, Skrivargarden på Rotset, Skrivargarden i Skjerva, Volda Elektriske Mylne, Mylnefallet Elektrisitetsverk, Korsfurtunet og Brunebuda (museumsanlegg), setrar og stølar.

4.6 Tilgjenge for naudetatar

Volda brannvesen er i ferd med å gjennomføre ROS-analyse. Analysen vil gi grunnlag for dimensjonering av brann- og redningstenesta, driftsbudsjett og prioritering av oppgåver.


Innsatstid

Innsatstida til sjukehus, sjukeheimar og tettbygging med særskilt fare for brannspreiing er under 10 min og til tettstaden elles under 20 min.

Frå sentrum er ein fleire stader avhengig av ferje for å kome fram og uttrykkingstida vil avhenge av tid på døgnet og kvar ferja er på fjorden. Volda brannvern har branndepot på Dravlaus, Steinsvika og Straumshamn, samt bistandsavtalar med nabokommunar, og kan nå dei fleste stadane i kommunen på under 30 minutt. Unntak er Årsetøya og Yksnøya der ein er avhengig av båt, men desse stadane har ikkje lenger fast busetnad. Viss det oppstår hendingar som gjer at vegar vert stengde, t.d. ras, vil utrykkingstida kunne verte høgare.

Slokkevatn

Tilgang til slokkevatn er ein kritisk faktor for utfallet av ein brann. Dette vil spesielt gjelde for tett trehusbebyggelse, større institusjonar og andre større bedrifter. Det er spesielt i område med spreidd busetnad det er utfordrande med slokkevatn. Brannvesenet har eigen tankbil som vil avhjelpe situasjonen. I figuren under er vist område utan tilgang på slokkevatn. Det er også område i kommunen der det er for liten kapasitet på vassnettet til å kunne levere nok vatn til overrislingsanlegg til større bygg.



Busetningar utan slokkevatn. Kjelde: Volda brannvern.

4.7 Elektromagnetiske felt

Elektromagnetiske felt utgjer ein mogleg risiko for farleg stråling. Kraftlinjer og trafostasjonar er typiske kjelder for elektromagnetiske felt. Risikoen varierer utifrå avstand og strømstyrke, spenningsnivå og eksponeringstid. Eit generelt krav frå Statens Strålevern er at all eksponering skal vere så låg som mogleg og utbygging i område med elektromagnetiske felt over 0,4 mikrotlesla bør unngåast. Ein har enkelte tilfelle der kraftleidningar går nær bustad i kommunen. For nokre av desse tilfella er det gjort målingar, og måleverdiane ligg under 0,4 mikrotlesla. Kraftnett og trafostasjonar skal markerast med omsynsoner i plankartet.

4.8 Terror og sabotasje

Sårbare objekt som vil svekke samfunnssikkerheita blir sett på som potensielle terrormål i følge FN sin konvensjon om terrorisme. Offentlege bygningar, teknisk infrastruktur som informasjons- og kommunikasjonsinstallasjonar, straumforsyning, vassforsyning, sikkerheitsapparat som brann- og redningsteneste, politiet, sjukehus og stadar som samlar mykje folk, til dømes kjøpesenter, høgskulen og liknande er definert som terrorobjekt. Det er lite sannsynleg at verksemdar i kommunen er særskilt utsett for terrorhandlingar.

5 VURDERING AV RISIKO OG SÅRBARHEIT

I kapittel 4 er det kartlagt kva område i kommunen som kan vere utsett for ulike farar. Det er utarbeidd temakart for dei ulike faregruppene. Dette er utgangspunkt for vurdering av risiko og sårbarheitssituasjonen for alle nye utbyggingsområde eller endring av arealbruksformål. Oppsummering av vurdering av risiko og sårbarheit for alle forslag til nye utbyggingsområde eller endring av arealbruksformål ligg som eige vedlegg til ROS-analysen. Utgangspunktet for vurderingane vil vere med utgangspunkt i kor stort sannsyn det vil vere for at den uønska hendinga oppstår. Det er vanleg metodikk å gå ut frå følgjande kategorisering av sannsyn:

1. Lite sannsynleg – hendingar er ikkje kjent frå tilsvarende tilhøve, men det kan vere ein teoretisk sjanse.
2. Mindre sannsynleg – hendingar kan skje
3. Sannsynleg – Kan skje av og til, muleg periodisk hending.
4. Svært sannsynleg – kan skje regelmessig, tilhøvet er kontinuerleg tilstades.

Vurdering av konsekvensar av uønskte hendingar vert til vanleg delt i:

	Liv/helse	Natur/miljø	Materielle/ økonomiske verdier/ samfunnsviktige funksjonar
Ufarleg	Ingen alvorleg skade	Ingen alvorleg skade	Uvesentleg/ kortvarig avbrot
Ein viss fare	Få/små skader	Få/små og ingen varig skade	Systembrot kan føre til skade dersom reservesystem ikkje finnes
Kritisk	Alvorlege behandlingskrevjande skader	Kan føre til omfattande skader.	Driftstans i fleire døgn, tap av mindre økonomiske verdier
Farleg	Fleire alvorleg skadde og dødsfall(ein person)	Alvorlege skader på natur/miljø.	System settast ute av drift over lengere tid, alvorleg skade på eigedom og tap av større økonomiske verdier
Katastrofalt	Fleire døde.	Langvarig/ uoppretteleg skade på natur/miljø.	System settast varig ute av drift, uoppretteleg skade på eigedom og tap av store økonomiske verdier.

Risiko vert uttrykt ved sannsyn for og konsekvensane av uønska hendingar.

Svært sannsynleg					
Sannsynleg					
Mindre sannsynleg					
Lite sannsynleg					
	Ufarleg	Ein viss fare	Kritisk	Farleg	Katastrofalt

Rødt felt – uakseptabel risiko, og tiltak må iverksettast for å redusere til gul eller grønt. Gult felt – risiko som må vurderast med omsyn til tiltak som vil redusere risiko. Grønt felt – akseptabel risiko.

I samband med arealdelen kan det vere vanskeleg å fastsette sannsyn for at ei hending kan oppstå. Ut frå gjennomgangen av dei ulike farane har ein i stor grad ikkje eksakt kunnskap om sannsyn eller konsekvens. Spesielt gjeld dette når det kjem til naturfarar, der utgangspunktet for vurderingane er basert på aktsemdskart. Det vil derfor vere vanskeleg å følgje metodikken fullt ut. Ein har derfor valt ei meir forenkla tilnærming.

Der forslag til nye utbyggingsområde og endra arealbruk i stor grad interfererer med ein type fare vil forslag til arealbruk bli merka med rødt felt i ROS-oppsummeringa, då det er sannsynleg at tiltaket vil medføre uakseptabel risiko. Forslag til arealbruk der berre delar av foreslått utbyggingsområdet er i «konflikt» med farekategorien, vil bli markert med gult felt. Her vil det vere ein viss risiko som må vurderast med omsyn til tiltak som vil kunne redusere denne risikoen. Forslag til utbyggingsområde utan «konflikt» er merka med grønt felt og vil ikkje medføre uakseptabel risiko.

Forslag til nye utbyggingsområde og endra arealbruk som kjem innanfor dei røde feltene i den typiske risikomatrissa må ein vurdere å ikkje imøtekome, eller ein må sette krav om kartleggingar og nødvendige tiltak gjennom føreseger i arealdelen for å redusere risikoen. I gule felt kan ein vurdere å imøtekome forslag om utbyggingsområde, men det vil i tillegg vere krav om tiltak gjennom føreseger i arealdel. I grøne felt vil det vere akseptabelt risiko utan behov for tiltak.

6 TILTAK OG OPPFØLGING I AREALDELEN

Arealdelen gir rammer og retningslinjer for nye utbyggingsformål og framtidig arealbruk. Gjennom ROS-analysen har ein vurdert alle risiko og sårbarheitsforhold som er avgjerande for om eit areal er egna til utbyggingsformålet, og om utbygging kan medføre endringar i risiko- og sårbarheitsforhold (jf. PBL § 4-3). ROS-analysen vil vere implementert i både plankartet og konsekvensutgreiinga.


Gjennom bruk av **arealformål** på plankartet vert det angitt med rettsleg verknad kva arealet kan nyttast til. Ein bør først og fremst vurdere å ikkje imøtekomme forslag til nye utbyggingsområde eller endra arealbruk i område som kjem innanfor dei røde felta i risikomatrissa.

Omsynssoner skal vise omsyn og restriksjonar som har betydning for bruken av arealet. Omsynssonene er ikkje eit byggjeforbod, men ei sone der ein må ta spesielle omsyn, eller der ein må vurdere ulike farar før eventuell utbygging. Det er fleire typar omsynssoner, men dei sentrale i ROS-samanheng er sikrings- og faresonar. Rasfareområde er eksempel på faresone, medan området rundt drikkevatt er eksempel på sikringssone. Omsynssonene skal visast i plankartet, og det skal visast kva føresegner som skal ivareta det omsynet som sonen viser. Etablering av omsynssone er eit viktig grep for å ivareta ROS-omsyn. Dersom det er ønskeleg å redusere omfanget av omsynssoner må faren som ligg til grunn for omsynssonen kartleggast og utgreiast vidare. Til dømes vil eit rasfareområde kunne verte redusert, dersom ein gjennomfører kartlegging av skredfaren og resultatet av denne viser at den reelle faresonen for skred har mindre utstrekning enn aktsemdssonen, som ligg til grunn for omsynssona.

Føresegner kan gjelde heile eller delar av kommunen eller for spesifikke arealformål. Føresegnene viser på rettsleg bindande måte kva vilkår eit tiltak må oppfylle for at det skal kunne gjennomførast. I arealdelen skal funn i ROS-analysen takast omsyn til på følgjande måte i arealdelen.

- *Avmerking i plankart - omsynssoner(inkl. faresoner, sikringsoner m.v.) og ev. endra arealbruk.*
- *Behov for vidare utgreiing*
- *Krav om detaljanslysar*
- *Utarbeiding av føresegner*
- *Krav om avklaringar i reguleringsplan før utbygging.*

Naturfarar	Avbøtande tiltak i arealdelen
Skred	<ul style="list-style-type: none"> – Faresone for skred vert lagt inn i plankartet. – Føresegner og retningslinjer vert innarbeidd i føresegnene til arealdelen. – Krav om dokumentert tryggleik mot skred i nye reguleringsplanar.
Flaum	<ul style="list-style-type: none"> – Faresone langs alle bekkar og elvar vert vist på plankartet. – Det skal settast av grøntkorridor langs større vassdrag i plankartet.
Overvatn	<ul style="list-style-type: none"> – Vurdere krav om fordrøyningsanlegg ved regulering. – Krav om overordna vatn- og avlaupsplan ved regulering. – Sikre naturlege flaumveggar i arealdelen.
Stormflod, flodbølge, havnivåstigning	<ul style="list-style-type: none"> – Områder i reguleringsplanar og tiltak som ligg lågare enn NN2000 kote 3, skal planleggast og utformast slik at tilstrekkeleg tryggleik kan oppnåast.
Skog og grasbrann	<ul style="list-style-type: none"> – Ingen konkrete tiltak nødvendig
Ustabile grunnforhold	<ul style="list-style-type: none"> – Ingen konkrete tiltak er nødvendig. – Krav i føresegn om aktsemd i område med marine avsetningar.
Storm/orkan	<ul style="list-style-type: none"> – Ingen konkrete tiltak er nødvendig.
Menneske og verksemdsbaserte farar	
Handtering av farlege stoff	<ul style="list-style-type: none"> – Ingen konkrete tiltak er nødvendig.
Storbrann	<ul style="list-style-type: none"> – Det må fastsettast nødvendig sikringssone kring verksemd som kjem inn under storulykkeforskrifta.
Forureining	<ul style="list-style-type: none"> – Ingen konkrete tiltak er nødvendig.
Ulukker med transportmidlar	<ul style="list-style-type: none"> – Ingen konkrete tiltak er nødvendig.
Sårbare objekt	<ul style="list-style-type: none"> – Viktige kulturmiljø og kulturminne skal inngå i omsynssone. – Viktige naturområde og naturvernområde skal inngå i omsynssone. – Det skal etablerast omsynsone kring drikkevasskjelder.
Tilgjenge for naudetatar	<ul style="list-style-type: none"> – Ingen konkrete tiltak er nødvendig. – Krav om å vurdere slokkevasskapasitet ved regulering av nye utbyggingsområde.
Elektromagnetiske felt	<ul style="list-style-type: none"> – Det skal visast faresone kring høgspeintlinjer og transformatorstasjonar.
Terror og sabotasje	<ul style="list-style-type: none"> – Ingen konkrete tiltak er nødvendig.





Volda kommune

Stormyra 2
6100 Volda

postmottak@volda.kommune.no


Telefon: +47 70 05 87 00

Faks: +47 70 05 87 01

Åpningstider: 08.00–16.00



TEMAKART A Naturfarer



Naturfarer


- Observerte skred - historisk (NVE)
- Potensielt Skredfareområde (NGI)
- Aktsemdsområde skredfare(1)
- Område ikkje vurdert for skred (3)
- Flom Aktsomhetsområde(NVE)
- Omsynssone langs bekk og elv
- Potensielt Jord- og flaumskredfare (NVE)
- Marin Grense (NGU)
- Marine strandavsetningar (NGU)
- Kommuneplan avgrensing

Temakartet er basert på datasett som meint for målestokk over 1:50000 noko som påverkar nøyaktigheita. Kjelder: NVE, NGI.



Prosjektinformasjon		Dato		Tittel		Skala		Status	
Arvidalen 2018 - 2019		2018		Naturfarer		1:50 000		Ferdig	
Naturfarer		2018		Naturfarer		1:50 000		Ferdig	
Arvidalen 2018 - 2019		2018		Naturfarer		1:50 000		Ferdig	
Naturfarer		2018		Naturfarer		1:50 000		Ferdig	
Arvidalen 2018 - 2019		2018		Naturfarer		1:50 000		Ferdig	
Naturfarer		2018		Naturfarer		1:50 000		Ferdig	
Arvidalen 2018 - 2019		2018		Naturfarer		1:50 000		Ferdig	
Naturfarer		2018		Naturfarer		1:50 000		Ferdig	

TEMAKART C Sårbare objekt 2



Sårbare objekt 2


- KpGrense
- Europaveg og Rv
- Fylkesveg
- Farled
- ▨ Vassverk Sikringszone
- ▨ Bebygde område utan slokkevatn
- Akvakulturlokalitetar
- Vannvei vedtak gitt konsesjon
- Vannvei i drift
- Vannkraft_Magasin i Drift
 - ▨ Kraftproduksjon
 - ▨ Kraftverk-andre
 - ▨ Vannforsyningsdam
- Kraftnett_Kraftlinje
 - Sentralnett
 - Regionalnett
 - Distribusjonsnett

Temakartet er basert på datasett som meint for målestokk over 1:50000 noko som påverkar nøyaktigheita. Kjelder: NVE, Kystverket, Volda kommune Brann, Volda kommune Teknisk.



Id	Navn	Dato	Utgjeve	Revisjon	Endring
1	Sårbare objekt 2	2018	02.08.2017		
Prosjekt: 2018 - 2018 Skala: 1:50 000 Karttype: Topografisk Kartblad: 100					
Prosjekt nr.: Tegning nr.: Rev.:					

TEMAKART D Verksemdsrisiko



Verksemdsrisiko	
—	Plangrense
★	Forurenset grunn
●	Trafikkulykke
	Støy T-1442
■	Gul støysone
■	Rød støysone



Arbeidsdato	2018 - 2018	Prosjekt	Verksemdsrisiko
Skala	1:50 000	Oppgave	
Forfatter		Revisjon	
Godkjent av		Dato	
Opprettet av		Revisjon	

Temakartet er basert på datasett som meint for målestokk over 1:50000 noko som påverkar nøyaktigheita. Kjelder: Statens vegvesen, Miljødirektoratet.

Vedlegg 5: ROS-vurdering av forslag til nye utbyggingsområde

OMRNAVN	Naturfarer	Menneske og verksemdsbaserte farer	Forslagsstillar	Eigedom
Bustader				
B1	Omsynsone bekk og marine strandavsetningar	Sikringsone kraftlinje, støy	Odd og Runar Bjerknes	
B2	marine strandavsetningar	Sikringsone kraftlinje, støy	Ann-Mari Stave	4_2
B3	Aktsemdsone skred, marine strandavsetningar	BM naturtype	Ann-Mari Stave	4_2
B4			Mork Grendalag	12_1, 12_3
B5			Mork Grendalag	11_1
B6	Aktsemdsone flaum, marine strandavsetningar		Jorun Rangsæter	13_22
B7	Delvis aktsemdsone skred	Arter nasj. interesse, sikringsone kraftlinje, støy	Mork Grendalag	
B8	Delvis aktsemdsone skred	Sikringsone kraftlinje, støy	v/Harald Thunheim	13_18
B9			Erling og Sigrid Skarstein	16_1
B10	omsynssone bekk		Erling og Sigrid Skarstein	16_1
B11	marine strandavsetninga	Trafikkulykke	Sverre Engeset Foldal	18_12
B12	Aktsemdsone skred, flaum		Tore Bjørneseth og Inger-Johanne	18_5
B13	Aktsemdsone skred, flaum		Sverre Engeset Foldal	18_12
B14	marine strandavsetninga	Arter nasj. Interesse	Torild og Roar Driveklepp	19_598
B15	Aktsemdsone flaum, omsynsone bekk	Støy	Geir Halkjelsvik	19_564, 19_5
B16	marine strandavsetninga	Arter nasj. Interesse, støy, trafikkulykke	Opplysningsvesenets Fond	29_1
B17	omsynssone bekk, marine strandavsetningar	Arter nasj. Interesse	Norhus AS	30_2 m.fl.
B18	aktsemdsone skred, omsynssone bekk		Tomteservice AS	19_1 m.fl.
B19	aktsemdsone skred, omsynssone bekk		Grete Jorunn Halkjelsvik m.fl.	19_1 m.fl.
B20	aktsemdsone skred		Grete Jorunn Halkjelsvik m.fl.	
B21	omsynsone elv	BM naturtype	GunnKarin Kvistad Strand og Inger	20_14
B22	omsynsone elv	BM naturtype	Din Bolig AS	20_523
B23	aktsemdsone skred	Støy	Per Arne Heltne	20_4
B24	aktsemdsone skred		Per Arne Heltne	20_4
B25			Lene og Roy Inge Heltne	20_6
B26			Dag Bratteberg	21_2, 21_6
B27	aktsemdsone skred, omsynsone bekk	Arter nasj. Interesse	Øyvind Eidså	21_1
B28		Støy	Robin Heltne	20_1

B29	Omsynsone bekk		Tor Halvar Flacké Botnen	20_36
B30		Støy	Lene og Roy Inge Heltne	20_6
B31			Alice Ødegård Rotevatn	27_7
B32	aktsemdsone flaum og skred , omsynsone bekk	Manglar slokkevatn	Per Sigvald Hoggen	26_2
B33	aktsemdsområde skred		Per Sigvald Hoggen	26_2
B34	aktsemdsone flaum og skred, omsynsone bekk	Støy	Greg og Herdis Rotevatn	
B35		Støy	Kaisa Olsen	27_17
B36	aktsemdsone flaum og omsynsone bekk		Eli og Harald Vassbotn	28_3
B37	aktsemdsone flaum og omsynsone bekk		Eli og Harald Vassbotn	28_3
B38	aktsemdsone flaum og omsynsone bekk		Eli og Harald Vassbotn	28_3
B39	aktsemdsone skred, omsynssone bekk, marine	Sikringssone kraftlinje	Austefjord grendautval	47_1 m.fl.
B40	omsynsone bekk, aktsemdsone flaum.		Austefjord grendautval	66_1, 66_2 m
B41	aktsemdsone flaum og skred, omsynssone bekk	Støy	Kalvatn grendautval	
B42	omsynssone bekk	Sikringssone kraftlinje	Dravlausbygda og Innselset grendalag	
B43	aktsemdsone flaum, omsynsone bekk	Leveområde arter	Velsvik og Lauvstad grendalag	
B44	aktsemdsone skred		Velsvik og Lauvstad grendalag	157_4
B45	aktsemdsone skred		Velsvik og Lauvstad grendalag	160_8 m.fl.
B46			Velsvik og Lauvstad grendalag	158_1, 158_3
B47			Per E Vassbotn	
B48			Per E Vassbotn	
B49	aktsemd skred, omsyn bekk	Støy	Vegard Bjørdal	85_2
B50	omsyn elv	Leveområde arter, BM naturtype	Tømrer Service AS	20_12
B51	aktsemd skred, omsyn bekk		Tømrer Prosjekt AS	19_29
Fritidsbusetnad, naust, rorbu.				
BFR1	marine strandavsetningar		Norvald Bjerknes	2_1
BFR2	aktsemdsone skred	BM naturtype, støy	Odd og Runar Bjerknes	
BFR3	aktsemdsone flaum, marine avsetningar		Odd og Runar Bjerknes	
BFR4	aktsemdsone flaum		Norvald Bjerknes	2_1
BFR5	marine avsetningar	Støy	Odd og Runar Bjerknes	
BFR6	aktsemdsone flaum, marine avsetningar		Odd og Runar Bjerknes	
BFR7	aktsemdsone flaum, omsynssone bekk, marine avsetningar	Sikringssone kraftlinje	Reidar Sørheim	
BFR8	aktsemdsone bekk	Sikringssone kraftlinje	Ann-Mari Stave	4_2

BFR9	aktsemdsone flaum, marine avsetningar	Automatisk freda, støy	Jostein Bjerkvik, Oddvin Bjerkvik, I	6_1
BFR10	aktsemdsone flaum, marine avsetningar		Jon Bjørdal og Roy Inge Heltne	
BFR11			Lene og Roy Inge Heltne	20_6
BFR12	aktsemdsone flaum	Sikringssone kraftlinje	Austefjord grendautval	70_1
BFR13	aktsemdsone skred		Kalvatn grendautval	59_17, 59_5
BFR14	aktsemdsone skred		Kalvatn grendautval	59_17
BFR15	aktsemdsone skred og flaum		Kalvatn grendautval	59_2
BFR16	aktsemdsone skred og omsynsone bekk	Manglar slokkevatn	Dag Leiv Bjørneset	86_4
BFR17	aktsemdsone skred	Verna vassdrag, BM naturtype	Jakob Helset	92_3
BFR18	aktsemdsone flaum	Verna vassdrag, sikringssone kraftlinje	Jakob Helset	92_3
BFR19	aktsemdsone flaum og omsynssone elv		Einar Furnes	136_2
BFR20	aktsemdsone flaum		Dravlausbygda og Innselset grendalag	
BFR21	aktsemdsone skred		Ivar Kvangardsnes	151_3
BFR22	aktsemdsone skred og omsynsone bekk	Verna vassdrag	Bjørkedal, Løset m.fl.	91_10
BFR23			Per E Vassbotn	
BFR24	aktsemdsone skred og marine avsetningar	Manglar slokkevatn	Kirsti og Rolf Følsvik	
BFR25	Aktsemdsone flaum	Verna vassdrag	Geir Magnus Lied	91_15
Sentrumsformål				
BS	aktsemdsone flaum og omsynssone elv	Arter av nasj. Interesse, nær hovudveg, støy	MVK Eigedom AS	29_48, 29_44
Forretningar				
BF	Omsynssone elv	Støy	Kiwi Volda	19_10
Offentlig eller privat tenesteyting			Forslagsstillar	Eigedom
BOP		BM natyrtype, arter av nasj. Interesse	Mork Grendalag	
Turistformål			Forslagsstillar	Eigedom
BFT1	Aktsemdsone flaum	Verna vassdrag, sikringssone kraftlinje	Trygve Helset	92_1
BFT2	Aktsemdsone skred	Arter av nasj. Interesse, nær hovudveg, støy	Austefjord grendautval	45_1, 45_8
BFT3	Aktsemdsone skred og flaum	Manglar slokkevatn	Turid Nautvik og Per Kåre Nesset	117_1
BFT4	Aktsemdsone skred og flaum	Manglar slokkevatn	Turid Nautvik og Per Kåre Nesset	117_1
BFT5	Aktsemdsone skred	Sikringssone kraftlinje	Stian Hjorthaug	38_1
BFT6	Aktsemdsone skred	Sikringssone kraftlinje	Stian Hjorthaug	38_1
BFT7	Aktsemdsone skred		Høydal grendalag	
Råstoffutvinning				

BRU4	Aktsemdsone flaum, omsynssone bekk, marine avsetningar	Nær hovudveg, støy	Volda Maskin AS	13_20, 13_13
BRU2	Aktsemdsone skred	Arter nasj. Interesse, BM naturtype, sikringssone kraftlinje	Volda Maskin AS	32_2, 32_1
BRU3	Aktsemdsone skred	BM naturtype	Gunnar Løvøy	
BRU1	Aktsemdsone skred	Verna vassdrag, nær hovudveg, støy	Bjørkedal grendalag	93_2
BRU5	Aktsemdsone skred	BM naturtype, nær hovudveg	Turid Nautvik og Per Kåre Nesset	117_1
BRU6	Aktsemdsone skred og omsynssone bekk		Anders Telset	164_1
BRU7	Aktsemdsone skred og omsynssone bekk		Anders Telset	164_2
Næringsverksemd				
BN6	Aktsemdssone skred, flaum og omsynssone bekk	Verna vassdrag, sikringssone kraftlinje	Bjørkedal grendalag, Gunnhild Øks	94_1
BN1	Aktsemdssone skred, flaum og omsynssone bekk	Art av nasj. Intr.	Reidulv Langvatn	
BN2	Omsynssone bekk	Støy	Olav Arild Liaskar	14_4
BN3	Aktsemdssone skred og omsynssone bekk	Aut. Freda, sikringssone kraftlinje, støy	Austefjord grendautval	50_1
BN4	Aktsemdssone skred, flaum og omsynssone bekk		Austefjord grendautval	
BN5	omsynssone bekk		Austefjord grendautval	65_3, 65_1
BN7	Aktsemdsone skred		Kraft Laks AS	122_2
Idrettsanlegg				
BIA1	Aktsemdssone flaum og omsynssone elv	Verna vassdrag	Bjørkedal grendalag, Dagfinn Bjørk	92_1, 92_8
BIA2	Marine avsetningar	Nær hovudveg, støy	Volda idrettsråd	19_807 m.fl.
BIA3	Aktsemdsone skred	Sikringssone kraftlinje	Høydal grendalag	80_9
BIA4				
BIA5	Aktsemdssone flaum			
Andre typer bygg og anlegg				
BAB1	Aktsemdssone skred, flaum og omsynssone bekk		Nils K. Holte	105/3/1
BAB2	Aktsemdssone skred	Sikringssone kraftlinje	Gunnar Løvøy	
BAB3	Aktsemdssone skred, flaum og omsynssone bekk		Austefjord grendautval	65_3
Grav- og urnelund				

BGU1	Aktsemdssone skred og omsynssone bekk		Jostein Bjerkvik, Oddvin Bjerkvik, N	6_1
BGU2	Aktsemdssone skred		Volda kyrkjelege fellesråd	6_2
BGU3	Marine strandavsetningar		Volda kyrkjelege fellesråd	30_1
BGU4	aktsemdsone flaum og omsynssone elv	Art nasj. Intr., leveområde nasj. Art, BM naturtype	Volda kyrkjelege fellesråd	47_14
BGU5	aktsemdsone flaum og omsynssone elv	Leveområde nasj.art	Volda kyrkjelege fellesråd	47/_1
BGU6			Volda kyrkjelege fellesråd	107_4, 107_3
BGU7	aktsemdsone flaum		Volda kyrkjelege fellesråd	149_3
Kombinert bygge- og anleggsformål				
BKB1	aktsemdsone flaum	Verna vassdrag, nær hovudveg, støy	Bjørkedal grendalag, Gunnhild Øks	94_1
BKB2	aktsemdsone skred, marine strandavsetningar	Art nasj. Intr.	Røysgarden Sameige	19_2
BKB3	marine strandavsetningar	Trafikkulykke	Storgata 7 AS	19_17, 19_17
BKB4	aktsemdssone skred, flaum og omsynssone bekk	Sikringssone kraftlinje, støy	Austefjord grendautval	43_1
BKB5	aktsemdssone skred	Art nasj. Intr., sikringssone kraftlinje	Austefjord grendautval	
BKB6	aktsemdssone flaum	Art nasj. Intr., leveområde, BM naturtype, sikringssone kraftlinje	Austefjord grendautval	70_1 m.fl.
BKB7	aktsemdssone skred, marine avsetningar		Velsvik og Lauvstad grendalag	161_3, 161_1
BKB8	aktsemdssone skred		Stian Hjorthaug	38_1
Samferdsel				
SB	Marine avsetningar		MDG-Volda	19_1
SPA	Marine avsetningar		Sjur Aarflot	
SHA	Aktsemdssone skred, omsynssone bekk		Anders Telset	164_1, 164_2
LNF med spreidd bustadbygging				
LSB1		BM naturtype, Sikringssone kraftlinje	Ståle Ytrestøl	9_2, 9_4, 10_
LSB3		Manglande slokkevatn	Ståle Ytrestøl	10_1, 10_3, 1
LSB4			Åshild Vik og Petter Haugen	158_3
LSB5			Åshild Vik og Petter Haugen	158_3, 158_1
LSB6	Aktsemdssone skred, omsynssone bekk		Karsten Osvoll	37_3
LSB7			Ann-Elin og Hallgeir K. Lillebø	146_4
LSB8			Alice Bjerknes	27_23
LSB9	Marine strandavsetningar		Norvald Bjerknes	2_1
LSB10	Omsynssoner bekk	BM naturtype, Sikringssone kraftlinje	Jostein Bjerkvik, Oddvin Bjerkvik, N	6_6, 6_4, 6_8

LSB11		Sikringssone kraftlinje	Jostein Bjerkvik, Oddvin Bjerkvik, I	5_3
LSB12	Aktsemdssone skred, flaum	Art nasj. Intr., manglande slokkevatn	Kalvatn grendalag	53_1, 54_1 m
LSB15	Omsynssoner bekk	Verna vassdrag	Bjørkedal grendalag	95_12
LSB21	Aktsemdssone flaum	Verna vassdrag	Bjørkedal grendalag	95_7, 95_5
LSB13	Aktsemdssoner skred, omsynssone bekk	Verna vassdrag, art nasj.intr., nær hovudveg, Støy	Bjørkedal grendalag	93_5 m.fl.
LSB14	Aktsemdssone flaum	Verna vassdrag	Bjørkedal grendalag	92_6
LSB16	Aktsemdssone skred	Sikringssone kraftlinje	Hjartåbygda grendautval	37_1, 37_2, 3
LSB17	Aktsemdssone flaum, skred, omsynssone bekk	Sikringssone kraftlinje	Dravlausbygda og Innselset grendalag	
LSB18		Sikringssone kraftlinje	Dravlausbygda og Innselset grendalag	
LSB19	Omsynssoner bekk	Sikringssone kraftlinje	Dravlausbygda og Innselset grendalag	
LSB20				144_3, 144_9
LSB23	Omsynssoner bekk		Velsvik og Lauvstad grendalag	167_2
LSB22		Sikringssone kraftlinje	Velsvik og Lauvstad grendalag	167_16, 167_
LSB21	aktsemdsområde skred	Sikringssone kraftlinje	Høydal grendalag	84_, 84_1
LSB24	Aktsemdssone flaum	Sikringssone kraftlinje	Asbjørg Vassbotn	28_9
LNf spreidde næringsbygg				
LSN1	Aktsemdssone flaum, skred, omsynssone bekk		Reidulv Langvatn	52_4
LSN2	Aktsemdssone flaum	Sikringssone kraftlinje	Asbjørg Vassbotn	28_9
Småbåthamn				
VS1	Aktsemdssone flaum		Einar Furnes	136_2
VS2	Marine strandavsetningar, aktsemdssone flaum	Leveområde arter	Odd og Runar Bjerknes	
VS3	Aktsemdssone flaum		Vegard Bjørdal	85_2
VS4	Aktsemdssone flaum, marine strandavsetningar		Jostein Bjerkvik, Oddvin Bjerkvik, Ivar Arne Lid	
VS5	Aktsemdssone skred		Austefjord grendautval	
VS6	Aktsemdssone skred		Dravlausbygda og Innselset grendalag	
VS7	Aktsemdssone skred	Sikringssone kraftlinje	Stian Hjorthaug	38_1
VS8	Aktsemdssone skred		Stian Hjorthaug	38_1
Kombinerte formål i sjø og vassdrag				
VKA	Aktsemdssone skred		Kraft Laks AS	

ROS-vurderinga har med innspel motteke pr. 01.05.2017. Innspel om nye vegar, gangvegar, arealbruk i sjø, innspel kommet inn etter 01.05.2017 og administrasjonen sine forslag til endra arealbruk er så langt ikkje tatt med, men vil bli tatt med i revidert versjon ved utlegging av komplett forslag til ny arealdel



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Rune Sjurgard

Arkivsak nr.: 2014/1913

Arkivkode: A60

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
100/17	Formannskapet Kommunestyret	13.06.2017

CAMPUSUTVIKLING - ROMPROGRAM FOR KULTURHUS OG KINO - SAMBRUK

Administrasjonen si tilråding:

1. Kommunestyret legg begge romprogramma i saksutgreiinga til grunn for planlegging av kulturhus og kino i skisseprosjektet for nytt mediebygg i sambruksløyising med mediebygg på Campusområdet. Kommunestyret legg vidare til grunn at det er løpande dialog mellom partane i skisseprosjektfasen for å gjere justeringar og tilpassingar som tener partane sine behov og økonomiske rammes.
2. Kommunestyret oppmodar om arealeffektive løysingar som gir optimale felles synergier for Høgskulen og Volda kommune.
3. Kommunestyret avklarar dei økonomiske rammene for årleg leige/drift i komande økonomiplan, og at dette vert førande for valet av kulturhus- og kinoløysing når ein skal ta endeleg stilling til prosjektet etter nyttår.

Vedleggsliste:

1. Utgreiing av romprogram frå konsulentane Arvid Blindheim og Per Einar Langseth, datert 30.05.17.
2. Tillegg til utgreiing av romprogram (alternativ B) frå konsulentane Arvid Blindheim og Per Einar Langseth, datert 01.06.17.
3. Utgreiing frå arbeidsgruppe leia av ordføraren m vedlegg frå Innovatoinstillinga.
4. Ei rekkje e-postar frå Kolbein Halkjelsvik
5. Ei rekkje e-postar frå Magnar Aam
6. Uttale frå Volda Næringsforum, v/ dagleg leiar Stefan Halck
7. Notat frå rådmannen til ordførar/formannskapet, datert 07.03.15

8. Intensjonsavtalen mellom Volda kommune og HVO (godkjent i K-sak 109/16)
9. K-sak 82/15; Campusutviklingsprosjektet Ved Høgskulen i Volda

Vedlegg som vil verte ettersendt eller lagt fram i møtet:

Romprogram frå Statsbygg der ein har samordna kommunen og Høgskulen sitt behov i eit felles romprogram.

Samandrag av saka:

Denne saka omhandlar romprogram for kulturhus og kino som sambrukslokale med Høgskulen på Campusområdet. Spesifikasjonar på behov og romprogram inngår som grunnlag for vidare planlegging gjennom skisseprosjekt i regi av Statsbygg.

Skisseprosjektet skal i neste omgang vere grunnlag for å kunne gå ut på anbod for å byggje nytt mediebygg med ev kulturhus og kino. Etter tidsplanen skal skisseprosjektet liggje føre i februar 2018. Det vil da også liggje føre kostnadsoverslag over investeringane for å gjere utrekningar av potensiell husleige. Først da kan partane ha eit grunnlag for å kunne ta endeleg stilling til om prosjektet skal realiserast. Denne saka vil derfor ikkje omhandle kostnader og finansiering.

Volda kommune har engasjert konsulentar til å utgreie romprogram i to alternativ. Det vil vere tett dialog mellom Høgskulen, Volda kommune og Statsbygg under skisseprosjektfasen.

SAKSOPPLYSNINGAR

Kort historikk

Så langt rådmannen kjenner til skal dette vere den sjuende utgreiinga der Volda kommune er involvert i planlegging av kulturhus. Den første planen var påbygg til Samfunnshuset. Dei andre har vore planar i samarbeid med private aktørar. Ingen av desse planane har kome så langt at dei kunne realiserast. Innovata var det prosjektet som var nærast til å kome til ei avgjerd. Dette var eit prosjekt som det vart lagt svært mykje ressursar og energi i, og som det vart stilt store forventningar til frå ulike miljø. Det har i ettertid ligge ei forventning til at Volda bør få sitt kulturhus.

Inntil Høgskulen sine planar om eit nytt mediebygg dukka opp i 2015, så har Volda kommune lagt planar for kulturhus på is. Planar om mediebygg dukka opp i samband med Høgskulen sitt Campusutviklingsprosjekt. Dette var eit prosjekt med brei deltaking med kartlegging av behov og analyse av moglegheiter for utvikling av Campus og Volda. Campusutviklingsrapporten skisserte også kulturhus og kino i potensielle utbyggingsplanar. I Campusutviklingsprosessen var ulike interesser invitert og næringslivet var representert ved dagleg leiar ved Volda Næringsforum og leiar for Sunnmøre Kultur næringshage.

Romprogram i to alternativ

Konsulentane Blindheim og Langseth har utgreidd to alternativ til romprogram.

Alternativ A

Alternativ A er ein standard sal med 340 sitteplassar i amfi og 150 på stolar på golv framfor scene. Scenemåla er 28 x 18 m. Takhøgda i kulturhusdelen er 10 m.

	Størrelse	Antal	Areal	Kommentar
Kultursal, scene	28 x 18	1	504 kvm	Sete i amfi om lag 340, + på golv inntil 150 med redusert scene (5 m. djupne). Max scenerom 18 x 10, regulering av størrelse med sceneteppes og eventuelt scenemodular på golvet.
Sidescene, lager		2 - 3	180 kvm	Nær scene, lett tilgang, «flygelgarasje» Vurdere lagersamarbeid med HVO.
Garderobe		1	50 kvm	Område ved scene. Fleksibelt også til møte, underv. og øving. Også bruk av undervisningsrom for HVO til garderobe.
Artistrom		1	25 kvm	Nær scene, tekjokkenkrok, møterom HVO/kommunen.
Teknisk rom, kultursal		1	10 kvm	Over/bak amfi. Romdjupn min. 2,5 m for filmmaskin.
Kino		1	140 kvm	80 sete i fast amfi, kino, visning, forelesning.
Teknisk rom, kino		1	10 kvm	Over/bak amfi. Romdjupn min. 2,5 m for filmmaskin.
Fellesareal, vrimle, bill., garderobe, toalett mm.			375 kvm	Planløyising og fellesbruk HVO/kommune viktig for arealbehovet. Vurdere «dobbelbruk» av areal. Luftig, romslig og innbydande men nøkternt.
Sum areal			1294 kvm	

Alternativ B

Det utvida alternativet er 460 sitteplassar i amfi og 150 stolar på golv framfor scene. Scenemåla er 32 x 18 m. Takhøgda i kultdurhusdelen er 12 m.

	Størrelse	Antal	Areal	Kommentar
Kultursal, scene	32 x 18	1	576 kvm	Sete i amfi om lag 460, + på golv inntil 150 med redusert scene (5 m. djupne). Max scenerom 18 x 10, regulering av størrelse med sceneteppes og eventuelt scenemodular på golvet.
Sidescene, lager		2 - 3	180 kvm	Nær scene, lett tilgang, «flygelgarasje» Vurdere lagersamarbeid med HVO.
Garderobe		1	50 kvm	Område ved scene. Fleksibelt også til møte, underv. og øving. Også bruk av undervisningsrom for HVO til garderobe.
Artistrom		1	25 kvm	Nær scene, tekjokkenkrok, møterom HVO/kommunen.
Teknisk rom, kultursal		1	10 kvm	Over/bak amfi. Romdjupn min. 2,5 m for filmmaskin.
Kino		1	140 kvm	80 sete i fast amfi, kino, visning, forelesning.
Teknisk rom, kino		1	10 kvm	Over/bak amfi. Romdjupn min. 2,5 m for filmmaskin.

Fellesareal, vrimle, bill., garderobe, toalett mm.			450 kvm	Planløyising og fellesbruk HVO/kommune viktig for arealbehovet. Vurdere «dobbelbruk» av areal. Luftig, romslig og innbydande men nøkternt.
Sum areal			1451 kvm	

Både alternativa føreset maksimal sambruk med tilliggjande areal til Høgskulen. Saman med at HVO leiger kulturhusdelen og kino, er det dette som er synergiane ved å leggje kulturhus saman med mediabygget. Det vert synt til utgreinga frå konsulentane som ligg ved saka.

Lokale interesser peikar på behov for større areal og justering i høve til konsulentane sine forslag.

Det er i hovudsak storleiken på kulturhusdelen med ulike justeringar ein diskuterer som avvikande mellom dei ulike alternativa.

Arealrammene i alternativa kan verte justert i eit samordna romprogram for heile bygget når ein har lagt til Statsbygg sin faktor for fellesareal (dvs primærrrom multiplisert med faktor for fellesareal).

Høgskulen (HVO)

Høgskulen utarbeider romprogram som skal stette behova for si verksemd. Høgskuleleiinga har signalisert felles intensjon om sambruk av lokale som kan gi felles synergjar. Det er også drøfta moglegheiter for å flytte vareleveringa på baksida av Berte Kanutte for å få til innebygd passasje mellom dette bygget og det nye mediebygget/kulturhuset.

Leiinga ved HVO har signalisert at dei ikkje har interesse i alternativ B (det største romprogrammet) for kulturhus. Fordeling av leigeutgifter vil såleis vere koplå til basisalternativet (alt. A), slik at kommunen fullt ut må bere kostnadene og drifta med eit oppskalert kulturhus.

Framdriftsplan og prosessar

Kommunen og Høgskulen sine behov vert samordna i eit romprogram som grunnlag for utarbeiding av skisseprosjekt. Arbeidet med skisseprosjektet er tenkt starta opp så snart partane har lagt fram spesifisert romprogram i juni. Skisseprosjektet vil gå fram februar 2018. Når eit forslag til skisseprosjekt ligg føre, vil det vere litt tid til å gjere endringar/justeringar. Vidare vil det vere tett dialog mellom partane. I skisseprosjektfasen må Volda kommune og HVO avklare med Statsbygg om leige av kulturhus og kino skal dreie seg om råbygg, der kommunen står for inventar og utstyr, ev om denne delen av bygget bør seksjonast mv. Prosjektleiaren for Byggherreavdelingen i Statsbygg har signalisert at dei er opne for å drøfte ulike løysingar.

Volda kommune og HVO må også ha framforhandla avtale om leigeandel mv. Volda kommune og HVO må tidleg 2018 gjere bindande vedtak dersom prosjektet skal realiserast.

VURDERING

Kulturhus på Campusområdet

Volda kommune har gjennom intensjonsavtalen som intensjon å få utgreidd planar for kulturhus og kino som sambrukslokale saman med HVO på Campusområdet. Volda næringsforum stiller spørsmål til om ikkje kommunen bør vurdere andre alternativ.

Kommunen og staten kan inngå eit direkte samarbeid om byggjeprojekt utan at ein treng å gå via konkurranse. Dersom Volda kommune skulle starte prosessen på nytt slik Volda Næringsforum rår til, så bør Volda kommune seie opp intensjonsavtalen med HVO og starte ein heilt ny prosess. Planlegginga av mediabygget har ein streng tidsplan, og dersom kommunen ikkje melder inn sine spesifikasjonar om vidare deltaking i løpet av juni d.å., så vil planlegging av mediabygg på Campusområdet skje utan kultur- og kinodel. Den alternative modellen ville innebære at kommunen må lyse ut etter private interessenter som vil vere interessert i å utvikle eit kulturhusprosjekt saman med Volda kommune. Ein ville da gå via ei prekvalifisering der ein plukkar ut ein eller fleire som ein går vidare med. Kommunen må ved eit slik alternativ stille krav til sambruk, da rådmannen ikkje ser det som realistisk for Volda kommune å byggje og drive eit kulturhus- og kinoanlegg heilt åleine. Dette vil vere liknande modell som har vore prøvd fleire gonger allereie, og som ein ikkje har lykkast med. Rådmannen meiner det da vil vere mest tenleg no å få utgreidd sambruksprosjektet på Campus, få fram kostnader og arkitektvurderte løysingar for så å ta stilling til kommunen ser seg tent og har råd til å gjennomføre prosjektet. Dersom det ikkje vert aktuelt, får ein heller gjere ei ny vurdering om kommunen på nytt skal prøve å få til noko i samarbeid med private aktørar.

Alternative scenario

- Planlegginga av kulturhus og kino vert avsutta

Kommunestyret står fast ved at eigedomsskatten skal fjernast i 2019 og legg seg på eit minimumsnivå på investering (ikkje prioritere td kulturhus, idrettshall mv) og kuttar ned drifta slik at ein kan frigjere ca 18 mill. i høve dagens nivå på eigedomsskatt. I staden satsar ein på å ruste opp kinosalen i samfunnshuset og innbyggjarane reiser til t.d Eid, Fosnavåg, Ulsteinvik og Ørsta på større kulturarrangement.

- Planlegginga av kulturhus og kino på Campusområdet vert avslutta og ein set i gang ein ny prosess/konkurranse med modell basert på samarbeid med næringslivet

Høgskulen får Statsbygg til å byggje mediebygg utan kino- og kultursal. Volda kommune lyser ut konkurranse/etter interessenter som vil vere med å byggje kulturhus og kino i Volda sentrum basert på optimal sambruk.

Dette scenariet vil vere ein risiko da ein ikkje veit om det er private interessenter som har økonomisk fundament til å delta i samfunnsutvikling saman med kommunen. Samtidig vil eit slikt prosjekt måtte utgreiast og avklarast m.o.t tomtespørsmål og regulering.

- Kommunen går vidare med planlegging saman med HVO om sambruksløyseing for kulturhus og kino på Campusområdet

Kommunestyret har godkjent intensjonsavtale for å få utgreidd kulturhus og kino som sambruksløyseing saman med HVO. Dette er ei oppfølging av kommunestyret sitt vedtak i

K-sak 82/15, der det er vedteke at kommunen ynskjer å vere aktiv deltakar for oppfølging av strategien med å få bygt ut Campus med nytt mediebygg.

Kommunen kan velje å få utgreidd sambruksløyising ut frå eitt eller to romprogram. Det vil i hovudsak dreie seg om to alternative storleikar på kultursalen med felles-/vringleareal. Prosjektleiaren for Byggherreavdelingen i Statsbygg har i telefonsamtale med rådmannen 7. juni opplyst at ein greier å gjere vurderingar av desse alternativa innanfor kostnadsramma for skisseprosjektet, slik at det vil ikkje utløyse kostnader på kommunen med å få dette vurdert.

Konsulentane Blindheim og Langseth har utgreidd to alternative romprogram som etter begge etter deira skjøn vil vere gode kulturhus, der alt A er ein noko redusert sal, men stor nok til å dekkje den allmenne kulturen. Alternativ B har ein større sal, scene og felles-/vringleareal. Dette resulterer i auka takhøgde for dette alternativet frå 10 til 12 meter. Konsulentane er no i dialog med HVO og Statsbygg for å samordne romprogramma for kommunen og Høgskulen i eit felles oppsett. Rådmannen tek atterhald om at dette kan resultere i justeringar i programma. Dette vil verte oversendt til kommunestyret.

Det har kome inn innspel frå private interesser som meiner at Volda kommune bør dimensjonere opp til større areal og standard enn det som er foreslått av dei to konsulentane.

Det vil vere høgare investerings- og driftskostnader med auka arealmål og høgde for kulturhusdelen. Det ligg ikkje føre konkrete kostnadsindikatorar som gjer at ein kan rekne på dette i forkant. Dette må ein funne ut gjennom skisseprosjektet som startar opp etter at romprogrammet er lagt fram. Statsbygg krev at partane har tydelege spesifikasjonar for sine romprogram. Samtidig vil det vere rom for justeringar og tilpassingar i skisseprosjektarbeidet.

Det er kommunestyret som må ta stilling til kor stor kultursal ein meiner Voldasamfunnet har bruk for, til kva standard og til kva pris. For kommunen handlar dette, slik rådmannen ser det, om kva kulturhus ein kan få for dei pengane kommunen faktisk kan setje av til årleg leige og drift. Valet mellom alternativ, storleik og standard vil måtte verte styrt av dette. Dette må kommunestyret ta stilling til i komande økonomiplanhandsaming og innrbeide dei rammene som ein kan prioritere sett opp mot andre prioriterte tiltak. Tiltaket er ikkje innarbeidd i gjeldande økonomiplan. Kommunestyret må vere budd på omstillingar og rasjonalisering av tenestestrukturen for å finne rom til eit så stort tiltak.

Kommunestyret må under vegs i prosessen ta stilling til kva kapasitet Volda kommune skal ta høgde for. Er det den allmenne kulturen som liknande alternativ A kan tene formålet for, eller vil kommunestyret ta høgde for ei oppdimensjonering for å dekkje behovet for større arrangement som det kanskje er heller færre av i løpet av eit år. I ei slik vurdering må ein vere nøktern med omsyn til kva forretningspotensial det ligg i slike arrangement. Det er fleire kulturhus rundt omkring på same arealnivå som alternativ A, og som fungerer tilfredsstillande ut frå dei behov som er definert. Spørsmålet er kor stor kommunestyret på vegne av den jamne innbyggjar i Volda kommune vurderer meirverdien av ein større kostnad med ein større sal.

Det er alltid ein fare for at for at ambisiøse planar kan verte urealistiske når ein kjem til endeleg vegval, og at resultatet vert at det ikkje vert noko av. Samtidig kan ein ved ikkje å vere ambisiøs nok verte tillagt at ein ikkje er nok framoverlent og framtidsorientert mv. Dersom ein får til ei storstove for Volda vil det i alle høve vere eit løft for samfunnet. Volda kommune har store investeringsbehov framover og ved utgangen av året med ei gjeld på over

milliarden. Dette tilseier at ein må vere realistisk med omsyn til leigeramme/investeringsramme og kva forretningspotensiale det ligg i eit kulturhus- og kinokonsept. Rådmannen er tvilande til at dette inntekspotensialet er så mykje høgare enn for samanliknbare konsept i andre kommunar. Kommunen sine ambisjonar for kulturhus bør også stå i stil med HVO sine ambisjonar (behov og økonomisk innsats i prosjektet)

Volda har ei utfordring samanlikna med enkelte andre kommunar som kan konsentrere seg om eitt eller færre kulturanlegg i kommunen. Kommunestyret i Volda har investert kulturhus i kombinasjon med skule i heile kommunen, og har relativt store årlege utgifter til drift av desse:

- Dalsfjord
- Ulvestad (privat skule/kulturhus med årlege tilskot)
- Lid
- Mork
- Hjartåbygda
- Austefjord
- Folkestad
- Bjørkedal

- Bratteberg

- Maurtua (privat stifting med årlege tilskot)

- Volda samfunnshus

Det er vanskeleg å skilje ut kostnaden med kulturbygga som er bygt i sambruk med grendeskulane. Det vart gjort ei vurdering av dette i samband med økonomiprosessen i 2016 og det vart grovt skissert at kommunen nyttar opp mot 1 mill i året til kulturbygg i kombinasjon med skulane. Å halde mange bygg i drift er vesentleg tyngre enn å konsentrere satsinga om eitt stort kulturbygg. Ved å ta omsyn til nivået på lånegjelda og dei store investeringsbehova som kjem dei næraste åra, så meiner rådmannen at det er svært krevjande å få på plass eit kulturhus. Dei andre investeringane er innanfor det lovpålagde tenestområdet. Kulturhus er ikkje noko kommunen må ha. Den totale situasjonen tilseier at Volda kommune bør ha ei realistisk tilnærming i den vidare planlegginga. Isolert økonomifagleg sett burde ikkje Volda kommune med så høg gjeld og store investeringsbehov prioritere å bruke fleire millionar i året på kulturhus. Samtidig er det viktig å satse på samfunnsutvikling og tilby attraktive tilbod til folket. Rådmannen vil derfor tilrå at kommunestyret inntil vidare legg til grunn begge alternativa til romprogram frå konsulentane for utgreiing i skisseprosjektet.

Uavhengig av kva alternativ ein går vidare med så må detaljar rundt lyd/akustikk, volum, inndeling og utnytting mv avklarast arkitektfagleg i skisseprosjektet. Ramma for prosjektet må mot slutten av skisseprosjektfasen tilpassast HOV og Volda kommune sin økonomi, og kva rammes partane kvar for seg og i fellesskap kan innarbeide i årlege driftsbudsjett. Rådmannen har i notat til formannskapet antyda eit tak på inntil 6,5 mill – 7 mill, men prosjektet bør planleggjast med sikte på så god arealutnytting og gjennomføring at ein kan operere med lågare årleg driftsbelastning. Desse grove rammene inkluderer både leige til HVO og ev kapitalkostnader til finansiering av inventar og utstyr mv.

Kulturhuset i Herøy kom på om lag 110 mill eks mva (2014-tal). Dette kan vere ein peikepinn på kostnadsnivå, og der råbygget kom på ca 60 mill og inventar/utstyr kosta ca 50 mill. Det bør vere grunnlag for å få ned den årlege nettobelastninga dersom ein får til same

modell i Volda ved at kommunen finansierer og eig inventar/utstyr sjølv (jfr spelemidlar, tilskot frå fylkeskommunen og lån til ca 2 % rente)

I Herøy gjekk kulturhusdelen med underskot på ca 1 mill i 2016. Kinodelen gjekk med overskot og dekte opp underskotet frå kulturhuset. Kostnader med reinhald og vedlikehald mv kjem i tillegg, slik at Herøy kommune har nettoutgifter knytt til sjølve drifta av kulturhus og kino samla sett.

KONKLUSJON

15	KST 46/08	24.04.2008	Tomt øvre Rotset: Kommunestyret ber administrasjonssjefen vurdere å innarbeide ein minimum utnyttingsgrad på næringsareal i reguleringsføresegner og ved utlysing av næringsareal. Areala må lysast ut med klausul om attkjøp og byggefrist.	Reguleringsplan for området godkjent i 2014. Konkurransgrunnlag for opparbeiding av 1. byggesteg og engasjering av konsulent kan gjennomførast i løpet av 2016. Fylkesmannen har no gjeve kommunen medhald i klagen på oreigningsvedtaket, slik at det no kan reisast krav om å ta grunnen i bruk. Tomtekostnader og salsvilkår vert å utgreie og avklare i eiga sak i samband med utbygging av området når tilbod på opparbeiding av feltet har vore ute på tilbod. .		Avslutta, kan fjernast	
	KST 152/15	17.12.2015	Årsbudsjett 2016		Det vert vert vurdert		

ID	Saksnr	Dato Sak	Adm sine kommentarar	Framdrift/aktivite	Forslag frå nemnd	Drøfting	Frist
16			Pkt. 39 Volda kommune kjøper ikkje ny veghøvel. Men jobbar med og få til ein avtale med Ørsta kommune om leige. Kan ikkje sjå behovet for at Volda og Ørsta kommune skal ha 2 av desse maskinene. Om det ikkje lykkast og komme til ein avtale kan det vurderast på eit seinere budsjett.	Teknisk sektor i Volda har vore i kontakt med teknisk sektor i Ørsta om ev samarbeid. Det er praktiske problem knytta til dette da det er behov for den samtidig i begge kommune for skraping av vegar og sikring av vegane. Leigeavtale vi har i år med entreprenør kostar om lag Kr 250.000. Då er ikkje driftskostnadane teke med. Kapitalkostnad ved kjøp vil være vesentlig rimligare en dagens løsing.	innarbeiding av ny veghøvel på budsjett 2017.	Avslutta, kan fjernast	
17	KST 152/15	17.12.2015	Årsbudsjett 2016 Pkt. 42 Botnavegen – budsjett 2016 kr 3.500.000	Tilleggsfinansiering er godkjent av kommunestyret.	Pga av formalfeil i anbudsprosessen vert prosjektet lyst ut på nytt.	Pågår, blir ståande	Dette medfører at avsatte midlar må bli overført til budsjett for 2017

ID	Saksnr	Dato Sak	Adm sine kommentarar	Framdrift/aktivite	Forslag frå nemnd	Drøfting	Frist
18	KST 152/15	17.12.2015	<p>Årsbudsjett 2016 Pkt. 44 Forprosjekt - <i>Kommunestyret vil arbeide vidare med å realisere Torvmyrvegen i samarbeid med Ørsta kommune og set av kr. 250.000 til føremålet.</i></p> <p><i>Finansiering ved ubudne investeringsfond</i></p>	Det har ikkje vore teke eige initiativ knytt til Torvmyrvegen utover at det har vore drøfta om prosjektet bør inn i ei felles samferdselspakke for Volda og Ørsta.		Pågår, blir ståande	Dette medfører at avsatte midlar må bli overført til budsjett for 2017
19	KST 152/15	17.12.2015	<p>Årsbudsjett 2016 Pkt. 47 Kommunestyret ber om at det i planperioden vert prioritert løyvt ytterlegare midlar til sentrumsutvikling sett i høve til posten for fast vegdekke.</p>	Vedtaket vert tolka som at kommunestyret er villig til å prioritere sentrumsutvikling.	Dette vert å vurdere i komande budsjett og økonomiplan.	Pågår, blir ståande	Dette medfører at avsatte midlar må bli overført til budsjett for 2017
20	KST 44/16	31.03.2016	<p>B58 Bratteberg Planen godkjent, tillaut til meir gagn enn skade.</p> <p>3. Kommunestyret ber om at tilretteleggande tiltak for gang og sykkeltrafikk på tilførselvegssystemet vert ivareteke i arealdelen av kommuneplan og i trafikktryggingen.</p> <p>4. Volda kommune skal vere føreseielege for dei som ynskjer å etablere seg med bustad i Volda. Kommunestyret ber rådmannen utarbeide ein enkel handlingsplan for det vidare arbeidet med godkjend reguleringsplan fram mot byggeklare tomter. Handlingsplanen skal synleggjere rasjonell framdrift i arbeidet. Den skal leggjast fram for kommunestyret og samordnast med budsjett- og økonomiplanarbeidet.</p> <p>Vedtaket som skal oversendast til administrasjonen: Som 1. trinn i utbygginga må ein fullføre gangveg Bjørnevegen og utbetre kryssing Hjellbakkane/ Bratteberg skule.</p>	Kommunestyret har bedt om ein milepelsplan for prosjektering og utbygging av feltet. Dette vert å følgje opp av teknisk sektor og føreset fullfinansiering av utbygginga.	Førebygging av Heltneelva må gjerast før ein kan byggje ut feltet. Rådmannen vil i budsjett og økonomiplan rå til at ein får rydda opp i vegsystemet som tilførselsnett til Håmyra/Urbakkfoten og at Urbakkfoten vert bygt ut før B 58/Bratteberg.	Pågår, blir ståande	

ID	Saknr	Dato	Sak	Adm sine kommentarar	Framdrift/aktivite	Forslag frå nemnd	Drøfting	Frist
	Saknr	Dato	Sak	Status og ansvar: Personal og organisasjon	Framdrift/aktivitet	Forslag frå nemnd	Drøfting	Frist
21	KST 152/15	17.12.2015	Årsbudsjett 2016 Pkt. 32 Volda kommune ønskjer fleire lærlingplassar i Volda kommune, då dette er viktig i høve rekruttering av fagarbeidarar til alle tenestoområda i kommunen. Kommunestyret ber administrasjonen førebu sak om lærlingplassar til kommunestyret i forkant av revidert budsjett.	Det er oppretta tre nye stillingar i 2016, og skal det opprettast fleire må det vurderast i budsjett 2017.		Avslutta, kan fjernast		
22	KST 83/16	16.06.2016	<i>Oppretting av nye lærlingstillingar og organisering av lærlingordninga vil bli vurdert i samband med budsjett 2017.</i>			Pågår, blir ståande	Avventer budsjetthandsaming for 2017	
23	KST 4/16 KST 94/16	19.01.2016 25.08.2016	Oppmoding om auka busetjing av flyktningar i 2016 og 2017 3. Kommunestyret ber administrasjonen legge fram sak for politisk handsaming om ventestønad og etablering, med sikte på å effektivisere busetjings- og etableringsarbeidet. 4. Kommunestyret ber administrasjonen legge fram sak for politisk handsaming om organisering av eit tiltaksapparat i kommunalt regi for samordning og samarbeid om tiltaksplassar for flyktningar og andre som treng aktivitet, språk- og arbeidstrening. PS 94/16 Busetjing av flyktningar og einslege mindreårige i 2016 og 2017 1. Kommunestyret er positiv til å busetje inntil 40 flyktningar, derav inntil 8-11 einslege mindreårige, kvart av åra 2016 og 2017. Familiesameiningar kjem i tillegg. Unyttta plassar kan overførast frå eit år til eit anna. a. 6-7 av plassane for einslege mindreårige skal busetjast av EM-tenesta i barnevernet. b. 2-4 av plassane for einslege mindreårige skal busetjast av Volda læringsssenter. 2. Rådmannen disponerer plassane innafor busetjingsvedtaket ut i frå busetjingsbehov, kapasitet i tenesteapparatet og innafor ramma av den statlege finansieringsordninga for busetjing og integrering av flyktningar og einslege mindreårige. 3. Som vertskommune for asylmottak for vaksne, familiar og einslege mindreårige ber kommunestyret i Volda om at det i størst mogleg grad vart lagt til rette for busetjing av flyktningar og einslege mindreårige frå mottaka i Volda. Det vil lette integreringa for den enskilde som allereie har etablerte tenester frå kommunen. Dei slepp oppbrot og flytting til anna kommune når dei alt har starta integreringsprosessen på fleire område i Voldasamfunnet. Vidare vil dette avlaste fleire tenester i kommunen og vere god ressursbruk for samfunnet samla sett. 4. Kommunestyret tek rapporten «Busetjing av einslege mindreårige flyktningar» med tilhøyrande vedlegg til vitande, og legg til grunn at dei skisserte bu- og omsorgstiltaka best mogleg vert lagt til rette for at målgruppa får rett teneste på rett nivå. Dette for å sikre eit berekraftig busetjings- og integreringsarbeid innafor ramma av den statlege finansieringsordninga for busetjing og integrering av flyktningar og einslege mindreårige. 5. Rådmannen kjem attende med ny sak til formannskapet om godkjenning av ev. behov for styrking av kommunale sektorar som følgje av auka busetjing av flyktningar og einslege mindreårige.	3. Under arbeid. Det vert møte med Volda læringsssenter, NAV Ørsta/Volda og ev. Ørsta kommune, etter sommarferien 2016. Sak vert lagt fram til politisk handsaming når saka er ferdig utgreidd i etterkant av dette. 4. Fullført. Handsama i f-sak 133/16 i møte 16.08.16. Under arbeid.		Pågår, blir ståande	Avventar til heile vedtaket er utført. Pkt 4, kan fjernast frå loggen.	

ID	Saksnr	Dato	Sak	Adm sine kommentarar	Framdrift/aktivite	Forslag frå nemnd	Drøfting	Frist
24	KST 42/12	31.05.2007	Trong for omsorgsbustader i Volda kommune - Totalrenovering av Mork bustader - Bygging av omsorgsbustader på Lauvstad - Utviding av kapasitet på omsorgsbustader på Folkestad	Dette er spørsmål som vert vurdert og handsama i samband med budsjett og økonomiplan.		Gjerast om inkje, fjernast	Det har ingen virkelighet å halde dette pågåande utan at ny sak blir utgreidd	
25	KST 11/13	31.01.2013	Mork skule, gamlebygget Byggeteknisk gjennomgang med kostnadsberekning for planmessig opprusting av "Gamleskolen" med sikte på godkjenning innan utgangen av denne perioden.	Frist for å legge fram ein samla byggeteknisk gjennomgang med kostnadsberekning for planmessig opprusting av "Gamle-skulen" med sikte på godkjenning er 01.01.2018. Dette er ikkje starta opp pga kapasitet i avdelinga. MEN det er gjort eit stort arbeid for å oppretthalde drifta på skulen då den vart stengd pga fukt og luftkvalitet. Lokala i kjellaren er pussa heilt opp, utvendig har vi laga ei ytre drenering som alle taknedløp er kopla på. Vegen ovanfor skulen er omarbeidd med rett fall, slik at vasstrykk blir minska på bygget. Vidare er delar av kjellar behandla for å ikkje ta inn vatn. Resultat av dette er godt, og skulen vart godkjent opna igjen. Det er framleis gode resultat av tiltaket. Bygget har blitt vøla utvendig og der er gjort tiltak innvendig for å betre forhold til lærarar (inventar) vidare arbeid med lærararbeidsplassar blir arbeidd med Det er gjennomført tilstandsanalyse på innemiljø i år, denne er funne ok. EPC vil gjennomføre ulike tiltak i bygget. Større vurdering kjem i løpet av hausten i forbindelse i svar om miljøretta helsevern. Her vil ein sjå på samanhengar i ulike prosjekt som er på gang i Volda. (Voldahall, VUS, skulemodular ved Øyra osv	Det vert vurdert flytting av modul frå Øyra skule til Mork skule i samband med budsjettet for 2017.	Pågår, blir ståande		
26	KST 163/13	28.11.2013	Vikebygda skule - godkjenning etter forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular 5. Etter § 26 i "Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v" gir Volda Kommunestyre dispensasjon slik at dei delar av den gamle skulen som no er i bruk, framleis kan nyttast til skuleføremål i inntil 5 år. Føresetnaden er det skal gjerast ein byggeteknisk gjennomgang med kostnadsberekning for planmessig opprusting av den gamle skuledelen med sikte på godkjenning innan utgangen av denne perioden. Naudsynte utbetringar skal enten utgreiast i eiga sak eller innarbeidast i kommunen sin vedlikehaldsplan.	Frist for å legge fram ein samla byggeteknisk gjennomgang med kostnadsberekning for planmessig opprusting av den gamle skuledelen med sikte på godkjenning er 01.01.2019. Dette arbeidet er ikkje starta opp p.g.a. kapasitet i avdelinga. Avdelinga vil gå for ein EPC kontrakt i kommunen og mykje av vedlikehalds-behovet på alle bygg frå barnehage storleik vil bli stetta her. Adm arbeidar i dag med vurdering etter tilsyn om miljøretta helsevern og vil komme attende til hausten med ei større vurdering saman med både Mork gamle skule, Austefjorden og Vikebygda skule		Pågår, blir ståande	Ber om tidsplan for gjennomføring av vedtak	
27	KST 164/13	28.11.2013	Austefjord skule - godkjenning etter forskrift om miljøretta helsevern i barnehage og skule 3. Volda kommunestyre er kjend med at tilkomst til garderobe og basseng ikkje er ideell for personar med alvorleg funksjonshindring. Naudsynte tiltak for å utbetre dette skal eigedomsavdelinga innarbeide i kommunen sin vedlikehaldsplan.	Pkt. 3 Dette har svært stor kostnad som må vurderast i økonomiplansamheng. Adm arbeidar i dag med vurdering etter tilsyn om miljøretta helsevern og vil komme attende til hausten med ei større vurdering saman med både Mork gamle skule, Austefjorden og Vikebygda skule.		Pågår, blir ståande	Ber om tidsplan for gjennomføring av vedtak	
	KST 165/12	20.12.2012	Budsjettsaka pkt 24: Administrasjonen vert beden om å utgreie konkurransetsetting av reinhaldet i kommunen	Eigedomsavdelinga er i gang med å førebu grunnlaget for ei konkurranseutsetjing. Det er tilsett reinhaldsleiar og gjort vesentlege tiltak for å betre rutinene, gjennomgå areal/frekvens og ressursstyringa innanfor reinhald. Spørsmålet om konkurranseutsetjinga vert å kome attende til når ein har skaffa seg erfaring med dei endringane som er gjort. Innkjøpsprosessen med reinhaldsartikklar er kome godt i gang der ein har eit sentrallager for alle bestillingar. Dette har så langt gitt økonomisk gevinst med å standardisere innkjøpa og val av produkt. Dette er gjennomført i heilskap.				

ID	Saksnr	Dato	Sak	Adm sine kommentarar	Framdrift/aktivite	Forslag frå nemnd	Drøfting	Frist
28				<p>Vår 2016 vil ein konkret kunne sjå effekt av endringar som eg gjort til no og ein vil kunne seie meir om konkurranse evna til reinhaldavdelinga. Dette er eit arbeid som tek tid og omorganiseringsprosessar må og skal gjennomførast på god måte spesielt med tanke på dei tilsette. Det er lagt fram orientering for driftsstyret der ein viser lønsemd i reinhaldet. Reinhald viser også til ein svært viktig funksjon som lærebedrift der vi kvalifiserar personar ut i arbeid. Dette gjennom nært samarbeid med Volda læringscenter og Furene. Det er vist til lønsemd med å ta over reinhaldet sjølve i leigd lokale på Hamna 20, driftstyret var orientert om dette i vår. Person er tilsett og starta opp i arbeidet 1. sept. 2016</p>		Avslutta, kan fjernast		

ID	Saksnr	Dato Sak	Adm sine kommentarar	Framdrift/aktivite	Forslag frå nemnd	Drøfting	Frist	
29	FSK 208/14	18.11.2014	<p>Leigekontrakter Høgskulen i Volda</p> <p>Formannskapet syner til saksutgreiinga og ber rådmannen føre forhandlingar med Høgskulen i Volda for dei lokala Volda kommune leiger ut, og basert på ein modell der Volda kommune som utleigar ivaretek nødvendig eigedomsforvaltning og rehabilitering der leigearala har tilfredsstillande standard.</p>	<p>Viser til dialog kring nytt mediebygg, Voldahall prosjekt og EPC. Er dialog med høgskulen. Volda kommune har bistand med advokat i saken. Volda kommune skal legge fram kontraktsforslag i løpet av hausten, der byggetekniske høve blir tatt omsyn til. EPC prosjektet er involvert så vidare framdrift blir etter kommunestyrevedtak på det prosjektet. EPC er nok godkjent, VK tek vidare dialogen kring leige sett opp mot gjennomføringsplan av tiltak i prosjektet, samt eventuell framdrift i nytt mediebygg.</p>				
30	KST 38/15	30.04.2015	<p>Voldahallen – tilstand, rehabilitering, nybygg</p> <p>1. Kommunestyret syner til vedlagte tilstandsrapport for Voldahallen og vedtek å samarbeide med Møre og Romsdal fylkeskommune med sikte på bygging av ny Voldahall. Idretten i Volda vert invitert til å delta i prosjektet med utgangspunkt i at auka standard og arealutviding for å støtte deira behov vert dekt opp av ekstern finansiering.</p> <p>2. Avsette midlar kr 1 200 000 til dusj-/garderobeanlegg vert omdisponert til tiltak for å støtte forskrifts- og driftsmessige krav og behov for å drifte hallen fram til den vert erstatta av ny hall eller eksisterande hall ev vert totalrenovert.</p> <p>3. Kommunestyret godkjenner å setje ned ei arbeidsgruppe samansett av:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Volda kommune med 2 frå administrasjonen - Møre og Romsdal fylkeskommune med 1 repr. - Volda idrettsråd med 1 representant - Volda handball med 1 representant - KFUM Volleyball med 1 representant <p>Dei eksterne partane vert invitert inn i prosjektet.</p> <p>4. Arbeidsgruppa får følgjande mandat:</p> <ol style="list-style-type: none"> a. Kome med forslag til plassering av ny hall og avklare parkeringsbehov/-løysing. Trafikale konsekvensar og tilhøve i nærområdet skal vurderast. b. Avklare arealbehov, utarbeide romprogram og utgreie investerings- og driftskostnader ved alternativ med kommunen og fylkeskommunen sine behov som minimumsløysing og andre alternativ der idretten sine behov også er ivareteke. c. Utgreie finansiering og modell for dei ulike partane si deltaking i investering og drift. d. Kartleggje ev private næringslivsaktørar som kan ha interesse i å delta i utvikling av hallprosjekt. e. Gjere ei vurdering av kor vidt eksisterande Voldahall skal rivast eller avhendast til andre. f. Kartleggje og ev ivareta andre forhold for å sikre at prosjektet kan byggjast på realistiske føresetnader for gjennomføring. <p>5. Arbeidsgruppa får frist til 1. februar 2016.</p> <p>6. Administrasjonen utgreier behov for kroppsøvningsanlegg for sentrumsskulane skal vurderast som del av arealbehovet og organisering/drift.</p> <p>7. Kommunestyret vedtek å løyve inntil kr 500 000 til konsulenttenester til utgreiinga. Løyvinga vert dekt ved bruk av ubunde investeringsfond. Løyvinga skal inngå i dei totale kostnadene for grunnlag for seinare kostnadsfordeling.</p> <p>8. Administrasjonen vert bedt om å må sjå på behov for kroppsøvningsanlegg for sentrumsskulane, og gjere ei vurdering av dette opp mot dagens anlegg, og ev kartleggje behov som bør vurderast i samband med Voldahallprosjektet. Utgreiinga vert lagt fram som sak for kommunestyret innan 1. oktober 2015.</p>	<p>Arbeidsgruppa er i gang med arbeidet og er i rute med plan så langt.</p> <p>Kommunestyret har teke til vitande utgreiing frå administrasjonen når det gjeld behov og status for kroppsøvnings-/symjeanlegg, jfr K-sak 96/15 i møte 01.1015 (jfr punkt 8 i mandatet frå kommunestyret i K-sak 38/15)</p> <p>Arbeidsgruppa arbeider med prosjektet. Idretten har lagt fram romprogram. Det er planlagt møte med Ørsta kommune for å drøfte mogleg samarbeid om å utløyse maks spelemidlar. Det er planlagt ekskursjon til Ulsteinhallen før ferien. Det vert teke sikte på å få fram ei sak for kommunestyret etter ferien der partane har samordna sine interesser med sikte på å få utarbeidd eit forprosjekt som kan verte eit beslutningsgrunnlag for partane.</p> <p>Kommunestyret har bedt om rapport frå arbeidsgruppa blir lagt fram. Det er tatt avgjersle på bruk av ekstern kompetanse til å greie ut tomteplassing. Anbod på dette er sendt ut.</p>	<p>Arbeidsgruppa vert å leggje fram framdriftsplan på prosessen. Det vil vere tenleg å få ei rask avgjerd på tomteplassing og få det avklart i styrande organ hos partane. Deretter bør ein arbeide vidare med forprosjekt på å få kostnadsrekna investering og driftskonsekvensar som avgjerdsgrunnlag for å få vidare.</p>			

ID	Saksnr	Dato Sak	Adm sine kommentarer	Framdrift/aktivitet	Forslag frå nemnd	Drøfting	Frist
			9. Kommunestyret tek stilling til nærare løysing og framdrift når resultatet frå arbeidsgruppa ligg føre og i samband med handsaming av budsjett og økonomiplan.				

ID	Saksnr	Dato	Sak	Adm sine kommentarar	Framdrift/aktivite	Forslag frå nemnd	Drøfting	Frist
31	KST 165/12	20.12.2012	Budsjettsak pkt 34: Felleskjøkkenet ved omsorgssenteret vert vurdert å konkurranseutsette.	Kartlegging i saka er igong. Lite erfaring å finne frå andre liknande prosjekt. Vanskeleg å kome i mål med saka. Vi har vore i kontakt med innkjøpskonsulent og kun eitt liknande prosjekt frå ei kommune vart funne, Hurum. Før Hurum-saka enda opp i ei offentlig utlysning, vart konkurranseutsettinga trekt. Grunnen til dette har vi ikkje fått kjennskap til. Helse- og omsorg har ikkje administrativ kapasitet og innkjøpsfagleg kompetanse til å gjennomføre ein prosess på dette. Administrasjonen er pressa på ressursar og må prioritere primær oppgåvene knytt til tenesta. Helse og omsorgssektoren har ikkje kapasitet til framdrift i saka så langt, og administrasjonen er avhengig av at det vert løyvd ressursar til ekstern innleige til utgreiing og gjennomføring av konkurransen. Tiltaket er ikkje følgt opp av kommunestyret i budsjettet for 2016.			Gjerast om inkje, fjernast	
32	KST 134/13	03.10.2013	Oppretting av engasjementstilling, "frå mellombels til varig bustad" . Kommunestyret vedtek at det vert oppretta ei engasjementstilling i 100 % knytt til prosjektet "frå mellombels til varig bustad", p.t. knytt til pleie- og omsorgsavdelinga. Opprettinga av engasjementstillinga vert å finansiere gjennom prosjektmidlar tildelt frå Arbeids- og velferdsdirektoratet i samarbeid med Fylkesmannen i Møre og Romsdal Engasjementet opphøyrer når prosjektet er avslutta.	Prosjektmidlar er tildelt og prosjektleiar var tilsett frå oktober 2013. Vi har fått prosjektmidlar ut 2015. Rapport om status på prosjektet var lagt fram som orienteringssak til Formannskapet mai 2014. Tiltaket har gitt positive resultat med god organisering av bustadtildelinga og god rotasjon i bustadene. Frå Fylkesmannen er det signal om vidareføring av prosjektet i 6 mnd i 2016. Tilbakemeldingar frå samarbeidspartar i tildelingsnemnda og Eigedomsavdelinga er at ein ynskjer å halde fram med denne organiseringa vidare etter prosjektperioden. Søker om vidareføring av prosjektmidlar i 100 % stilling tom 31.07.2016. Det er oppretta 60 % fast stilling frå 2. halvår 2016 jfr. vedtak KST 152/15 Årsbudsjett 2016.	Oppfølgt i samsvar med KST 152/15 Årsbudsjett 2016 pkt. 35	Avslutta, kan fjernast		
33	KST 188/13	19.12.2013	Innføring av kvardagsrehabilitering i Volda kommune 1. Volda kommune innfører kvardagsrehabilitering som arbeidsmetode i løpet av første kvartal 2014. Kommunen ønskjer å endre tenesteytinga i tråd med sentrale føringar og framtidige utfordringar. Tenestene skal ha fokus på at brukarane får hjelp til å nytte ressursane sine og dermed vere lenger aktive i eigne liv. 2. Planlegging og etablering skjer innfor gjevne rammer. 3. Innføringa vil skje som eit prosjekt som skal kunne evaluerast etter eit års drift. Deretter vil det kunne implementerast i heile helse- og omsorgssektoren. Målsetjinga for prosjektet er betre tenester til brukarane og reduserte utgifter knytt til målgruppa. 4. Innføring av kvardagsrehabilitering vil bety endringar både i tankemåte og handling både for tilsette, brukarar, pårørande, politikarar og samfunnet elles og det må difor lagast ein kommunikasjonsplan som kan formidle endringane til alle desse gruppene.	Sektoren har ikkje rapportert på vedtaksloggen pr 1. tertial. Rapport- Innføring av kvardagsrehabilitering i Volda kommune, periode 05.11.2014 -31.12.2015 er klar for publisering november/desember 2016	Kvardagsrehabilitering er eit viktig satsingsområde for å leggje til rette for at pasienten kan ha lenger livskvalitet, og at strategien kan utsette behovet for tyngre tenester. Helse og omsorgssjefen legg fram sak om rapport for perioden 2014 - 2015, samt målsetjing for den vidare satsinga.	Avslutta, kan fjernast		

ID	Saknr	Dato Sak	Adm sine kommentarar	Framdrift/aktivite	Forslag frå nemnd	Drøfting	Frist
34	KST 97/15	01.10.15	<p>Ombygging ved Volda legesenter for å ta imot turnuskandidat</p> <p>1. Volda kommunestyre er positiv til å ta imot medisinsk turnuslege frå 2016 av.</p> <p>2. Dei nødvendige ombyggingsarbeida ved Volda legesenter, slik dei er utgreidde i dette saksframlegget, blir å starte snarast muleg.</p> <p>3. Prosjektkostnaden på kr. 800.000 vert finansiert slik:</p> <p>☒ Momskompensasjon kr. 160.000</p> <p>☒ Bruk av ubunde investeringsfond kr. 640.000</p> <p>4. Volda kommunestyre er kjend med at</p> <p>a. det må utarbeidast ein tilleggsavtale/vedlegg til noverande avtale mellom Volda kommune og fastlegane ved Volda legesenter for innarbeiding av stillinga som turnuslege i eksisterande driftsform ved legesenteret.</p> <p>b. den arealmessige kapasiteten ved legesenteret er sprengd. Plasseringa av turnuskandidatkontoret internt på legesenteret må bli å revurdere i samband med punkt 5.</p> <p>5. Det må startast utgreiing av måtar legesenteret kan få dekke sitt noverande og framtidige arealbehov. I saka må også utgreiast på kva måte arealet som no blir frådelt sin funksjon til legevakføremål, kan ivareta på ein fagleg og praktisk måte, slik opprinneleg funksjon var. Eventuelle tiltak som følgje av utgreiinga må innarbeidast i avtalen som vedkjem partane og i alle høve godkjennast i høve til budsjett og økonomiplan.</p>	<p>Ombygging er klar til turnuslege tek til i stilling medio 2016.</p> <p>Ombygging knytt til oppstart av turnuslege var ferdigstilt til turnuskandidat tok til i stilling 01.09.2016.</p>		Avslutta, kan fjernast	
35	KST PS 152/15	17.12.2015	<p>Årsbudsjett 2016</p> <p>Pkt. 31 Driftstyret er uroa for arbeidsmiljøet i pleie og omsorg og er nøgd med at det er sett i gong ei arbeidsmiljøundersøking. Driftstyret vil oppmode om at det vert sett av ressursar til å gjennomføre tiltak for å løyse evt. problem som kjem fram av arbeidsmiljøundersøkinga.</p>	<p>Arbeidsmiljøprosess er igong og vil pågå 1. halvår 2016. Det er tildelt midlar gjennom NAV arbeidslivssenter. Prosessen vert følgt opp i etterfølgjande handlingsplanar som vert forankra både hos leiinga og dei tillitsvalte.</p>	<p>Rapport etter arbeidsmiljøprosessen vil kome i november 2016.</p> <p>Einingsleiarane, verneombod og plasstillitsvalte har inngått avtale om handlingsplanar for den enkelte eining med tiltak og fristar for gjennomføring.</p> <p>Personalavdelinga har i samarbeid med sektoren sett i gang opplæringstiltak og tiltak retta mot leiarutvikling.</p> <p>Rådmannen vil setje i gang ein prosess på overordna nivå i sektoren frå midten av november og ca eit 1/2-år framover i tid</p>	Pågår, blir ståande	Avventar rapport november 2016
36	KST 152/15	17.12.2015	<p>Årsbudsjett 2016</p> <p>Pkt. 35 Kommunestyret ber administrasjonen vurdere om bustadkoordinatorstillinga kan aukast til 80 % innanfor ramma til helse- og omsorgssektoren.</p>	<p>Vurdering vil bli gjort.</p> <p>Bustadkoordinatorer i 60 % stilling som bustadkoordinator og i tillegg 20 % stilling sakshandsamar innan anna område ved tildelingskontoret. Sektoren fann ikkje rom for å auke bustadkoordinatorstillinga til 80% innan ramma.</p>		Avslutta, kan fjernast	

ID	Saksnr	Dato Sak	Adm sine kommentarar	Framdrift/aktivite	Forslag frå nemnd	Drøfting	Frist	
	Saksnr	Dato	Sak	Status og ansvar: Kultur og service	Framdrift/aktivitet	Forslag frå nemnd	Drøfting	Frist
37	KST 165/12 KST 152/15	20.12.2012 17.12.2015	Kinodrift: Pkt. 26 i budsjettvedtaket: Kommunestyret ber rådmannen utgreie framtidig organisering av kinodrifta i løpet av 2014. Årsbudsjett 2016 – pkt. 33 - kinodrift <i>Volda kommunestyre ber rådmannen leggje fram ei sak der det kan gjerast vedtak om korleis drift ved Volda Filmteater kan sikrast vidare.</i>	Dette vert vurdert i samanheng med Campus-prosjektet	Statsbygg startar opp eit skissprosjekt der HVO og Volda kommune har inngått intensjonsavtale om fleirbrukssal inkl kino-/kultursal. Det er venta å få fram prosjektet til sommaren 2017.	Pågår, blir ståande		
38	FUNK 18.5.15	18.05.2015	Oppnemning av kommunalt råd for funksjonshemma Kommunalt råd for funksjonshemma vil be om at rådet vert utvida med ein representant slik at det blir fire brukarrepresentantar i rådet. Rådet vil då bestå av seks medlemer. Dette for å få ei større bredde.	Kommunalt råd for funksjonshemma blei oppnevnt av kommunestyret 26. mai 2016. Saka om evt. utviding av antal medlemmer vil bli handsama på kommunalt råd for funksjonshemma sitt første møte.	Saka vil bli handsama i Kommunestyret i haust.	Avslutta, kan fjernast		
39	PS 152/15	17.12.2015	Årsbudsjett 2016 Pkt. 30 Kommunestyret ber om at kulturprisen blir gjenopprett.	Adm. har starta arbeidet med å lage ei sak på dette.	(uendra)	Pågår, blir ståande	Her må vi ha tidsplan for ny sak.	
40	KST 152/15	17.12.2015	Årsbudsjett 2016 Pkt. 43 Kommunestyret bed administrasjonen legge fram ei sak om nye lokale for ungdomsklubben	Det vil verte lagt fram sak på dette. Rådmannen stiller spørsmål ved om det bør gjerast ei breiare vurdering av ungdomstilbod for urgansiert ungdom, og om dette bør vurderast utover det å skaffe lokale til ein ungdomsklubb, og at dette vert sett opp mot kommuneplanen sine mål og strategiar i ein litt vidare samanheng. Det vil verte ein tverrfagleg gjennomgang på dette for ein kjem attende til sak til politisk nivå.	Saka vil vere klar til handsaming i oktober 2016	Pågår, blir ståande	Oktober er passert. Vi må få saka til handsaming	
41	KST 77/16	16.06.2016	Kulturminneplan <i>1. Kommunestyret godkjenner oppstart og gjennomføring av arbeidet med kulturminneplan. Formannskapet vert styringsgruppe. Administrasjonen får i oppgåve å setje saman prosjektgruppe.</i> <i>2. Prosjektet er kostnadsrekna til kr 200 000,- og skal finansierast slik:</i> <i>Møre og Romsdal fylkeskommune, tilskot etter søknad: kr 100 000,-</i> <i>Bruk av midlar på investeringsbudsjettet (omdisponering/fond) kr 40 000,-</i> <i>Eigeninnsats i Sektor for Utvikling/Kultur og service kr 60 000,-</i> <i>Administrasjonen får i oppdrag å iverksetje arbeid med kulturminneplan som skildra i saksutgreinga</i>		Prosjektgruppa har hatt sitt 1. møte. Held på å planlegge oppstartsmøte.	Pågår, blir ståande		
42	PS 99/16	25.08.2016	Grendautvala 2016 <i>Kommunestyret ber om at grendautvala som ikkje har kravt nye val, gjer det. Ordføraren får fullmakt til å godkjenne supplerande val.</i> <i>Kommunestyret ber formannskapet om å legge strategi for styrking av grendalaga og kontakten med disse.</i>			Pågår, blir ståande		

ID	Saksnr	Dato	Sak	Adm sine kommentarar	Framdrift/aktivite	Forslag frå nemnd	Drøfting	Frist
43	KST 5/13 Forv 36/15 KST 152/15	31.01.2013 12.05.2015 17.12.2015	Oppfølging av innspel frå forvaltningsstyret og ungdomsrådet – Årsbudsjett 2013/økonomiplan 2013-2016 Prisoversikt for kostnad på grunninnløysing og skjønnsrett for skulebakken på Lauvstad. Skulebakken på Ulvestad – grunnspørsmål Forvaltningsstyret ber administrasjonen om å setje i gang ein prosess for å finne ei løysing på grunnspørsmålet for skulebakken på Ulvestad, evt. oreigningssak. Årsbudsjett 2016 - pkt. 28 <i>Skulebakken opprusting, flytting av investering frå 2019 til 2016/17</i>	For å få fram ei prisoversikt for kostnaden med grunninnløysing og skjøn må det ligge føre ei oversikt frå kommunalteknisk avdeling eller avdeling for kart, oppmåling og byggesak over kor stort areal det dreiar seg om. Å gjette grunnprisen på Lauvstad er vanskeleg. Eit skjøn kostar rundt kr. 150.000 - 250.000 pr. rettsinstans, avhengig av talet på partar, kompleksitet osv. Tiltaket er delfinansiert i budsjett og økonomiplan. For gjennomføring må prosjektet kalkulerast og fullfinansierast. Sak om godkjenning av avtale var i møtet 4. oktober. Skjøn vert til våren Prosessen med å førebu grunnerverv er starta opp.	Det er lyst ut anbod på prosjektet. Prosjektet vert vesentleg dyrare enn det som er lagt inn i budsjettet, og oppstart er betinga av at tilleggsløysing vert innarbeidd i 2017-budsjettet.	Pågår, blir ståande	Må avvente budsjett for 2017	
44	KST 123/15 KST 17/16	26.12.2015 09.02.2016	Næringsareal på Rotset – Gjennomføring av reguleringsplan – Oreigning <i>1. Med heimel i kap. 16 i Plan- og bygningslova oreignar Volda kommune frå Per Schjelderup, eigar av gnr. 30 bnr. 4, om lag 48 da med påståande bygning, i samsvar med detaljreguleringsplanen for "Øvre Rotset næringsområde", vedteken i kommunestyret i møte 13.11.14, sak 142/14. Eventuelle rettar, avtalar og liknande som måtte kvile på areala nemnt ovanfor vert og oreigna.</i> <i>2. Kommunestyret meiner tvangsinngrepet etter punkt 1 ovanfor tvillaust er meir til gagn enn skade.</i> <i>3. Volda kommune vil søkje fylkesmannen i Møre og Romsdal om løyve til å ta grunnen i bruk før det er halde skjøn.</i> <i>4. Volda kommune krev skjøn.</i> 1. Klage dat. 16.12.15 frå Per Schjelderup v/advokat Knardal på kommunestyret sitt vedtak i sak 123/15 vert ikkje kome i møte, med det kommunestyrt viser til grunngevinga i saksutgreiinga nedanfor. 2. Saka vert sendt Fylkesmannen i Møre og Romsdal til endeleg avgjerd.	Det vart klaga på oreigningsvedtaket, Grunneigar fekk ikkje medhald i klaga. Skjønnsbegjering er sendt frå kommuneadvokaten. Skjønnet vert over jul ein gong. (ikkje fastsett) Skal søkje Fylkesmannen om å ta grunnen i bruk før skjøn er halde		Pågår, blir ståande	Avventar skjøn	
45	FSK 35/15	03.03.15.	Fusjonsplan destinasjonsselskap Visit Sunnmøre & Nordfjord: Formannskapet ber administrasjonen kome med ei sak om eventuell innmelding i destinasjonsselskapet og at det er naturleg at det vert henta inn synspunkt frå Volda næringsforum.	Kommunestyret gjorde slikt vedtak i budsjettsaka 17.12.15: <i>Volda kommune ynskjer, i samarbeid med næringslivet, å prioritere å utvikle Volda som destinasjon og løyver midlar til eit slikt prosjekt tilsvarande kontigenten til DÅS. Som del av dette prosjektet skal eventuell framhalden medlemskap i DÅS vurderast som alternativt verkemiddel og strategi.</i> Administrasjonen har bede Volda Næringsforum ei avklaring på korleis næringsforumet prioriterer, og om dei står fast på at kommunen ikkje skal melde seg inn att i DÅS. Kommunen er utmeld frå DÅS pr. 01.01.2016. Har sak i k.styret 16.06.16 om omdisponering av midlane for 2016 (Jfr. sak 2015/2312)		Pågår, blir ståande	Saknar framdrift i saka. Tidsplan	
46	FSK 93/15	09.06.2015	Kjøp av friluftsområde – Andaneset 1. Formannskapet bed administrasjonen tinge med eigar av gnr. 30 bnr. 18 med sikte på avtale om offentleg erverv av det i kommuneplanen avsette friområdet på Andaneset. 2. Tinging skal skje med atterhald om godkjenning av ev avtale i kommunestyret og godkjent økonomisk dekning. Primært bør det arbeidast for statleg ordning for overtaking av friområde, sekundært kommunal dekning gjennom budsjett og økonomiplan.	Det er gitt tilsagn om midlar til innløysing, og det har vore lagt fram sak om godkjenning av avtale og finansiering av kommunen sin eigenandel til innløysing.		Avslutta, kan fjernast		
	KST 152/15	17.12.2015	Årsbudsjett – pkt. 21. - DÅS	Volda Næringsforum har fått tilsagn om midlane for å utvikle ein			Må settast saman med sak FSK 35/15	

ID	Saksnr	Dato Sak	Adm sine kommentarar	Framdrift/aktivite	Forslag frå nemnd	Drøfting	Frist
47			<i>Volda kommune ynskjer, i samarbeid med næringslivet, å prioritere å utvikle Volda som destinasjon og løyver midlar til eit slikt prosjekt tilsvarande kontigenten til DÅS. Som del av dette prosjektet skal eventuell framhalden medlemskap i DÅS vurderast som alternativt verkemiddel og strategi.</i>	lokal destinasjon. Prosjektet skal evaluerast.		Pågår, blir ståande	

ID	Saksnr	Dato Sak	Adm sine kommentarar	Framdrift/aktivite	Forslag frå nemnd	Drøfting	Frist
48	KST 91/16	28.06.2016	<p>Kommunereforma endeleg vedtak</p> <p>1. Under føresetnad av tilslutning frå Hornindal kommune skal under kulepunkta i avsnitt 2 tilføyast:</p> <p>a. Den samanslåtte Volda og Hornindal kommune vil arbeide aktivt og målretta for å ha best mulig kommunikasjonar over fjorden til bygdelaga på sør og vestsida av Voldsfjorden. Dette for å knyte kommunen i hop på best mulig vis til ei kvar tid.</p> <p>2. Kommunestyret viser til vedteken intensjonsavtale med Hornindal og Stryn, K-sak 71/16. Etter som det ikkje er aktuelt med samanslåing med Stryn, vedtek kommunestyret vedlagt intensjonsavtale med Hornindal, datert 20. juni 2016.</p> <p>3. Volda kommunestyre vedtek å gjere om inkje vedtaket i PS-sak 76/16, pkt 4.</p> <p>4. Under føresetnad av tilsvarande vedtak i Hornindal kommunestyre, vedtek Volda kommunestyre at Volda blir samanslegen med Hornindal kommune.</p> <p>5. Volda kommune vil i samband med kommunereforma stimulere til samarbeid med Ørsta og andre kommunar i regionen for mellom anna å nå miljø- og klimamål, utvikle betre offentlege tenester og stimulere lokal og regional samfunnsutvikling.</p> <p>6. Volda kommune tek vedtaket til Ørsta kommune til vitende, og erkjenner at intensjonsavtalen med Ørsta kommune ikkje lenger er gyldig. Dersom statlig mynde eller Stortinget kjem med andre føringar eller vedtak vil Volda kommune være positive til å starte nye forhandlinger med Ørsta kommune.</p> <p>Forslaga frå Arild Iversen vert å sende over til Fellesnemnda som innspel til det vidare arbeidet.</p>	<p>Det vert lagt fram sak for formannskap og kommunestyre i oktober med sikte på å opprette fellesnemnd for Volda og Hornindal.</p> <p>Det er underliggjande at det politisk vert vurdert om det skal takast nye initiativ overfor Ørsta kommune.</p>		Avslutta, kan fjernast	
49	KST 152/15 KST 11/16 FSK 55/16	17.12.2015 19.01.2016 15.03.2016	<p>Årsbudsjett 2016</p> <p>Pkt. 22 - Kommunestyret ber rådmannen leggje fram sak om organisering av prosessar og mandat for å konkretisere frigjeringsressursar, slik det er skissert behov for i 2017 – 2019.</p> <p>Kommunestyret gir formannskapet fullmakt til å godkjenne prosessen med organisering, mandat og framdriftsplan med grunnlag i saksutgreinga, forslag frå KrF og debatten</p> <p>Val av arbeidsgruppe.</p>	<p>Arbeidsgruppa er nedsett og kome i gang med arbeidet.</p> <p>Kommunestyret har vedteke at prosessnotatet frå arbeidsgruppa vert å legge til grunn for års- og økonomiplanarbeidet</p> <p>Det er innhenta KOSTRA-analyse frå KS Agenda.</p>		Avslutta, kan fjernast	
50	KST 152/15	17.12.2015	<p>Årsbudsjett 2016</p> <p>Pkt. 31 Driftstyret ber kommunestyret løyve kr. 20.000, til Ørsta-Volda ballettskule sine framsyningar våren og hausten 2016. Driftstyret ber formannskapet finne løyvingar til dette. Viser til punkt 2.10 i årsbudsjettet 2016, næringsutvikling.</p>	<p>Dette er eit verbalvedtak som ev vert å materialisere i seinare budsjett og økonomiplan.</p>	Vert å vurdere for 2017	Pågår, blir ståande	Avventar budsjettbehandling 2017
51	KST 152/15	17.12.2015	<p>Årsbudsjett 2016</p> <p>Pkt. 34</p> <p>a) Innføring av eigeomsskatt i Volda vart gjort gjennom vedtak i kommunestyret 29/8.2013, sak PS 112/13. I pkt 3 i dette vedtaket heiter det: "Ein føreset at det vert sett i verk tiltak i kommunen som bringer økonomien i balanse utan eigeomsskatt slik at eigeomsskatten vert søkt avvika i år 2019."</p> <p>Det er Volda kommunestyre sin intensjon at økonomistyringa i kommunen vert slik som føresett i nemnde vedtak.</p> <p>b) Volda kommunestyre ser det slik at innkome frå eigeomsskatt bør nyttast til investeringstiltak som kommunen ellers ikkje hadde funne plass til, om ein ikkje hadde denne skatten.</p>	<p>Det vert synt til økonomiprosessen i 2016 og kommunestyret sitt vedtak om føringar og prinsipp for komande budsjett- og økonomiplan, jfr K-sak 107/16.</p>		Pågår, blir ståande	Avventar budsjettbehandling 2017

ID	Saksnr	Dato	Sak	Adm sine kommentarar	Framdrift/aktivite	Forslag frå nemnd	Drøfting	Frist
52	Drift 26/16	11.05.2016	Notat politisk organisering driftsstyret Driftsstyret ser på det som positiv med ei deling av driftsstyret. Dette for å sikre involverte politikarar med god kjennskap til avdelingane. Målet er at politikarane ikkje lenger berre skal gjere vedtak i ferdig utforma saker, men delta aktivt i utforminga av drifta i Volda. Driftsstyret oppfordrar formannskapet til å initiere ein prosess med mål å gjere ei deling av oppgåvene driftsstyret har i dag. Mellom anna at gjeldande punkt vert gjenstand for diskusjon i denne prosessen. 1: Driftsstyret vert delt i 2 fagstyre; Styre for kultur og oppvekst og styre for helse og omsorg 2: Kwart av styra skal ha minst 7 medlemmar med tilhøyrande vara 3: Oppvekstsjefen og helse- og omsorgssjefen skal som hovudregel møte i møta til dei nye styra 4: Styra skal brukast aktivt som rådgjevande organ i saker som gjeld dei respektive fagområda 5: Dei nye styra trer i kraft frå januar 2017 6: Dei nye styra har like innstillingsrettar som det driftsstyret har i dag				Avventar slutføring etter nyttår	
	KST 95/16	25.08.2016	1. Kommunestyret vedtek å dele Driftsstyret i to tenesteutval: a. Tenesteutval for helse- og omsorg (THO) b. Tenesteutval for barn og kultur (TOK) Utvala skal ha sju medlemmer pluss varamedlemmer I tillegg får Forvaltningsstyret endra si nemning til Forvaltningsutval. Endringa skjer frå 01.01.2017 2. Sak om endring av reglement og delegering som fylgje av vedtaket vert å legge fram for kommunestyret i løpet av hausten.	Det er gjort vedtak. Medlemmer må velgast og sak om fullmakt og delegering må fremjast. Administrasjonen er pressa, og det kan hende at dette må utsetjast til etter nyttår.			Pågår, blir ståande	
	KST 96/16	25.08.2016	Strategiske grep for å hindre svart økonomi ved innkjøp Kommunestyret ber administrasjonen legge fram forslag til konkrete strategiske grep der ein nyttar innkjøp som verkemiddel for å medverke til berekraftig miljøutvikling. Dette bør sjåast i samanheng med komande handlingsplanperiode 2017-2020 for kommunen sin klimaplan.	Vedtaket er gjort og oversendt Einingane og innkjøpssamarbeid				
53	KST 82/16	16.06.2016	”Destinasjon Volda” 1. Volda kommunestyre godkjenner at avsette midlar for 2016, kr. 253.000,- til reiselivsutvikling vert overført Volda Næringsforum. Midlane skal øymerkast til bruk i prosjektet og utviklingsarbeidet “destinasjon Volda”, og vert organisert av Volda Næringsforum. Midlane skal inn til vidare nyttast med særleg utgangspunkt i utvikling av reiselivet i heile kommunen. Ein føreset difor at det vert styrt av ei prosjektgruppe som vert oppretta og slik samansett: 2 representantar frå Volda Næringsforum, 2 frå Volda Reiselivslag og 2 frå Volda kommune. 2. Kommunestyret ber om rapportering i årsrapport og ein prosjektrapport innan 1.juli 2017 i samsvar rådmannen sin konklusjon i denne saka. 3. Kommunestyret vil vurdere effekten av måloppnåing og resultat opp mot kor vidt det skal løyvast midlar vidare. Dette vil kommunestyret kome attende til i samband med budsjettet for 2018.	Prosjektet er sett i verk. Formannskapet har oppnemnd kommunen sine medlemmer i nemnda. Saka vil bli fulgt opp av administrasjonen			Avventar prosjektrapport 1.juli 2017	
	FSK 148/16	06.09.2016	Volda formannskap syner til pkt. 2 i sak PS 82/16 og vel 1. Fride Sortehaug vara: Odd Harald Sundal 2. Anders Egil Straume				Pågår, blir ståande	

ID	Saksnr	Dato	Sak	Adm sine kommentarar	Framdrift/aktivitet	Forslag frå nemnd	Drøfting	Frist
			<i>som kommunen sine representantar i prosjektgrupp.</i>					

ID	Saksnr	Dato	Sak	Adm sine kommentarar	Framdrift/aktivite	Forslag frå nemnd	Drøfting	Frist
54	KST 152/15 KST 36/16	17.12.2015 31.03.2016	Årsbudsjett 2016 Pkt. 29 Kommunestyret ber om at det blir gjenoppretta stilling som valdskordinator i 20 % stilling. Kommunestyret bed om at valdskordinator i 20 % stilling vert å innarbeide i samband med komande budsjett- og økonomiplanhandsaming.	Saka lagt fram for kommunestyret, som ber om at valdskordinator i 20 % stilling vert inarbeidd i samband med komande budsjett- og økonomiplanhandsaming.	Dette må vurderast i samband med handsaming av budsjett og økonomiplan.	Pågår, blir ståande	Avventar budsjettbehandling 2017	
55	KST 152/15 KST 85/15	17.12.2015 16.06.2016	Årsbudsjett 2016 Pkt 38 Administrasjonen skal innan 1.6.2016 legge fram ei sak med framlegg til tiltak for å betre resultat i basisfaga, norsk, matematikk og engelsk på ungdomsskuletrinnet Framlegg til tiltak for å betre resultat i norsk, matematikk og engelsk på ungdomsskulesteget vert teken til vitende.	Dette punktet vart handsama i samband med tilstandsrapporten for grunnskulen som vart lagt fram for kommunestyret seinast i juni 2016.		Avslutta, kan fjernast		
56	KST 9/16	19.01.2016	Flytting av ungdomssteget ved Austefjord skule - iverksetjing av vedtak 2) kommunestyret ber administrasjonen utgreie fullstendige kostnader med egne tilbringarruter frå Høydalen, Osdalen og direkte rute til og frå ungdomsskulen forkant av ny handsaming 3) kommunestyret ber administrasjonen gå i nye forhandlingar med fylket om ein betra skuleskyss for Austefjordelevane 4) Kommunestyret bed administrasjonen jobbe vidare med ei avklaring frå Ørsta med tanke på Bjørkelevane. 5) det skal setjast ned ei arbeidsgruppe som jobbar i lag for å få til ei best mogleg og langsiktig løysing for ungdomsskulelevane frå Austefjorden. Gruppen skal bestå av ein frå administrasjonen, ein foreldrerepresentant og ein politikarrepresentant. Administrasjonen kallar inn til fyste møte.	Dersom ikkje den økonomiske situasjonen tilseier at ein må forsere dette, så vil arbeidet med vedtaket normalt starte opp når ein kjem nærare budsjetthandsaminga for 2020.		Avslutta, kan fjernast		
57	Drift 10/16	10.02.2016	1. Driftsstyret ber administrasjonen legge til rette for at alle tilsette i sektor for opplæring og oppvekst får høve til å nytte arbeidsheftet til å kome med innspel i det vidare arbeidet med oppvekstplanen. 2. Driftsstyret vil kome med skriftleg tilbakemelding på arbeidsheftet til oppvekstsjefen innan 15. april 2016. 3. Registrering av korleis born beveger seg i relasjon til skule- og fritidsaktivitetar i Volda sentrum, kalla Barnetråkk, vert ikkje ein del av oppvekstplanen. Driftsstyret føreset at slik registrering vert gjort i samband med kommuneplanen sin arealdel når kommunen er Feide-godkjent. 4. Driftsstyret føreset at andre aktuelle instansar vert tatt med i arbeidet med oppvekstplanen i ein høyringsprosess.	Vedtaka er gjennomført. Utkast til kvalitetsplan vert etter planen lagt fram i desember		Avslutta, kan fjernast		

Avslutta, kan fjernast	17	30%
Gjerast om inkje, fjernast	2	4%
Pågår, blir ståande	38	67%
	57	



NOTAT

Politisk arbeidsnemnd

Sak: Vedtaksoppfølging - samlesak

Arkivsak nr.	Løpenr.	Arkivkode	Avd/Sakshandsamar	Dato
2012/1172	14993/2016	047	ADM/RUNSJU	23.12.2016

VEDTAKSLOGG

Det vert synt til kommunestyret sitt vedtak 27.10.16:

«Kommunestyret ber formannskapet oppnemne ei nemnd til å gå gjennom "vedtaksloggen" slik den no ligg fore. Nemnda skal ta vekk alle "uaktuelle" prosjekt frå vedtaksloggen, og legge denne fram for kommunestyret til orientering og godkjenning. Den nye ajourførte vedtaksloggen skal kunne handsamast i kommunestyret i mote den 15. desember 2016»

Formannskapet oppnemnde 02.11.16 nemnd til å ajourføre vedtaksloggen.

Eg syner til notat og forslag til endringar frå nemnda, motteke 01.12.16. Nemnda har bedt om attendemelding frå administrasjonen før nemnda avlegg endeleg innstilling. På grunn av stor arbeidsmengde har ikkje administrasjonen fått sett på dette før den 20.12.16. Da vart dette teke opp og gjennomgått i rådmannen sitt leiarteam. I kommunestyret den 15.12.16 vart det informert om behov vor litt meir tid, og at kommunestyret får saka etter nyttår.

Rådmannen registrerer at nemnda har gjort eit grundig arbeid og at det er tenkt ein god arbeidsmetodikk for denne rutinen framover.

Vedtakslogg er eit godt system for å ha oversikt over politiske vedtak og oppfølginga av desse. Nokre vedtak inneber meir omfattande prosessar og som kan involvere fleire aktørar. Dette kan gjere det utfordrande å setje klare fristar for slutføring. Føresetnadene kan endre seg, og framdrifta hos andre aktørar kan vere styrt av andre prioriteringar. Rådmannen meiner at fristar vil gi fokus på framdrift, men vil presisere at ein må sjå loggen som eit levande dokument der ajourføring av fristar må sjåast i samanheng med endring i føresetnader og kva som vil vere realistisk framdrift.

Budsjettet for 2017 er no vedteke, slik at enkelte forhold no kan avklarast også med tanke på aktualiteten til enkelte vedtak/saker i loggen.

Rådmannen vil kome nærare inn på fleire av vedtaka og gi råd om korleis dei bør handterast i ajourføringa. Først vil eg kome med nokre synspunkt ut frå eit meir overordna perspektiv. Det eine er ei oppmoding til kommunestyret om å ha ei kritisk prioritering av utgreiingsarbeid, slik at dei administrative ressursane vert nytta i tråd med dei overordna prioriteringane, jfr kommunestyret sine føringar og strategiar i kommuneplan og økonomiplan/budsjett. Arbeidet

med kommunesamanslåing startar for fullt i 2017. Dette vil binde opp store ressursar i administrasjonen. Store delar av administrasjonen vert involvert i prosjektarbeidet. I første omgang handlar dette om arbeidsgrupper som skal kartleggje infrastruktur, utstyr, korleis ting er organisert og fungerer i dag mv. I neste omgang vert organisasjonen også sterkt involvert i innovasjon og prosessar for korleis ting skal verte i den nye kommunen. Dette gjer at administrasjonen vil ha avgrensa ressursar til større utgreiingar. Rådmannen ser ikkje bort frå at oppgåver må utsetjast for å prioritere arbeidet med kommunesamanslåinga. Ajourføringa av vedtaksloggen og forventingar til framdrift i enkelte saker bør sjåast i lys av dette.

